


# Årsrapport 2016

Årsmelding og rekneskap





# Årshjulet 2016 - Luster kommune



Teiknforklaring - Raud og Blå aktivitet styringsdialog	Teiknforklaring - Grøn aktivitet medarbeidar- og brukardialog
TP - Tenesteplan	LD - Leiardialog
B - Budsjett	BU-BH - Brukarundersøking barnehage
ØP - Økonomiplan	BU-S - Brukarundersøking Skule
PP - Planleggingsprogram	BD - Brukardialog
R- Rekneskap	MS - Medarbeidarsamtale anna kvart år (2015 og 2017)
A - Årsmelding	VR - Vernerunde
T1 - Tertialrapport 1. tertial	IS - Introduksjonsseminar nye medarbeidarar
T2 - Tertialrapport 2. tertial	MU - Medarbeidarundersøking anna kvart år (2016 og 2018)
K - Kostra rapportering	(MU 2016 vart flytta til jan 2017)

Innhaldsliste:	Side	Oppvekst	25
Føreord	1	Helse	36
Folketal og sysselsetjing	4	Pleie og omsorg	41
Interkommunalt samarbeid	6	Sosial	47
Investeringar og nyanlegg	10	Tekniske tenester	52
ATS	14	Næringsutvikling og naturforvaltning	59
Kommunen som verksemd	16	Kultur	68
Folkevalde	20	Rekneskapen 2016	74
Administrasjon	22	Revisjonsmelding	92

# Innleiing og samandrag



Jarle Skartun

## Årsrapport 2016:

*Rådmannen i Luster legg med dette fram årsrapport med rekneskap og årsmelding for 2016, som eit samla dokument. Dokumentet er etter mal av tidlegare år. Rapporten skal gi opplysningar om forhold som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling og resultat.*

*Årsrekneskapen skal*

*omfatte alle økonomiske midlar som vert disponert, og bruk av midlane.*

*Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen, etter tilråding frå formannskapet. Vedtaket skal syne disponering av rekneskapsmessig resultat.*

*Det er krav om rapportering av forhold av vesentlig verdi for kommunen, omtale av tiltak for å sikre høg etisk standard – og arbeid for å fremje miljø og likestilling på alle område i kommunen.*

*Kommunelova sitt rapporteringskrav går fram av § 48. Slik rådmannen ser det vert desse lovkrava stetta i dette fellesdokumentet.*

## Samandrag

Rådmann har oppsummert 2016 med slik overskrift: «Gode rekneskapstal i Luster kommune 2016, men.....». Bakgrunn for ei slik formulering er at tala ser bra ut, men bak tala er her forklaringar som modererer dei gode tala og syner utfordringar som vert krevjande.

### Økonomisk resultat

Kommunerekneskapen i Luster syner eit netto driftsresultat på 19,7 million kroner. Det er 3,8 % av driftsinntektene og isolert sett eit godt resultat.

Brutto driftsresultat, skilnaden mellom driftsinntektene og driftsutgiftene, er i overkant av 7 million kroner. Hovudsakleg grunna meir tilbakebetaling til og mindre utlån frå nærings-fondet enn budsjett så aukar dette til netto driftsresultat på 19,7.

Nettoresultat blir ofte brukt som måltal for den økonomiske drifta i ein kommune, men bør ikkje brukast i ein kommune som Luster utan merknad omkring resultat av næringsarbeidet/ næringsfondet.

Av dette gode nettoresultat, vert gevinst næring avsett til bundne fond og inngår ikkje i rekneskapsmessig mindreforbruk.

Når finans og avsetjingar er gjort opp så syner rekneskapen for 2016 eit mindreforbruk på 7,4 mill. kr.(overskot)

Dette resultatet er 1,2 million dårlegare enn 2015 og reelt sett enno noko svakare då det før rekning av resultatet i fjor var avsett fond til flyktningearbeid. Dette er ikkje gjort i årets resultat, då regleverket ikkje gir høve til det.

### Andre viktige økonomiske område.

Næringsaktiviteten er omtalt og heilt spesiell for 2016. Verdiauken på aksjefonda var i 2016 2,5 mill kr, det er i samsvar med regulert budsjett, mot 9,1 mill kr i 2015. Konesjonskraftsalet gav gevinst i 2016 på 6,3 mill kr , det er 2.7 mill kr. betre enn reg. budsjett og skuldast auka kraftprisar på slutten av året.

Kommunen har hatt to bufferfond som skal balansere inntektene frå konesjonskraftsal og verdiendring frå kommunen sine plasseringar i aksjefond, i høve budsjett. Eige bufferfond for konesjonskraftsal blei «oppbrukt» i 2015, medan felles bufferfond ved utgangen av 2016 er på 11,2 mill kr, etter at 4 mill er nytta i 2016.

Skatteinntektene er nær på 3,5 million meir enn budsjettet.

Tenesteområda/rammeområda, om ein ser vekk frå næring, har samla sett eit mindreforbruk i høve regulert budsjett på om lag same beløpet, 3,4 million kroner. Lågare avrekning pensjon og meir statstilskot i både flyktningtenesta og omsorgstenesta enn det som var budsjettet bidreg til dette plusstalet.

Det rekneskapsmessige mindreforbruket blir etter dette bra, men det er verdt å merke seg at mange kommunar i 2016 har eit vesentleg betre resultat, i stor grad grunna auka skatteinntekter, skattevekst som er høgare enn for Luster.

Utgifter og inntekter i driftsrekneskapen syner rimeleg bra samsvar med det som var budsjettet og planlagt.

Omsorgs- og sosialtenesta har gode rekneskapstal der det er bra kostnadskontroll og meirinntekter frå statstilskot som er positive i høve budsjett.

Kulturområdet har og god margin til budsjettet, der mindreforbruk til kulturskule er den største posten. Barnehageområde har meirforbruk grunna press på lønsområde og mindre inntekter enn lagt til grunn. Barnevernet har og meirforbruk i høve budsjett.

På administrasjon er det lågare pensjonskostnader og ufordelt tilleggsøyving som gir eit større avvik.

Investeringane i 2016 er om lag som budsjettet der utbygging av Hafslo barne og ungdomskule, renovering av Rådhuset og tilrettelegging for bustadbygging er dei store tiltaka.

Finansiering av investeringane avvik imidlertid frå plan. Me har siste åra opparbeidd mange bustadtomtar der planane er at salsinntektene skal vere med å finansiere større delar av utbyggingane. Sal av bustadtomtar har i 2016 ikkje svart til forventningane. Kun 2-3 tomtar har gitt salsinntekter i 2016, men om lag 10 er reservert og vil gi inntekter når dei vert bebygde. Kommunen

Nokre nøkkeltal	2013	2014	2015	2016
Investeringsutgifter. (inkl.mva)	49 165	64 118	92 836	75 598
Herav dekkja av lån	35 292	42 169	49 497	65 721
Avdragsutgifter (mill kr)	22 676	24 512	22 607	23 602
Renteutgifter (mill kr)	11 948	11 453	10 668	9 522
Rente-utbytteinntekter (mill kr)*	18373	15 734	15 871	8 731
Lånegjeld (mill kr)*	353 893	378 607	410 443	444 745
Lånegjeld VA		43 400	47 500	50 704

Lånegjeld Gullringen 115 mill. kr. er innbetalt i 2016.

har og finansiert manglande refusjon av mva til Lustrabadet med lån, jf tingrettsak. Lånefinansieringa i investeringsrekneskapen er derfor vesentleg høgare enn planlagt.

Nærare forklaring omkring det økonomisk resultatet syner såleis ein svekka økonomisk stilling. Det same gjer budsjettarbeidet for 2017 der det er avklart at både kraftinntekter ved eigedomsskatt går ned og me taper på det reviderte inntektssystemet.

### Meir om årsmelding for 2016

Årshjulsarbeidet er godt innarbeidd og fungerer tilfredstillande, med oppfølging av felles oppgåver i styrings-, medarbeider- og brukar-dialogen.

Samtidig er det viktig å få fokus på dei ulike tiltaka og i den samanheng er det drøfta frekvensar og oppfølging av ulike tiltak. Medarbeidersamtalar kvart år har vore prøvd ei tid, men erfaringa er at dette er tidkrevjande og er i 2016 justert til annakvart år med mål om at dette skal gi fokus og betre rom for oppfølging. Planlagt medarbeiderundersøking på slutten av 2016 vart flytta over årsskiftet, jf at KS kom med eit nytt opplegg, 10-faktor, som me ynskte å ta i bruk. Denne vil så bli følgt opp med medarbeidersamtalar og tiltak.

Når det gjeld styringsmål og dei meir langsiktige målsetjingane, handlingsplan i lys av kommuneplanen sin samfunnsdel, så er det område som ikkje har vorte prioritert i 2016. I lys av revisjon av KPS vil dette bli aktualisert i 2017.

Tenestepanararbeidet med dialogen mellom einingane og overordna leiing har heller ikkje hatt tilstrekkeleg fokus og oppfølging i 2016 og bør betrast i 2017.

Gjennomgåande har kommunen høgt tenestnivå og leverar gode tenester, investeringsnivået er høgt og me driv aktivt utviklingsarbeid av tenester, næring og lokalsamfunn.

Omstillingsarbeid i omsorgstenesta har vore ei stor sak i 2016. Først arbeidet med tilråding og politisk handsaming og deretter planlegging og førebuaende arbeid for den nye tenesta; i større grad heimetenestebasert, noko meir samlokalisering av like tilbod, større integrasjon mellom «inne og ute» og satsing på velferdsteknologi.

Dei interkommunale tilboda og tenestene haustar både «storm og stille». Sogn PPT har lagt bak seg det første året og er kome godt i gjenge, Simas og SBR leverar som føreset.

Det har vore svært krevjande tider i Sogn Barnevern

og kommunestyret i Luster har stilt seg kritisk til Sogn Kulturskule sin aktivitet for elevar frå Luster. For desse tenestene er det sett i gang tiltaksplanar for betring.

### Utvikling

Etter ein mindre nedgang i folketalet i 2015 til 5093 så auka folketalet igjen i 2016 til 5151. Lågt fødselstal med 43 fødde, men positiv flyttebalanse med 58.

Kommune har framleis stort engasjement i næringsutvikling. 30 saker i næringsutvalet er nokre fleire enn i 2015. Det er utbetalt 3,2 million kroner i nye næringslån, med stor andel til bruksutbygging i landbruket. Det har og vore nokre krevjande nærings saker i 2016. Refinansiering av Tørviss er ikkje kome på plass og står no framføre ev konkurshandsaming.

Næringsarealet på Galdetoppen var ferdig opparbeidd i 2015 og det først anlegget Eik Maskin/Hauge traktor er på plass. Arbeidet med å få dekkja heile kommunen med breidband/fiber held fram. Det har vore ein god sesong for reiselivet i kommunen.

Sogn skisenter og Lustrabadet har hatt ei positiv utvikling og er gode tilbod og besøksattraksjonar i kommunen. For Sogn Skisenter er ny reguleringsplan for vidare utvikling under arbeid.

Over fleire år er det arbeidd aktivt med å tilretteleggja for ny bustadbygging i alle delar av kommunen og tilgangen på byggjeklare tomter er god.

2016 er vidare prega av at det er reformtider i offentleg forvaltning. Sjølv om Luster kommune har teke ei tydeleg avgjerd om å fortsetja som eigen kommune så merkar ein likevel konsekvensar av reformer. Inntektssystemet er endra i klar disfavour av Luster, samarbeids-ordningar er /vert sett på prøve og endringar på andre område som til dømes at lensmanns-kontoret vert lagt ned er like om hjørna.

### Andre større saker

Rådmannen og administrasjonen sitt arbeid har i 2016 vore prega av å følgje opp kommunestyrevedtak frå 2014-15, budsjettvedtaket frå des-15 og leggje fram nye saker. Frå arbeidet i 2016 vil rådmannen særleg nemna:

- Opplæring/informasjon og temaprogram for kommunestyret gjennom året.
- Årshjulsaktivitetar og prosessar; Årsrapport og rekneskap 2015. Budsjettoppfølging, T1 og T2 m/ regulering av budsjett og investeringsplan. Budsjett, økonomiplan og planleggingsprogram for 2017-20.

- Utvikling og omstillingsarbeid; Tenestetilbudet i framtidig pleie og omsorgsteneste, og justering av administrativ organisering.
- Nyordning råd og utval med nye vedtekter.
- Utarbeiding og handsaming av ruspolitisk plan.
- Busetjing av flyktningar og opplegg for norskopplæring.
- Ny kommunelov og nytt inntektssystem.
- Grunnlag, retningslinjer for handsaming av nærings saker og enkeltsaker for nærings- og landbruksutvikling.
- Kulturskuletilbudet.
- Kommunal planstrategi.
- Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon økonomi og prosjektstyring
- Tilstandsrapport grunnskule, Ev samanslåing av Gaupne skule og Luster ungdomsskule, nytt Skuleskysreglement.
- Regionreform og nærpolitireform
- Handlingsprogram for anlegg idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.
- Utviding av eiedomskatteordninga.
- Interkommunal legevakt
- Reguleringsplanarbeid godkjenning av Øyagata og Gaupnegrandane, fleire større planar under arbeid.
- Renovasjon og slamforskrift for Simas-området.
- Folkehelseoversikt.
- Verdsarvarbeidet Urnes

Dei fleste sakene er nærare omtalte i årsrapporten.

Med utgangspunkt i *Strategi for rekruttering og kompetanseutvikling* og årleg tiltaksplan vert det prioritert og arbeidd med dokumenterte bemanningsbehov i organisasjonen.

Likestillingsarbeidet har merksemd. Avtaleverket vert fylgt opp slik at lønspolitikken ivaretek og fremjer likestilling. Rekruttering av kvinnelege leiarar, betre kjønnsbalanse mellom leiarar innan tenesteområde og i nokre yrkesgrupper treng fokus.

Me har eit planmessig arbeid for å redusere uønska deltid.

Kvalitetssystemet LKK sikrar at HMT- og kvalitetsarbeidet er på plass i eit samla og tilgjengeleg system. Det er og i dette systemet reglement, retningslinjer og prosedyrar som skal sikre høg etisk standard. Det vart i 2015 vedteke etiske retningslinjer for tilsette og politikarar og ny varslarordning. Det er lagt til rette tiltak for opplæring, andre tiltak og sjekklister som sikrar gode habilitetsvurderingar og god etisk standard i forvaltning og anna kommunalt arbeid.

Frå 2015 er det etablert prosjektarbeid for å prioritere og samordna vidare digitalisering. På nær sagt alle område er det vidare utvikling innan IKT.

Oppgradering av sak arkiv systemet med overgang til fullelektronisk arkiv var eit omfattande arbeid gjennom 2015 med oppstart og overgang til ESA frå jan.-16. Nettopp digital post og elektronisk kommunikasjon er sentral oppfølging.

### Måloppnåing - Kommunale styringsmål

Gjennom årsrapporten prøver me å gi eit bilde av utvikling og resultat på viktige område.

På dei ulike tenesteområda finn ein meir detaljerte vurderingar.

Oppsummering i tabellform slik;

Tenesteområde/styringsmål	Nådde vi måla i 2016 ?		
	Ikke heilt	Så godt som	Og vel så det
Økonomisk resultat-god økonomi		X	
Brutto driftsresultat,samla	X		
Brutto driftsresultat; Barnehage, Barnevern, Tekn.drift,.	X		
Brutto driftsresultat; Politisk, Adm. Tekn.forvalt., Brann, VAR, Kyrkje. Grunnskule Næring/naturforvaltning Kommnehelse		X	
Brutto driftsresultat; Sosial, Pleie og omsorg, Kultur			X
Netto driftsresultat/mindreforbruk	X		
Budsjettkontroll-investeringar		X	
Sakshandsamingstider		X	
Innføring av ESA		X	
Klagesaker i forvaltninga m/omgjering			X
Tenesteplanarbeidet	X		
Overtid, ekstrahjelp, vikarbruk	X		
Tilsette – sjukefråvær			X
Sjukeheimstenesta - sjukefråvær			X
Sjukefråvær - grunnskule			X
Omstillingsarbeidet Pleie og omsorg			X
Barnehage, brukarus		X	
Grunnskulepoeng	X		
Grunnsk., trivsel og motivasjon 7/10.kl.	X		
Grunnskulen, eksamen (10 kl)		X	
Bibliotek/oppvekst bibliotek			X
Bustadsosialt arbeid			X

Tabellen tek utgangspunkt i målingar, rangering av andre og rådmann sine skjønsmessige vurderingar m/markeringar inn mot område der me kan ha forbettringsområde.


### Temasider

I årets rapport er det som tidlegare teke inn temasider om; folketal og sysselsetting, interkommunalt samarbeid og kommunen som verksemd. I tillegg er det ein nærare presentasjon av ATS og nærare omtale av dei større investeringstiltaka.

Det er rådmann si vurdering at me kan oppsummera om lag som føregåande år;

«Det er gjort mykje godt arbeid i 2016, det er god måloppnåing i høve budsjett, god innsats av medarbeidarane og greie styringssignal frå politisk overordna i 2016.»

Gaupne, mars 2017



Jarle Skartun  
rådmann

## Folketal og sysselsetjing

### Folketalsutviklinga

Folketalet i Luster kommune gjekk opp med 58 personar i 2016. I 2016 flytta 214 personar til Luster kommune, medan 155 personar flytta ut. Det var 43 fødslar i Luster dette året, medan 44 personar døydde.

Statistisk Sentralbyrå sin statistikk syner slik utvikling av folketalet i Luster:

Årstal/dato	Innbyggjarar
01.01.08	4870
01.01.09	4879
01.01.10	4945
01.01.11	5023
01.01.12	5026
01.01.13	5041
01.01.14	5089
01.01.15	5118
01.01.16	5093
01.01.17	5151

I Luster slik som i andre kommunar i Noreg, har talet på utlendingar vakse. I år 2000 budde det i Luster kommune 65 innflyttarar frå Europa, 6 frå Afrika, 11 frå Asia og 6 frå Nord-Amerika. I 2015 budde det 258 personar frå Europa, 44 frå Afrika, 15 frå Asia og 7 frå Amerika.

I Luster kommune bur det 1,8 personar pr km<sup>2</sup>, medan talet for landet er 15,1.

Folkemengde 1. januar, aldersfordelt				
Luster	2014	2015	2016	2017
	Personar	Personar	Personar	Personar
0 år	60	72	53	44
1-5 år	297	283	297	294
6-12 år	458	476	467	467
13-15 år	208	205	195	197
16-19 år	291	286	278	266
20-44 år	1463	1480	1464	1492
45-66 år	1451	1428	1433	1465
67-79 år	533	557	584	596
80-89 år	247	248	235	240
90 år eller eldre	81	83	87	90
<b>Sum</b>	<b>5089</b>	<b>5118</b>	<b>5093</b>	<b>5151</b>

### Folketal – skulekrinsar

	2007	2016	2017
Skjolden	443	418	431
Dale	498	503	501
Gaupne	1331	1521	1550
Jostedal	426	392	384
Indre Hafslo	515	515	517
Hafslo	1265	1374	1403
Solvorn	257	251	241
Veitastrond	131	111	113
Ikkje oppgjevne		8	10

### Sysselsetjinga


Dei siste åra har talet ledige i Luster vore 1,3%, dvs. vel 40 personar.

### Arbeidsmarknaden


I år 2000 arbeidde 342 lustringar i Sogndal, 73 på Leikanger. I 2015 var det 500 lustringar som arbeidde i Sogndal og 109 i Leikanger.

Arbeidsstyrken går også andre vegen. 99 personar frå Sogndal arbeidde i Luster i år 2000. I 2015 var det 148 personar frå Sogndal som arbeidde i Luster.

Folketal etter alder i kommunen



## Folketalsutvikling per kommune frå 1. januar 2007 til 1. januar 2017. Prosent



**Syssette etter næring i Luster kommune.** \*Tala for 2015 og seinare er ikkje samanliknbare med tidlagare år, pga. nye datakelder i SSB sin syssetsetjingsstatistikk. Kjelde: SSB tabell 07979

År	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
00 Uoppgitt	7	10	16	9	16	12	13	13
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	302	306	296	293	236	265	257	212
05-09 Bergverksdrift og utvinning	0	0	0	0	1	1	1	1
10-33 Industri	129	124	126	127	248	254	284	270
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	83	86	88	85	87	85	87	86
41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet	168	147	155	162	178	176	166	172
45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner	209	187	196	216	204	211	205	171
49-53 Transport og lagring	70	68	61	66	59	69	69	60
55-56 Overnattings- og serveringsvirksomhet	58	55	65	59	49	71	76	79
58-63 Informasjon og kommunikasjon	101	91	97	101	1	3	4	6
64-66 Finansiering og forsikring	27	29	30	32	28	26	26	25
68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	50	51	37	39	39	37	39	38
77-82 Forretningsmessig tjenesteyting	73	74	68	65	66	59	69	63
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	74	75	74	66	69	76	74	70
85 Undervisning	178	197	195	213	205	205	172	187
86-88 Helse- og sosialtjenester	411	430	434	416	464	461	470	469
90-99 Personlig tjenesteyting	53	48	44	39	53	64	54	65

### Fødde/døde i Luster

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Fødde	50	54	66	47	46	53	57	62	70	52	43
Døde	54	47	46	59	42	54	67	50	41	49	44
Fødselsoverskot	- 4	+ 7	+ 20	- 12	+ 4	- 1	- 10	+ 12	+ 29	+ 3	- 1

### Flyttetall for Luster

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Innflytting	147	106	106	182	184	134	232	222	197	173	214
Utflytting	148	128	117	103	117	129	207	186	197	199	155
Nettoinnflytting	- 1	- 22	- 11	+ 79	+ 67	+ 5	+ 25	+ 36	0	- 26	+ 59

# Interkommunalt samarbeid

Luster kommune samarbeider med andre kommunar både nasjonalt, regionalt og lokalt.

*Kommunen sin "policy" når det gjeld interkommunalt samarbeid har vore og er at vi skal utvikle og drive kjerneområda barnehage, grunnskule, pleie/omsorg og vitale helsetenester sjølv, medan vi på andre område skal vere opne for å gå inn i gode samarbeidsløysingar.*

## Nasjonalt nivå

På nasjonalt nivå er Luster tilslutta KS (tidl. Kommunenes Sentralforbund), Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK), Landssamanslutninga for nynorskkommunar (LNK) og Norske utmarkskommunar (USS). Kommunen har og medl./samarbeidsavtale med Norsk kulturarv.

## Fylkesnivået

Luster kommune deltek i KS-samarbeidet i fylket. Luster samarbeider med alle kommunane i fylket om felles innkjøpsavtaler (SFFI). Ordninga vert administrert av fylkeskommunen. Regelverk for offentlege innkjøp legg strenge føringar på anbuds- og/eller anna form for konkurranseutsetting og det ligg gevinstar i opplegg for gjennomføring og prisnivå i denne modellen. Luster var i 2016 deltakar i meir enn 20 avtalar innretta mot ulike vare- og tenestegrupper. E-handel i regi av innkjøpsamarbeidet er og vert no rulla ut for fullt.

Luster kommune og nesten alle kommunane i fylket samarbeider også med fylkeskommunen om ei felles arkivteneste. Hovudfokuset er å ta vare på eldre arkivmateriale.

Luster kommune er med i Alarmsentralen IKS, lokalisert i Florø, for overvåking av brann-beredskapen. Dei fleste kommunane, deriblant Luster, nyttar seg også av tilbodet om overvåking av tryggleiks-alarmer. Det er no politisk avtale om statleggjering og flytting/ sam-lokalisering av 110-sentralen med politiet sin operasjonssentral. Korleis og når dette skjer er uavklara.

Kommunane fekk frå 2010 eit lovpålagt ansvar for å yte tenester til kvinner, menn og barn i krise. Luster kommune har slutta seg til eit fylkesdekkande tilbod basert på tenestekjøp frå Flora kommune.

Luster kommune slutta seg i 2013 til eit fylkesdekkande tilbod for oppfølging av vald i nære relasjonar og strakshjelp etter seksuelle overgrep i regi av legevakttilbodet i Sunnfjord.

Frå 2016 er oppgåva, strakshjelp etter seksuelle overgrep, ført tilbake til Helsefortaka. Kommunane vil framleis ha ansvar for oppgåva med oppfølging av vald i nære relasjonar. Luster kommune kjøper tenesta hjå legevakttilbodet i Sunnfjord.

## Sogn regionråd

Sogn regionråd er samarbeidsorgan i indre og midtre Sogn m/ 9 kommunar som medlemmer. Sogn regionråd er eit interkommunalt samarbeid med heimel i § 27 i kommunelova. Sekretariatet er lagt til Sogndal kommune m/kjøp av teneste. Karina Nerland er dagleg leiar. Ordførarane er medlemmer i rådet. Ordførar i Høyanger, Petter Sortland, har vore leiar i rådet i 2016. Det regionale samarbeidet er tufta på ein del utvalde satsingsområde, nedfelte i regionalplanen som er fornya i løpet av 2016 med vedtak i kommunestyra og regionrådet på nyåret i 2017.

Satsingsområda er næringsutvikling, samferdsle og helse.

Rådet sine arbeidsoppgåver vert og dekkja gjennom faste arbeidsgrupper; helse-, samferdsle- og regional utvikling. Ivar Kvalen har i 2016 vore leiar i samferdslegruppa.

Tiltak inngår og i samarbeidsavtale med fylkeskommunen om regionale utviklingsprosjekt/ utviklingsmidlar.

Regionrådet er aktive i profileringsarbeid for regionen, karrieremesser m.v.

2016 har vore eit aktivt år i rådet med fleire sentrale arbeidsoppgåver:

- Kommunereformarbeidet.
- Arbeidet med rullering av regionalplan.
- Utarbeiding av plan for regionale bustadstrategiar.
- Partnarskapsavtale for fleire læreplassar.
- Entreprenørskap.
- Regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge.
- Arbeid m/samferdsletiltak:

*Aust-vestsamband*, arbeid for at rv 52 over Hemsedalsfjellet vert realisert som eitt av dei to hovudsambanda mellom Austlandet og Vestlandet.

*Vikafjellstunnelen*, arbeid for at oppstart vert første del av NTP 2018-2027.

*Sognebåt*, utgreiing om endringar i rutemønster.

- Finansiering av MR- maskin ved Lærdal sjukehus.

Regionrådet sender høyringsvar på saker som er viktige for regionen. I 2016 på desse sakene:

- KVV rv 7/rv 52 Gol-Voss til Statens vegvesen, 14.12.2016
- Kapitaliseringsrente - Eigedomsskattegrunnlag for vasskraftverk - opprop til Stortinget, 23.11.2016
- Utgreiing om fylkesmannens framtidige struktur - til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 14.10.2016
- Politireforma - til Vest politidistrikt, 3.10.2016

- Endring av konsesjonslov, jordlov og odelslov - til Landbruks- og matdepartementet, 26.9.2016
- Ny kommunelov NOU 2016:4 - til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 26.9.2016
- Retningslinjer for lokalisering av handel og kjøpesenter i fylket - til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 19.9.2016
- Fv 53 Årdal-Tyin - døgnopen heilårsveg til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 29.8.2016
- Samanslåing av Sogn tingrett og Fjordane tingrett - til Justis- og beredskapsdepartementet, 23.8.2016
- Nasjonal transportplan 2018-2027 til Samferdselsdepartementet, 23.6.2016
- Utgreiing av ny kontorstruktur i Skatteetaten, 22.6.2016
- Energimeldinga til energi- og miljøkomiteen, 31. mai 2016
- Planprogram til regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027, 19.5.2016
- Nasjonal transportplan 2018-2029 - innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 13.5.2016
- Nytt inntektssystem for kommunane, 1.3.2016
- Organisering av domstolane i Sogn og Fjordane, 22.2.2016

#### *Prosjekt og utviklingsarbeid*

Sogn regionråd er også sentral i *prosjekt og utviklingsarbeid*:

Sentralt i det arbeidet er «System for styrka læring», arbeid for styrka kompetanse og utvikling innan oppvekst. Hovudmål for arbeidet er ; *Auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning.* Arbeidet har seks programområde: systemisk læring/ lærande organisasjonar, vurdering for læring, motivasjon og meistring, psykisk helse, entreprenørskap og tidleg innsats. Leiarutvikling, kompetansetiltak og nettverksarbeid er viktige tiltak. Claus Røynesdal var programleiar t.o.m. første halvår 2016, Hanne Hjelmeland Ørnehaug har teke over rolla frå 01.01.17. Ivar Kvalen er leiar i programstyret.

«Ungdomstrinn i utvikling» er og fellesorganisert og knytta til oppvekstsamarbeidet i regionen. Inger Marie Evjestad er utviklingsrettleiar og i Luster er me no inne i aktivt prosjektarbeid på skulenivå.

Skogbruksamarbeidet, for heile regionrådet, vart starta opp 2016 med ein ny ekstra stillings-ressurs innan fagfeltet. Samarbeidet er tildelt årleg støtte frå Fylkesmannen på 500.000. som delfinansierar stillinga. Skogbrukssjefen i Luster, Arne Kristian Borger, inngår i samarbeidet med 20% utvida stillingsprosent slik at han og har oppgåver i andre kommunar.

#### *Anna administrativt samarbeid*

Via rådmannsgruppa i regionrådet vert det gjennomført og koordinert ein del administrativt arbeid av felles nytte for kommunane. Gruppa har fast møteplan, rådmann i Høyanger Arve Varden har vore leiar i 2016.

Via regionrådet er ulike administrative nettverk i funksjon;

- *Barnehage- og skuleregion Sogn,*
- *Fagnettverk for barnehagar,*
- *Ungdomsnettverk,*
- *Kulturnettverk,*
- *Næringsnettverk,*
- *Nettverk for helse og omsorg,*
- *Oppmålingsgruppa,*
- *Faggruppe IKT,*
- *HR-nettverk.*

Sogn regionråd tek og del i Breibandforum, IKT Helsenettverk og IKT skulenettverk som dekkar fylkesnivået. Arbeidet er delvis finansierte og drifta av Regionrådet, kommunane sitt eige arbeid og dels ved tilskotsmidlar frå stat/fylkeskommune.

Utviklingsarbeid og erfaringsutveksling er sentralt i gruppene

Regionrådet har etablert eit generelt GIS-samarbeid knytt opp mot ein stillingsressurs med kontorstad hjå Vik kommune. Sentralt i arbeidet er utvikling og vedlikehald av karttenesta «Sognekart» og no prosjekt med tildeling av vegadresser. Målet er at matrikeladressene i regionen skal få einsarta vegadressessystem. Framdrifta i prosjektet både regionalt og i Luster kommune har vore dårlegare enn føreset i 2016 og vil halde fram i 2017.

Det vert arbeidd aktivt med kompetanseheving for bruk av GIS-verktøy.

#### *Avtalar.*

Driftsavtalen mellom kommunane og *Musea i Sogn og Fjordane* (tidlegare avtale m/Sogn folkemuseum) er samordna gjennom Sogn regionråd. Kvar kommune handsamar avtalen og har sjølv ansvar for den årlege løyvinga. I 2016 er det avtalt ei viss kommunal styrking av løyving frå kommunane. Nivå og fordeling er mellombels avklara for 2017, for Luster 35.000 i 2017.

Sogn regionråd har avtale *med fylkeskommunen* om drift av felles GIS-løysing (geografiske informasjonssystem) og drift av Kommunenet (internettilgangar). Desse avtalene er inngått mellom kommunane i Regionrådet (ikkje Høyanger) og fylkeskommunen og kostnadane blir fordelt mellom kommunane Sekretariat for kontrollutvala, har lege hjå PWC. Avtalen m/PWC vert no fornya i 2017 og PWC var einaste tilbydar.

Regionrådet har avtale med «Trygg 24» om kontrollar etter alkohollova.

Forsikringsavtalane er via meklar AON Grieg.

GIS/Line m/Norkart Geoservice.

Farmasøytiske tilsynstjenester gjennom avtale med Helse Vest.

I 2016 har det vore avtale innan bedriftshelseteneste med Stamina Helse Sogndal.

*Avtalane vert i utgangspunktet inngått mellom kvar einskild kommune og dei respektive partar, men via ein felles prosess gjennom regionrådet og/eller SFFI.*

#### *Vertskommune*

Kommunane i Sogn regionråd samarbeider gjennom fleire *vertskommuneavtaler.*

Årdal er vertskommune for felles arbeidsgjevarkontroll. Ordninga er nært kopla til dei kommunale skatteinnkrevjarfunksjonane og har pr dato 2 stillingar. Ordninga har hatt utfordringar med kontinuitet og med det tal gjennomførte kontrollar. Etter vedtak om at skatteinnkrevjinga/kontrolloppgåvene skal halde fram som kommunale oppgåver, vert ordninga no evaluert.

Etter omorganisering av «næringsmiddeltilsynet» (2004) vart det inngått ei avtale om miljøretta helsevern i skular og barnehagar, med Sogndal som "vert". Ordninga har ein stillingsressurs fysisk lagt til Mattilsynet Sogndal.

Regionrådet og Luster kommune har slutta til seg ordninga med miljøsertifisering av verksemdar.

#### *Selskap*

Kommunane i Sogn regionråd, med noko ulik deltaking, er med som eigarar av SIMAS IKS, SognLab AS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og i 2012 Visit Sognefjord A/S som felles reisemålsselskap. Dette er *eigne rettssubjekt*, med eigardelar i form av aksjar eller innskot. Selskapa har eigne vedtekter, generalforsamling og styre og er såleis uavhengige av regionrådet. For dei heileigde kommunale selskapa er det etablert felles møtedagar for gjennomføring av representantskapsmøte / generalforsamlingar/eigarmøte.

SIMAS IKS syter for all handsaming og transport av hushaldsavfall i kommunane. Desse ordningane har funne si form og fungerer godt i regionen, der det no er vert auka fokus på sortering og attvinning av materiale og energi. Det er gjennomført større investeringar for sortering/omlastning siste åra. SIMAS syter og for slamtømminga i høve hushaldningar og kommunane i regionen.

SIMAS etablerte i 2014 eit eige selskap, Simas Næring, for å tilby tenester til næringslivet og avfall der. Ei større satsing for attvinning og produksjon av trepellets er under utgreiing lokalisert til Håbakken i Lærdal. For næringsavfallet er det private tilbydarar ved sida av SIMAS.

Sognlab A/S, labratorieselskap, kontrollerer m.a. vasskvaliteten i kommunane våre. Det er to tilsette i selskapet.

Sju kommunar i regionrådet og fylkeskommunen er eigarar av selskapet Sogn og Fjordane revisjon IKS. Selskapet yter finansielle revisjonstenester for eigarane og selskapa deira. Lærdal kommune, gjekk ut av selskapet i 2015 og dei og Aurland kommune deltek ikkje lenger i samarbeidet. Eit arbeid med utvida samarbeid mot Hordaland er avslutta og i 2016 er det starta utgreiing og avklaringsarbeid om det er grunnlag for eit større offentleg revisjonsselskap med basis i Sogn og Fjordane. Kommune- og regionreform samt endringar i lovverk kan påverke vidare arbeid i saka.

Visit Sognefjord AS, som felles reisemålsselskap for heile reiselivet i Sogn med reiselivs-bedriftene og kommunane i Sogn regionråd som eigarar har kontoradresse i Sogndal på Fosshaugane Campus. Kommunane delfinansierar selskapet via kontingent.

Målet med selskapet er å få til ei kraftfull satsing på marknadsføring og sal av «reiselivstilboda» i Sogn.

#### **BVLLS - kommunane**

SBR-IKS er det største brannsamarbeidet i fylket med 5 kommunar.

Samarbeid om feietenester er integrert i det nye brannsamarbeidet.

Frå 2012 er og tilsynstenester på byggjesak ein del av oppgåvene for selskapet.

Ny brannstasjon i Gaupne er etablert i Øiene-bygget på Røneidsgrandane. Sjølv brannstasjonen kan seiast vere fullført i 2016 og det vert arbeidd med å få til felles kurs og øvingsområde på anlegget i regi av SBR-IKS.

#### **VLSAL - kommunane og fylkeskommunen**

I regi av Sogn regionrådet har det vore arbeidd med grunnlaget for ei felles PP-teneste i regionen. 5 kommunar, inkludert Luster, og fylkeskommunen/Sogndal vidaregåande skule deltek no i *Sogn PPT*. Tidlegare ordning der fylkeskommunen hadde regien er omskipa og utvida, med Sogndal kommune som vertskommune. Samarbeidet vart etablert frå 01.01.16 og Karin Uglum er leiar av kontoret. Faglege tilrådingar på spesialundervisning og systemretta arbeid for tilpassa opplæring er dei viktige arbeidsoppgåvene. Tidlegare tilsette i kommunane er flytta over/har fått tilbod om stilling i kontoret. Tidlegare leiar av PP-kontoret i Luster Olfert Øvrebø har gått over i stilling som kommunepsykolog i Luster kommune.

#### **BLLS – kommunane**

I 2008 vart *Sogn barnevern* etablert med Leikanger, Sogndal og Luster. Balestrand kommune slutta seg i 2011 til nemnde samarbeid. Sogndal er vertskommune. Tenesta har hatt store utfordringar knytta til kontinuitet i leiing og arbeidsmiljø. Etter tilsyn frå fylkesmannen i 2016 og gjennom det registrerte avvik arbeider no tenesta med ein omfattande forbetningsplan. Planen skal sikra eit godt arbeidsmiljø og god fagleg kvalitet i tenesta. Det har vore ein svært krevjande situasjon i tenesta. Luster kommune har eit relativt høgt tal saker i samarbeidet.

Utvikling/oppgradering av sak/arkiv i lag med fylkeskommunen har vore/er ei stor sak. BLLS kommunane og fylkeskommunen har her felles programvare og dette samarbeidet er vidareført. På slutten av 2015 vart ny «ESA» rulla ut. Tiltaket representerar eit stort steg i høve digitalisering, fullelektronisk arkiv og digitalt mottak og digital utsending av korrespondanse.

Arbeidet med heimeside har vore eit felles prosjekt for BLLS-kommunane. I 2016 har det vore arbeidd aktivt med fornying og vidare utvikling av sida. Ny versjon er på plass frå hausten -16/ årsskiftet.

#### **Leikanger, Sogndal og Luster**

Kommunane Leikanger, Sogndal og Luster har felles kulturskule med Leikanger som vert. Kulturhuset i Sogndal er ein sentral base for aktiviteten ved at administrasjon og noko øvingslokale er etablert der.

Arbeidet med vidare utvikling av skulen, basert på utarbeidd utviklingsplan, har hatt dårleg framdrift m.a. i påvente av avklaringar frå Luster. Ein eigen sakskomite i Luster tilrådde å ta tilbake kulturskulen som eigen kommunal skule. Kommunestyret har likevel gitt Sogn kulturskule ein ny sjanse slik at det felles utviklingsarbeidet med fokus på forbedringspunkt frå Luster er under arbeid igjen. I løpet av 2017 er det føresett ny evaluering av tilbodet.

Jordmorvaksamarbeidet mellom Leikanger, Sogndal og Luster er ei teneste som Helse Førde kjøper av kommunane. Dette skjer etter at ansvaret for vakt og følge i desse kommunane ligg til helseforetaket etter omlegging av fødetenesta i fylket.

Regionalt folkehelsesamarbeid mellom Leikanger, Sogndal og Luster er utvikla gjennom eit felles prosjekt. Tilstandsrapport/folkehelsebarometer er på plass som grunnlag for handlingsplan for folkehelsa. Turveg frå Hella til Sognefjellet, S1, er etablert. Frisklivscentralen Sogn - tidl. Sogn FMS – Sogn Frisklivs- og meistringssenter, felles for SLL-kommunane vart i 2015 utvida til og i større grad ta opp i seg oppgåver innan læring og meistring. Det er faste kontordagar på Helsesenteret og aktivitetar i Luster, eksempelvis opp mot Lustrabadet. Leikanger har varsla ev. utmelding og tiltaket vert evaluert/vurdert i løpet av 2017.

I samband med busetjing av flyktningar så samarbeidar SLL-kommunane om norskopplæringa. Luster, Leikanger og Lærdal har i 2016 kjøpt denne tenesta og grunnskuleopplæring hjå Sogndal. Kommunestyret i Luster har no vedteke å starta eiga norskopplæring frå august 2017.

Kommunane har i 2016 hatt samarbeid gjennom ByR, byregionprogrammet med tiltak for å styrke bu- og arbeidsområdet. I hovudprosjektet har det vore/er det fokus på;

- sikre eksisterande og leggje til rette for nye, statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunane. Det er utarbeidd ein større rapport som grunnlag for vidare arbeid.
- næringspotensialet knytt til nye former for friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv. Drøftingar omkring ulike former for friluftsliv, aktivitetar som stisykling mv. samt felles planlegging og friluftsråd.
- utnytting av kompetanse-miljøa i kommunane til innovasjon og nyskaping.

Fellesprosjektet er i stor grad finansiert av statlege prosjektmidlar.

Etter ein prosjektperiode er NAV-kontora styrka med ein felles stilling som gjeldsrådgevar. Stillinga er frå 2016 gjort om til fast stilling.

#### **Samhandlingsreforma m.v.**

Folkehelseprosjekt saman med Sogndal og Leikanger, er omtalt ovanfor.

Tilbodet om Øhj-senger er det avtale på mellom helseforetaket og kommunen og tilbodet er godkjent av

direktoratet og har delfinansiering via statstilskot over rammeoverføringane.

Til grensesnittet mellom kommune og helseforetak er det og i lys av samhandlingsreforma etablert ein heilt ny avtalestruktur, mange delavtalar, mellom kvar kommune og helseforetaka for rutinar og samhandling.

#### **Legevaktsamarbeid**

Luster kommune har så langt basert seg på eiga kommunal legevakt. I lys av ny akuttmedisinsk forskrift med auka krav til kommunane og utfordringar med å få til ei god lokal ordning er det arbeidd med å få til ei større interkommunal legevaktordning. I plan- og budsjettarbeidet er det gjort intensjonsvedtak om å etablere interkommunal ordning der Luster kommune deltek. Det er føresett at ny ordning skal kunne etablerast seinast frå 01.01.18.

I høve legevakt så kjøper Luster legevakttelefonester frå Sogn lokalmedisinsk senter/Lærdal kommune. Telefonsentralen kom i drift frå mars 2015 og dekkar ettermiddag/kveld/natt i veka og helg/høgtid.

\*\*\*\*\*

#### **Annan interkommunalt:**

Luster kommune er med på eigarsida i Sognekraft (knappt 7 %). Selskapet har hovudkontor i Vik, eigen produksjon i Årøy og Vikfalli og nettkonsesjon i Balestrand, Vik, Leikanger og Sogndal. Luster Energiverk eig knapt 13 % i Sognekraft og Luster kommune eig igjen knapt 23% av aksjane i Luster Energiverk.

Luster kommune er, saman med kommunane i Sogn og fylkeskommunen, med på eigarsida i "Sogneprodukter", med hovudkontor i Vik. VTO-plassar og aktivt attføringsarbeid er dei sentrale arbeidsoppgåvene. Eit tilsvarande arbeidsområde, med fokus på «utdanning for arbeid» har lege under vårt eige "Luster Arbeidssenter A/S" - som også har hatt deltakarar frå nabokommunane NAV som styrer mykje av desse oppgåvene har no anbudsutsett arbeidsoppgåver. Luster Arbeidssenter A/S var ikkje stor nok til å vere kvalifisert for å delta i anboda og Sogneprodukter nådde ikkje opp i fleire av anboda/oppgåvene.

Kommunen har eigarskapsmelding. Eigarpolitikk, strategiar og omtale av selskapa der kommunen har eigardelar finn ein i meldinga. Meldinga vert oppdatert årleg.

Kommunereformarbeidet påverkar og vil påverke den interkommunale aktiviteten i åra framover. Intensjonsavtalen for felles kommune BLS føreset full gjennomgang av dei interkommunale løysingane.....

# Investeringar og nyanlegg 2016

## Hafslo barne og ungdomskule:

Renovering og utbygging av HBU har vore det store investeringstiltaket i 2015 og 2016. Det fornya skuleanlegget var i hovudsak ferdig til å ta i bruk til skuleåret 2016/2017. Utvendig står det att litt arbeid som vil bli slutført sommaren 2017. Offisiell opning var tysdag den 2. nov.

Prosjektet vart noko omforma med vedtak om kjøp av fellesbygget.

Fellesbygget vart sentralt i ny planløyising for HBU. I fellesbygget og deler av samfunnsbygget er 8-10 klasse. Administrasjonen har sine kontor i øvste etasje i fellesbygget. I underetasjen er arbeidsromma for lærarane. Fellesromma som t.d. tekstilforming og tresløyd er som tidlegare.

Skulekjøkken er totalt renoverert og tillagt tilstøytande rom. (Nytt skulekjøkken blei teke i bruk etter haustferien 2015.)

Etter noko ombygging og mindre tilbygg (SFO) er det



vorte ein god og fleksibel skule ved bruk av tidlegare ungdomsskule til trinn 1-7 og SFO.

Tilbygg mellom bygningane på bakkenivå bind i hop anlegget og gir nye biblioteklokale, ny inngang til ungdomstrinnet og mellomsteget og gjennomgang innomhus.

Etter at det vart vedteke kjøp og bruk av fellesbygget har prosjektet på ein god måte vorte gjennomført som føreset. Samla byggjebudsjett er i overkant av 70 million kroner. Rekneskap for samla prosjekt vert lagt fram hausten 2017.



*Rådhuset, taket.*

## Rådhuset:

Renovering av rådhuset har vore på planen i fleire år og i 2016 er første byggjesteg utført og steg to skal gjennomførast i 2017.

I 2016 er det skifta ventilasjonsanlegg (4 stk.), etablert styring via sd-anlegg, lagt opp nytt brannalarmanlegg og bygd tak over atriumet.

I byggjesteg 2 er det utvendige fasadar med oppisolering av vegger og tak inkl skifte av vindauge som står for tur. Det er nødvendige tiltak ut frå forfall/ og gode tiltak for arbeidsmiljø og mykje reduserte driftskostnader for framtida. Byggjebudsjettet samla er nær på 21 million kroner.



Rådhuset, atriet - før og etter.

### Brannstasjon:

Luster kommune kjøpte i 2013 Øiene-anlegget på Røneidsgrandane.

Verkstadbygget har gjennomgått ein omfattande rehabilitering innomhus, og sjølv brannstasjonen er no ferdigstilt og det var opningsmarkering 09.02.17.

Det er kome på plass nye garderober som stettar krav til skiten/rein sone, vaskerom og gode toalett- og dusjfasilitetar. Det er og lagt til rette for kvinner med tanke på eige toalett dusj mv. I tillegg har utrykkingsleiarane tilgang på eige kontor. Utanfor portane er det lagt asfalt som bidreg til eit betre innemiljø og enklare reinhald i vognhallen.

SBR IKS omtalar no anlegget som referanseanlegg for ein god stasjon etter lov og forskrift. Stasjonen skal og tena som kurs- og øvingsanlegg i regionen. Dette arbeidet kjem no på plass i regi av SBR IKS. I 2.etg. er det kome på plass undervisningsrom med minikjøken. Det er og eit kontor i 2.etg. Sogn brann og



### Brannsikring Solvorn:

Det er montert og sett i drift brannvarslingsanlegg. Kvart bygg har fått branndetektorar som er kopla til sentral for direktevarsling. Det er visse utfordringar med falske alarmer, spesielt i naust/uthus, slik at noko utstyr må skiftast. Det er sett opp 5 brannpostar/vasspostarm , kopla til det kommunale nettet.

Prosjektet har støtta frå riksantikvaren og Stiftinga UNI.



### Indre Hafslo oppvekstsenter, barnehage:

Det er i 2016 bygt eit mindre tilbygg til barnehagen på BRA 32 m2. Tilbygget består av ein liten grovgarderobe, fingardarobe/ leikeareal, wc for ungene samt personalgarderobe med eigen inngang. I tillegg nokre mindre tiltak i eksisterande bygg. No kan ungene nytte det nye toalettet ved uteleik. Med dette tilbygget er forholda vorte betre for personalet og ungene i barnehagen. Bygginga er gjennomført innan kostnadsråma på 1,5 million kroner.



redning har og ansvar for å ferdigstillast øvingsområde utvendig.

Samla har Luster kommune nytta 5,5 million på anlegget der ein mindre sum (10-15 %) kan reknast som bidrag til kurs/øvingsanlegget.



### Lustrabadet:

I kjellaren på badet har tiltak vore på vent mellom anna i påvente av bruk/utnytting. I 2016 er innreiing av rom 001, teknisk rom, møterom/verkstad inkludert ventilasjons-anlegg utført. Ventilasjonsanlegg er eit anlegg som er skifta ut frå Hafslo barne og ungdomskule. I 2017 vert det innreidd møterom. Noko kjellarareal er framleis udisponert. *(Biletet over: Frå ventilasjonsrommet i Lustrabadet).*



### Lagshuset Grandmo:

Tidlegare barnehage er ombygd og tilpassa til lager, kontor og møterom for lag og organisasjonar og kommunal bruk.

Finansiert av byggutviklingsmidlar er det nytta om lag ein million kroner til oppussing/opprusting.



### Nye bueingar på Grandmo Løkjane:

Bustadstiftinga til kommunen, SLU, har i 2016 ferdigstilt 18 nye leiligheiter. Anlegget er delt i 2 bygg, i to etg m/heis og livsløpsstandard. Det er bygt 12 stk 3 roms leiligheiter og 6 2 roms.

Bustadane skal dekkja ulike grupper som har behov for kommunale bustader. Det kommunale behovet aukar mellom anna grunna mottak og busetjing av flyktningar noko delar av anlegget skal nyttast til. Det er og føresett at leiligheitene over tid skal kunne nyttast i ein startegi frå «leige til eige» der bebuarar kan få overta og kjøpe leiligheita dei bur i. Alle leiligheitene er tildelte og..... er innflytta.

Totalt har anlegget kosta 39 million kroner inkl mva. Anlegget er finansiert med tilskot og lån frå Husbanken noko som skal kunne gi ei akseptabel husleige.

### Veglysanlegg Hafslo kyrkje - Moane:

Veglysanlegg på Hafslo er utvida med vel 2,5 km. 65 nye lyspunkt er etablert. Investeringskostnaden er 2,5 million kroner.

### IKT:

Digitaliseringa krev investeringar i IKT. Det er stadig utvikling og fornying. Luster kommune brukar kvart år mellom ein til ein og ein halv million kroner på felles utbyggingstiltak innan området, infrastruktur, program og maskinvare, for 2016 1,3 mill. Fornyng av maskinvare på dei ulike arbeidsplassane kjem i tillegg. I 2016 er eige datarom erstatta med kjøp av serverplass i Bluefjords.

Elles er det i 2016 prioritert omlegging av nettverk og ein del tiltak innan oppvekstområde. Dette kjem med grunnlag i ekstern IKT analyse gjennomført av PA Consulting Group i 2015 som peika på behov for å prioritere dette område.

Følgjande større prosjekt er i 2016 gjennomført med bruk av IKT investeringsmidlar:

- Nytt skuleadministrativt system - Visma Flyt Skule (kjøp og innføring)
- Ny maskinvare til skulane
- Nettverksoppgradering (Switchar mm)
- Trådlause punkt (Wifi skule prosjekt)

- Oppgradering Hyper-V serverar
- Virtualisering av alle serverar (Prosjekt Hyper-V)
- Fiber til barnehagen i Luster
- Terminalserver Adm.
- Terminalserver NAV

**Andre investeringar:**

- Innan vassforsyning og avløpstiltak er det gjennomført og under planlegging fleire tiltak, jf omtale under teknisk område.
- Det same gjeld mindre bygningstiltak og større vedlikehald av bygg- og anlegg.
- Også når det gjeld å leggje til rette for bustadutvikling er det gjort vesentlege tiltak i 2016 som er referert under årsrapporten for teknisk område.



*Avløpspumpe-stasjon Jostedal.*



*Ny pumpe-stasjon ved Coop.*



*Vassbehandlingsanlegg Jostedal.*



ATS, Arbeids- og Treningscenteret er ei kommunal eining som tilbyr tilrettelagt arbeid og opplæring.

Lustringar med uførepensjon kan få fast arbeidsplass ved senteret, samstundes som mange personar som treng arbeidstrening, utprøving, arbeidsavklaring etc. får mellombels plass. Tilbodet skal førebyggja, rehabilitera og om mogeleg kvalifisera for ordinært arbeidsliv.

Senteret er i kontinuerleg utvikling og endring. Ein har som mål å tilby tilrettelagt arbeid og arbeidstrening til så mange som mogeleg av dei lustringane som treng det, innafor senteret sine tilgjengelege ressursar. Den økonomiske ressurstilgangen er sikra gjennom kommunal løyving og ATS si eiga inntjening ved sal av varer og tenester. Ein opererer ikkje med eit fast tal plassar ved senteret. Personar som har behov for tilrettelagt arbeid kan søka om å få plass, og så langt det er praktisk, økonomisk og personalmessig forsvarleg vil ein få innvilga eit tilbod. Tildeling av plass tek utgangspunkt i behov, ønskje og mogelegheiter, ikkje i diagnosen til søkeren.

ATS driv ei form for mangesysleri, med eit stort utval av ulike arbeidsoppgåver som kan tilpassast den einskilde medarbeidar. Oppgåveporteføljen er i stadig utvikling, og noko av det som gjer Luster sitt ATS unikt er det breie utvalet av produkt og tenester retta mot lokalsamfunnet. Oppgåvene spenner frå kantinedrift og produksjon av bakevarer, drift av vaskeri med rulling av dukar og reparasjon av arbeidstøy til vedproduksjon, transport og grøntarbeid. Oppgåvene er meiningsfulle, etterspurt i lokalsamfunnet og vert selde til ein pris som er sett ut frå kostnad og etterspurnad i marknaden.

- Vaskeri m. rulling av dukar, gardiner m.m., utleige av dukar, og reparasjon av arbeidstøy
- Vedproduksjon, inkludert transport ut til kundar
- Matlaging/kantinedrift/catering
- Frukt på jobben
- Grøntarbeid/hagestell/gravstell
- Vaktmeistertenester
- Transportrute for tøy + matrute
- + div. transport intern og for kundar
- Postruter
- Flyttehjelp
- Lagerhold for ergoterapeut
- Scanning og restaurering av bilete
- Snekkeravdeling med produksjon av div. mindre byggverk og treprodukt ( under etablering)
- Div. «mindre» oppgåver
  - Makulering, riving og pakking av bomullstøy,
  - pakking av strøsand, div. pakking, eige plantearbeid,
  - Utplassering i andre verksemder

For tida vert det jobba med planar for fleire nye tilbod, ma. bruktbutikk med kafè , og ein er i oppstartfasen av ein snekkeravdeling med produksjon av ulike minibygg og andre produkt i tre. Samstundes er fleire av dei eksisterande oppgåvene i endring og utvikling.

## Tilrettelagt arbeid i framtida

Å ha ein jobb å gå til har ein stor verdi ut over det reint økonomiske. Deltaking i verdiskapinga og det sosiale livet ved ATS er viktig for stadig fleire lustringar. Dette er ei utvikling i samsvar med nasjonale trendar: Over heile landet aukar talet på personar som både ønskjer

og treng ei eller anna form for tilrettelagt arbeid, slik er det òg i Luster. Fleire enn før greier ikkje skaffa seg ein jobb, eller halda på den jobben dei har fått. Kravet til yteevne i arbeidslivet er høgt, samstundes som kravet til utdanning aukar. Mange tidlegare jobbar som til dømes produksjonsmedarbeidarar og hjelpearbeidarar er borte gjennom rasjonalisering, automatisering og effektivisering.

Etter kvart er det ei auka forståing for kor viktig det er å ha ein jobb å gå til, sjølv for dei som i utgangspunktet ikkje kan vera tilsett i ein ordinær jobb. Å ha eit arbeid å gå til bidreg til mening og struktur i livet, ein får nytta evner og kunnskap samstundes som ein får dekkja sosiale behov. Det er eit godt folkehelseiltak å tilby flest mogeleg av dei som fell utanfor ordinært arbeidsliv tilrettelagt arbeid. Sjølv personar med relativt omfattande funksjonsnedsetjingar kan ha ei restarbeidsevne dei ønskjer å nytta. Frå nasjonalt hald vert kommunane oppmoda om å leggja til rette for slike tilbod, m.a. gjennom aktivitetsplikt for dei som mottek visse offentlege ytingar, og som ei motvekt mot at dei fleste personar med utviklingshemming landet over faktisk står utan eit arbeidstilbod (NOU 17/2016).

Fokus for ATS framover vil vera å utvikla stadig nye, fleire og betre tilrettelagte oppgåver for eksisterande og nye medarbeidarar.



1. Yrkeshemmede har rett til arbeid.
2. Alle mennesker har rett til vekst og utvikling på det nivå de befinner seg.
3. Arbeid er en grunnleggende verdi som alle skal ha muligheten til å velge.
4. Verdiskapning skal også være rettet mot et ordinært arbeid.
5. Begrepet arbeid skal være i utvikling, og gjenstand for diskusjon.
6. Samarbeid, deltakelse og koordinering er forutsetninger for vekst og kompetanseheving.



## Kommunen som verksemd

### 1. Tal årsverk og tilsette:

	Pr. 31.12.12		Pr. 31.12.13		Pr. 31.12.14		Pr. 31.12.15		Pr. 31.12.16	
	Tal årsverk	Tal tilsette	Tal årsverk	Tal tilsette	Tal årsverk	Tal tilsette	Tal årsverk	Tal tilsette	Tal årsverk	Tal tilsette
Stab	23,1	24	23,1	24	22,9	25	20,7	26	21	27
Barnehagar	62,8	80	63,47	77	69,36	82	71,23	87	75,55	89
Grunnskular	111,7	122	111,52	126	118,7	133	111,96	128	111,12	128
Helse	20,87	27	20,87	27	20,07	26	21,27	28	22,25	29
Luster sjukeheimsteneste	87,13	140	88,77	141	86,14	118	82,48	125	83,79	134
Luster heimeteneste	85,56	128	85,56	130	84,93	135	78,88	111	72,4	115
ATS	6,4	9	6,4	9	6,88	9	6,68	8	6,68	9
Tekniske tenester	49,37	55	49,37	55	50,14	58	49,55	57	50,12	61
Næring	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1
Landbruk og nat.forv	5	6	5	6	4,5	6	4,5	6	4,5	6
Bibliotek og kultur	3,06	5	3,06	5	3	5	3,95	5	3,95	4
NAV							1	1	4	4
<b>SUM TAL ÅRSVERK</b>	<b>459,09</b>	<b>601</b>	<b>461,22</b>	<b>605</b>	<b>467,6</b>	<b>598</b>	<b>453,2</b>	<b>583</b>	<b>456,4</b>	<b>607</b>

Nokre arbeider i fleire einingar og kan vere talt to gongar. Sum tal tilsette er difor ikkje 100% rett. I tillegg til faste heimlar er det tilsett fast vikarar i følgjande tenesteområde: barnehage: 1,6 årsverk, grunnskule: 1,8 årsverk og omsorgstenesta: 8,4 årsverk.

### 2. Kjønnfordeling og alderssamansetjing:

Alderstrinn:	< 20		20–29		30–39		40–49		50–59		60–69		> 70	
	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K
Administrasjon					1	1	4	1	1	7	3	9		
Oppvekst			2	8	5	40	9	62	5	41	3	30		
Helse						3	2	8	1	7	2	6		
Omsorg			1	4	7	39	3	44	12	61	5	53		
Teknisk			1		5	1	4	7	12	13	8	4		
Næring og naturforv.					1	2	1	1	1		1			
Kultur						1				1	1	1		
Nav						2		1	1					
<b>Totalt</b>			4	12	19	89	23	124	33	130	23	103	0	0

Hovudtyngda tilsette ligg i alderen 40 – 59 år, men det er og ei høvesvis stor gruppe i alderen 60 – 69 år som er stigande i åra framover. Det er særleg innanfor yrkesgruppene hjelpepleiar/ omsorgsarbeidar/assistent/heimhjelp det er forventa stor avgang, men også innan oppvekst.

### 3. Utviklingsarbeid:

#### Heiltid/deltid:

I hovudtariffavtalen frå 2016 – 2018 er kommunane pålagt å utarbeide retningsliner for heiltidskultur.

Dette arbeidet er starta opp. Kommunen gjennomfører kvart år ei kartlegging av u-ønska deltid. Resultat frå kartlegginga som vart gjennomført desember 2016 ser slik ut:

Eining	Stilling	Tal
Omsorg/ATS	Buassistent, sjukepleiar, hjelpepleiar, vernepleiar, omsorgsarbeidar, fysioterapeut, miljøterapeut.	26
Barnehage	Pedagogisk leiar, barnehagelærer og fagarbeidar.	7
Skule	Adjunkt, lektor	3
Teknisk drift	Reinholdar	1
Næringsutv. og naturforvaltning	Rådgevar	1
<b>Totalt</b>		<b>38</b>

Tala frå 2016 syner at totalt 38 ynskjer utvida stilling. Det vert arbeidd kontinuerleg for å gje tilsette større stilling og i 2016 fekk 26 tilsette auka stilling – fordelt slik:

Omsorg	Teknisk drift	Oppvekst
8 tilsette	2 tilsette	16 tilsette

Det vart i 2015 starta eit arbeid med innføring av årsturnus i pleie og omsorg, og det er vidareført i 2016. På grunnlag av dette har fleire tilsette fått auka sin stilling.

#### Kompetanseutvikling:

Det vert gjennomført tiltak for kompetanseutvikling på to nivå: overordna og i einingane. I sum vert det gjennomført mange tiltak, alt frå deltaking på kort kurs/ seminar til større etter- / vidareutdanning. Det vert og lagt vekt på “dagleg” læring på arbeidsplassen og interne kurs. I tillegg deltek mange i fagnettverk og det vert gjennomført noko hospitering. I sum er aktiviteten god og dette er viktig i arbeidet med kontinuerleg kvalitetsutvikling.

Tiltak som vert gjort i/av einingane er skildra under det einstilte tenesteområde. Av overordna tiltak kan følgjande nemnast:

#### Fellestiltak:

- Ulike tiltak for leiarutvikling.
- Generell IKT og HMT opplæring.
- Introduksjonsseminar for nytilsette.

#### Helse og omsorg:

- Tilsett fast fagutviklar i omsorgstenesta.
- 2 tilsette vart ferdig våren 2016 på vidareutdanning i psykisk helsearbeid (2 årig).
- Interne fagseminar og fagmøter.
- Ein tilsett er i vidareutdanning i avansert sjukepleie.
- Deltaking i eksterne fagnettverk og hospitering ved KA.
- 1 tilsett har gjennomført kompetanseheving i kognitiv terapi.

#### Oppvekst:

- To rektorar har fullført rektorutdanning
- 3 tilsette har tatt vidareutdanning i matematikk 1.-7. trinn
- 2 tilsette har tatt vidareutdanning i språk- og lesereettleiing
- 2 tilsette har tatt vidareutdanning i leiing i skulen / læringsleiing og vurdering

- 2 tilsette har tatt vidareutdanning i spesialpedagogikk
- 1 tilsett har tatt vidareutdanning i naturfag
- 1 tilsett har tatt vidareutdanning i musikk
- 5 tilsette har teke nettkurs om dyskalkuli – matematikkvanskar
- 7 tilsett i grunnskulen har tatt nettkurs om lese- og skrivevanskar
- 9 tilsette i barnehage har teke kurset om språkutvikling og førebygging av lese- og skrivevanskar.
- Skuleåret 2016/17 er 11 lærarar i gong med vidareutdanning. Desse fullfører studia sine våren 2017.

#### Organisasjonsutvikling:

Det er i 2016 gjort nokre endringar i administrativ organisering. Frå august -16 vart overordna leiing endra ved at rådmann etablerte kommunalsjefstillingar for omsorgstenesta og oppvekstområde. Dei andre områda er lagt direkte under rådmann og i sum så styrker ein kontakten mellom overordna leiing og einingane med denne ordninga.

Arbeidet med omorganisering av omsorgstenesta starta opp i 2016, og får formelt ny organisering frå -17. Dette inneber at vi får ny einingsstruktur, nye leiarar og endringar i brukarretta tilbod.

Det vert arbeidd kontinuerleg med organisasjonsutvikling innan alle tenesteområde, og noko av dette er skildra særskild i teksten under det einstilte tenesteområde. Ein viktig del av dette er innføring og vedlikehold av ny teknologi og nye IKT løysingar. Eit døme er elektronisk meldings-utveksling mellom pleie-/omsorgstenesta, helse og sjukehus. Andre døme er *telemedisin* der ein kan kommunisere direkte med sjukehus/spesialist via skjerm på legekantor eller i korttidsavdelinga, og E-portal/digital kontakt mellom pasientar og legekantoret. Det vart i 2015 starta eit utviklingsarbeid i høve *velferdsteknologi* og dette held fram med stor tyngde.

For å få ein god oversikt over IKT status vart det i 2015 gjennomført ei grundig ekstern vurdering. Som ei oppfølging av dette vart det starta eit prosjektarbeid kalla *Effektiv forvaltning og gevinstrealisering*. Dette er eit kontinuerleg og langsiktig arbeid som er vidareført i 2016.

#### HMT/BHT/IA:

Det vert gjennomført HMT-/BHT/IA tiltak på to nivå:

overordna og i einingane. Alle tiltak som vert gjort i einingane vert ikkje nemnd her, men av overordna tiltak kan følgjande nemnast:

- STAMINA – vår bedriftsleverandør - gjennomførte HMT-økter i alle einingane.
- Tilbod om influensavaksine til alle tilsette. 70 tok vaksinen i 2016.
- Tilbod til tilsette ved Luster treningssenter. Treningsopplegg/ behandling inntil 3 md. som eit forebyggjande/restaurerande tiltak. 13 tilsette deltok.
- Mange tilretteleggingstilskot frå NAV til forebyggjande og restaurerande tiltak.
- Arbeidsplassvurderingar har vore gjennomført i regi av Stamina Helse
- Tett oppfølging av sjukmelde i tråd med retningsliner.
- I staden for julegåve til alle tilsette vart det gjeve ei pengegåve til humanitære formål.

#### 4. Årshjultiltak:

##### *Leiardialog og medarbeidersamtalar:*

Gjennomført som føresettt i årshjul. Frekvens på ordinære medarbeidersamtalar vart frå 2016 endra til anna kvart år. Det skal vere tilbod om samtale til dei som ber om det kvart år og seniorsamtalar skal gjennomførast kvart år.

##### *Vernerundar:*

Noko varierende grad av gjennomføring i 2016. Teke i bruk nye elektroniske skjema og rutine er oppdatert.

##### *Undersøkingar i oppvekst:*

I skule har det vore undersøking i samsvar med opplegg «Skoleporten» og nasjonale prøvar. (jf. omtale i styringsmål under tenesteområde).

Brukarundersøking i barnehage er gjennomført i 2016. Svarprosenten i årets brukarundersøking barnehage vart dårleg, berre 44 %. (54% i -14, 67% i -12) Samla snittresultat 2016 for barnehagane i Luster vart på 5,1 (av 6).

Dimensjon	Snitt Luster	Snitt Norge
Resultat for brukaren	5,1	5,1
Trivsel	5,2	5,2
Brukarmedverknad	4,9	4,8
Respektfull behandling	5,4	5,4
Tilgjengelegheit	5,1	5,4
Informasjon	5,0	4,8
Fysisk miljø	4,8	4,8
Heilskapsvurdeirng	5,2	5,2
<b>Snitt totalt</b>	<b>5,1</b>	<b>5,1</b>

##### *Medarbeiderundersøking:*

I årshjulet for 2016 var det føresettt gjennomføring av medarbeiderundersøking i nov 2016. KS fornya sitt opplegg i 2016 og innførte ei ny undersøking, 10-faktor. For å få god tid til å planleggje og førebu dette opplegget valde me å utsetje undersøkinga til februar -17.

#### 5. Rekruttering:

##### *Lærlingar:*

Luster kommune har i 2016 teke inn 3 nye lærlingar. Faga er fordelt med 2 IKT lærling, 1 helsefagarbeidarar. I tillegg 1 lærekandidat i barne- og ungdomsarbeidarfaget. I 2016 hadde ein dermed totalt 11 lærlingar. Kommunen si satsing på lærlingar er etter rådmannen si vurdering viktig og god i høve samfunnsansvar, verdiskaping og rekruttering. Lærlingekostnaden er mellom 120-150.000 pr år/lærling.

##### *Sysselsetting /arbeidsutprøving:*

Det var i 2016 god aktivitet i samband med sysselsetting/ arbeidsutprøving for personar som av ein eller annan grunn har falt ut av det ordinære arbeidslivet. Dette gjaldt personar med varierende aktivitetsgrad. Kommunen samarbeider med NAV og Sogneprodukter. NAV gjev tilskot til kommunen ved slike utplassingar, medan Sogneprodukter ikkje gjev tilskot. Det har vore jamn aktivitet innan arbeidsutprøving/språkpraksis for flyktningar.

##### *Sommarjobbar for 16- og 17 åringar:*

Kommunen etablerte i 2007 ei ordning med sommarjobbar for 16- og 17-åringar. 10 ungdomar vart tilsette i sommarjobbar i kommunen i 2016, fordelt på barnehagar, omsorgstenesta og teknisk drift. Samla utgift ca. kr 220 000.

##### *Seniorpolitikk og livsfasetilpassing:*


Arbeidet med å auke pensjonsalderen fekk meir tyngde etter at det i 2007 vart teke i bruk egne seniortiltak. Seniortiltak vert gitt i form av ei friveke med løn og/eller tilretteleggings-tilskot på arbeidsplassen. I 2016 fekk totalt 50 tilsette seniortiltak i form av ei friveke med løn.

##### *Pensjon:*

3 tilsette tok ut heil eller delvis AFP i 2016. Dette er ein nedgang frå 2015. Alderspensjon vart teke ut av 3 personar (KLP) som også er lågare enn i 2015. 4 fekk innvilga heil eller gradert uførepensjon frå KLP eller SPK. Dette er ein halvering frå 2015. Nokon av desse fekk arbeidsavklaringspengar frå NAV i kortare eller lengre tid (personar som har vore sjukmelde i 1 år). Dei fleste av desse personane har søkt sjukepermisjon utan løn i inntil eitt år, etter dei kommunale reglane.

#### 6. Sjukefråvær:

Tabellen under viser gjennomsnittleg sjukefråvær i % samanlikna med KS-området:



	2012	2013	2014	2015	2016
<b>Luster</b>	6,3 %	6,8 %	6,3 %	6,5%	6,2
<b>KS*)</b>	9,5%	9,4 %	9,5%	9,6 %	9,55

\* Pr. 3. kvartal

Som IA-verksemd arbeider kommunen aktivt med førebygging og oppfølging av sjukmelde. Målet er at sjukefråværet i kommuneorganisasjonen ikkje skal vere over 6,0 %. Resultatet for 2016 på 6,2 % er ein nedgang frå 2015. Det er sett eigne styringsmål for sjukefråværet per tenesteområde, og ein kan sjå både mål og resultat for 2016 i dei ulike styringsmåltabellane.

## 7. Likestilling – likeløn:

Gjeldande hovudtariffavtale regulerer i stor grad lønsfastsetjinga i kommunen. Mange store yrkesgrupper i kommunen har avlønning i høve til sentralt fastsett minsteløn/stigar, ev. med endringar gjort i lokale lønsforhandlingar. Andre får si løn fastsett i lokale forhandlingar med grunnlag i føringar i hovudtariffavtalen (HTA) og eventuelle lokale føringar avtalt mellom partane.

Ved tilsetjing i einskilde stillingar vert det gjeve ”løn etter avtale”. Det vert her teke omsyn til generelt lønsnivå, kompetanse, rekrutteringsbehov, krav frå søkjar osv. I serskilde tilfelle vert og løn nytta for å rekruttere og stabilisere kritisk kompetanse.

### *Stillingar i HTA kap 4 - sentral lønsfastsetjing + lokale lønsforhandlingar:*

Ca. 90 % av dei tilsette kjem inn under HTA kap. 4 og desse fordeler seg på 4B og 4C

Løns plassering for desse er lik for kvinner og menn. I nokre stillingskodar i HTA 4B er det stor grad av lokal lønsfastsetjing. Dette gjeld særleg fag- og arbeidsleiarstillingar i omsorg, teknisk drift, og sakshandsamarstillingar. Gjennomsnittsløna i desse gruppene tilnærma lik for kvinner og menn.

### *Stillingar i HTA kap. 5 - berre lokal lønsfastsetjing:*

Dette gjeld sakshandsamarstillingane (8084) Ingeniør og (8530) Rådgevar (legestillingar er her haldne utanfor). I desse gruppene er gjennomsnittsløn for menn og kvinner like.

### *Leiarstillingar – HTA kap. 3 - berre lokal lønsfastsetjing:*

Dette gjeld einingsleiarstillingane/leiarar (9451), (9440) og (9951) Rektor. I desse stillingsgruppene er gjennomsnittsløn for kvinner og menn tilnærma lik.



*Tilsette på tur til Fuglesteg.*

Ulikskapar i løn som ein kan registrere, kjem av at leiarane har ulike ansvarsområde.

I 2016 gjennomførte vi lokale lønsforhandlingar i HTA kap. 3 og 5 der lønsutviklinga i HTA kap. 4 var retningsgjevande. Rådmannen vurderer det slik at det som har skjedd ved oppgjeret i 2016 ikkje har endra lønsforholda mellom kvinner og menn.

### *Stillingsstorleik mann og kvinne:*

Tabellen under syner tal menn og kvinner i forhold til stillingsprosent:

	Kvinner		Menn	
	2015	2016	2015	2016
1-49,99 %	53	48	7	6
50- 99,99 %	283	287	27	25
100 %	143	145	68	71

### *Leiarstillingar. – kjønnsfordeling:*

Overordna leing er sterkt mannsdominert med rådmann og to kommunalsjefar som alle er menn. Når det gjeld einings-, stabs- og fagleiarar er det 12 menn og 18 kvinner.

Kjønnsfordelinga er skeiv ved at mange leiarar innan oppvekst og omsorg er kvinner medan menn dominerar stabsområda.

### *Permisjon/ redusert stilling:*

	Kvinner		Menn	
	Foreldrepermisjon	Redusert stilling	Foreldrepermisjon	Redusert stilling
2016				
2015	29	34	6	2
2014	12	28	1	2

Foreldrepermisjon er fødselspermisjon med løn og utvida foreldrepermisjon utan løn.


## 8. Arbeidsmiljø og ytre miljø:

Luster kommune arbeider systematisk og breitt for å sikra eit godt arbeidsmiljø og «god miljøtilstand» ytre miljø. I det systematiske arbeidet for å sikre eit godt arbeidsmiljø ligg kontinuerleg måling og oppfølging av sjukfråvær, vernerundar, medarbeidersamtalar, arbeidsplassvurderingar, inneklimatemålingar, HMT-økter i tenesteeiningane, avviksrapportering samt ei større mearbeidar-undersøking kvart 2. år. Kartleggingane vert fylgt opp med konkrete tiltak på ulike nivå og med ulik tidshorisont. Det er rådmannen si oppfatning at arbeidsmiljøet generelt er godt i organisasjonen.

Også når det gjeld det ytre miljøet er det fokus på å sikra god miljøtilstand.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.




NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

Kommunestyret:	25
Formannskap/næringsutval:	7
Plan- og forvaltningsstyre:	7
Adm.utval:	3 + 2
Kontrollutval:	5

# Folkevalde

## Politisk organisering

Organisering vedteke frå konstitueringa hausten 2007



## Politisk organisering

Politisk styringsmodell vart sist justert ved vedtak i k-sak 34/07. Vidare vart tal kommune-styrerepresentantar redusert frå 29 til 25 frå ny valperiode hausten 2011, jf. k-sak 55/10.

### Overordna mål:

- Gje dei folkevalde arbeidsforhold slik at alle i kommunen har høve til å delta i lokalpolitikken.
- Sikra gode avgjerdsprosessar og effektiv fordeling av oppgåver ved hjelp av delegering og klare retningslinjer.
- Leggje til rette for at politiske organ får frigjort tid til overordna oppgåver.
- Sjå til at Luster kommune i alle samanhengar opererer innafør gjeldande regelverk og nyttar fellesskapet sine midlar på ein effektiv og god måte.
- Arbeide godt med alle saker som måtte kome frå kommunen sine kontrollorgan.
- Styrke det interkommunale samarbeidet, både gjennom Sogn regionråd og på nordsida av fjorden.

Det har vore felles formannskapsdag for kommunane i Sogn Regionråd for handsaming av regional plan for Sogn regionråd.

Eldrerådet (7 møte), rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (5 møte), brukarutvalet for samhandlingsreforma (5 møte) har hatt fellesmøte og separat opplegg etter «ny» modell som har fungert godt. Dei oppsummerar arbeidet i egne årsmeldingar. Det same gjeld ungdommen sitt kommunestyre (5 møter) og kontrollutvalet.

### Særskilt om 2016:

Temamøte/besøk og synfaringar:

- Temamøte om kraft 25. februar
- Temamøte om oppvekst 4. november med synfaring etter påbygging på Hafslo barne- og ungdomsskule.
- Temamøte om reformarbeid 22. september. Besøk frå fylkesmannen og fylkeskommunen.
- Synfaring på Luster utleigebustader sitt bustadprosjekt Løkjane i Gaupne.
- Synfaring og besøk på NTP i samband med opning av nytt innovasjonssenter.
- Besøk av Kyrkjeleg fellesråd som informerte om bygningsmessig status på kyrkjene i Luster.

### Større politiske saker:

- Reviderte vedtekter og valde nye medlemmer til eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og brukarutval for samhandlingsreforma.
- Vedtok ruspolitisk handlingsplan for dette kommunestyret sin valperiode.
- Reviderte kommunen si eigarskapsmelding
- Reviderte overordna beredskapsplan
- Vedtok skuleskysreglement
- Vedtok framtidig tenestetilbod i pleie og omsorg
- Vedtok målsetjingar for folkehelsearbeidet utfrå folkehelseoversikt 2016-20
- Løyvde 800.000,- til MR-maskin på Lærdal sjukehus.
- Sette i gang Storfeprosjekt med mål om å snu utviklinga innan mjølke- og storfeproduksjon
- Løyvde midlar, leigde ut kontor og uttalte seg til forvaltningsplan for Verdsarven Urnes stavkyrkje
- Vedtok kommunal planstrategi
- Vedtok reguleringsplan for Øyagata 25
- Vedtok reguleringsplan for Gaupnegrandane - Engjadalselvi
- Gjennomførte årleg val til Lustrabadet KF
- Rullerte avtale med Krisesenteret i Florø
- Valde domsmenn for perioden 2017-20

## Aktivitet 2016:


### Oversikt over politiske møte og saker:

Utval / år	2013		2014		2015		2016	
	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret	8	85	9	82	9	92	10	76
Formannskapet	16	158	16	156	13	141	16	112
Plan-/forvaltningsstyret	7	76	10	86	8	61	7	65
Klagenemnda	2	5	1	4			1	1
Administrasjonsutvalet	3	11	2	7	3	14	3	7
Kontrollutvalet	6	20	5	20	5	22	5	18

- Vedtok at opplæring i norsk og samfunnsfag for voksne flyktningar, som blir gjennomført i Sogndal, skal vere i Luster frå hausten 2017
- Kulturskuletilbodet vart utgreidd, ein mellombels lokal komitè leia av Morten Vigdal arbeidde med saka. Kommunestyret vedtok i desember at kommunen held fram i Sogn kulturskule, under føresetnad at skulen blir utvikla i samsvar med utviklingsplan og handlingsplan. Framtidig organisering skal utgreiast i 2017.
- Vedtok plan for forvaltningsrevisjon 2016-19
- Fekk gjennomgang av tilstandsrapporten for grunnskulen, og tok den til orientering.
- Vedtok ny renovasjon- og slamforskrift.
- Vedtok å utvide eigedomsskatteordninga og legge til rette for utskrivning av eigedomsskatt i heile kommunen frå 2018.

### Høyringssaker:

- Regionreform
- Nærpolitireform
- Nytt inntektssystem
- Ny kommunelov
- Ny kraftleidning Hafslo - Veitastrand



### Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 16	Bud 16(r)	Avvik	Rekn 15
100	Folkevalde	4 449	4 270	-4 %	3 440
	<b>Sum</b>	<b>4 449</b>	<b>4 270</b>	<b>-4 %</b>	<b>3 440</b>

\*Kommunestyret si løyving til MR-maskin Lærdal på 800.000 er budsjettert og belasta her, jf auke frå 2015.


\*Kostnad politisk aktivitet i 2016 er nær som budsjettert, rekneskapsmessige meirutgifter er etterslep/opprydding i kantina/kjøkenutgifter frå tidlegare år som har vore udekkka, belasta folkevalde med om lag kr. 200.000.(50%)

### Tiltak 2016 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.	Resultat 2016
Arbeida for å få fram nye nasjonale samferdselstiltak i NTP i vegplanperioden. Prioritert satsingsområde er Sognefjellstunnelen	Arbeide for å få prioritet til KVVU, konseptvalutgreiing.	Fylkeskommune/ Statens Vegvesen Sogn Regionråd	Div. politisk arbeid. Ordførar leiar i samf. gruppa til SR
Prioriterte satsingar på fylkesvegnettet i planperioden.	Påverknadsarbeid i eigen regi og via regionrådet mot SFFK mv.	Sogn Regionråd	Røneidstunnelen. Vedtak om å utarbeide reg. plan Nes-Høyheimsvik
Etablere gode regionale samarbeidstiltak som styrkar tenestetilbodet for innbyggjarane i Luster ved å utarbeida ein regional strategi som trekkjer opp rammene for samarbeidet i Sogn Regionråd sitt område. Viktige nye tema er; kulturelt samarbeid, folkehelse, PPT, landbruk, teknisk drift/forvaltning, viltforvaltning (jakt)	Det er igangsett samarbeidstiltak på området PPT, kultur, folkehelse. Løpande arbeid gjennom samarbeid i Sogn Regionråd.	Sogn Regionråd Nordside-kommunane Nabo-kommunane	Sogn PPT i drift frå 01.01.16. Utgreiingsarbeid interkommunal legevakt. Div mindre tiltak.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2014	22,9
2015	20,7
2016	21,0

# Administrasjon

## Organisering

Tenesteområdet omfattar rådmannen og stabseiningane. Av desse arbeider næring, plan, eigedom, oppvekst, kultur og folkehelse med oppgåver som heilt eller delvis vert belasta andre område, og desse vert omtalt der dei fagleg høyrer til.

### Overordna mål

- Yta innbyggjarane gode tenester og vere eit effektivt forvaltningsorgan.
- Arbeide med å forenkla rutinar, prosessar og planarbeid.
- Gje dei folkevalde tilstrekkeleg grunnlag for å fatta vedtak.
- Følgje opp politiske vedtak og dei mål og arbeidsoppgåver som ligg i budsjett, økonomiplan, kommuneplan og andre planar.
- Initiere og leggje til rette for kontinuerleg organisasjonsutvikling.
- Skapa ein organisasjonsstruktur og -kultur som gjev rom for både omstilling og personleg og fagleg utvikling.
- Vidareutvikla og styrka samarbeidet mellom ulike fagområde.
- Leggja til rette for at tenesteeiningar får naudsynt støtte, rettleiing, kvalitetssikring, styring og koordinering.

## Tenester og oppgåver - generelt

### 110 Revisjon og kontrollutval (KU)

Kommunen kjøper revisjonstenester hjå Sogn og Fjordane Revisjon IKS. KU leverer eiga årsmelding til kommunestyret. PricewaterhouseCoopers AS er sekretariat for KU.

### 120 Administrasjon

Området omfattar rådmannen, stabseiningane personal og organisasjon, økonomi og servicetorget sine tenester. Målgruppene for tenestene er *innbyggjarane, dei folkevalde og driftsorganisasjonen*.

Administrasjonen arbeider med saksførebuing til politiske organ og oppfølging av politiske vedtak. I høve den kommunale driftsorganisasjonen har ein ansvaret for overordna styring, støtte, rettleiing og kvalitetssikring.

Døme på oppgåver er prosjektleiing, personalforvaltning, rekruttering, organisasjons- og kompetanseutvikling, seniortiltak, tillitsvaldsarbeid, kvalitetssystemet, IKT, budsjettering og økonomiplanlegging, finansforvaltning, rekneskap, løn, fakturering, eigedomsskatt, skatterekneskap, innkrevjing, arbeidsgjevarkontroll, innkjøp/rammeavtaler, forsikringar og kommunearkivordninga.

Servicetorget administrerer og samordnar informasjonstenesta gjennom Lustranytt, heimesida, annonsering og eigne trykksaker. Servicetorget omfattar sentralt publikumsmottak, sentralbord, postmottak, arkiv og trykkeriteneste. Servicetorget yter tenester i høve Husbanken sine støtteordningar, bustadformidling, skjenkeløyve, dør til dør transport, produksjonstillegg, støtte til kulturtiltak, kommunale avgifter mv.

Administrasjonen arbeider også med internopplæring, opplæring for folkevalde og administrerer dei folkevalde sine arbeidsvilkår. Sekretariatet for folkevalde organ ligg i stab/servicetorget.

### 121 Eigedomforvaltning

Her vert ført forvaltningsutgifter i høve kommunen sin eigedomsmasse. Skadeforsikring for kommunal eigedom er samla på budsjettkapitlet.

### 130 Administrasjonsbygningar

Drift av rådhuset.

### 170/171 Premieavvik (pensjon)

Premieavvika er differansen mellom betalt og bokført pensjon. Etter nytt prinsipp vert denne utlikna i null kvart år.

### 180 Diverse fellesutgifter

Her er budsjettert reserve lønsoppgjjer og generelle tillegg/reserveløyvingar. I tillegg fører vi her kommunen sin kostnad til lærlingar.

## Styringsmål 2016

Styringsmål		Datakjelde	Status		Mål 2016	Resultat 2016
			Luster	Landet		
B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0	
B	Tal klagesaker m/ omgjeringssvedtak	Registrering	0	-	0	0
Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap Visma	93%	-	< 100%	92%
M	Medarbeidertilfredsheit (skala 1-6), siste status er 2014	Betre Kommune	5	-	4,8	-**
M	Sjukefråvær (servicetorg, rådmann, øk, pers.)	Fråværsstatistikk	1,9		<2,3	1,2

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

\*) ev. avvik/status hadde me forventingar om at me kunne hente ut rapport frå nytt sakarkivsystem frå januar 2016. Slik rapport er ikkje mogleg å hente ut, men system varslar og gir melding om frist. Me har bede leverandør om dei kan utvikle systemet vidare .

\*\*\*) Undersøkinga blir gjennomført i 2017. Blir rapportert i neste årsmelding.

### Aktivitet 2016

- Organisatoriske endringar i rådmannen sin stab frå august 2016: Assisterande rådmann vart kommunalsjef Helse og Omsorg, Oppvekstleiar vart kommunalsjef oppvekst. Lønsarbeidet vart lagt til personalstaben, og rådmannen overtok stableiarfunksjon for personal.
- Omfattande arbeid med prosjektet *Framtidig tenestetilbod i pleie og omsorg* i heile 2016. Saka vart slutthandsama i kommunestyret 21.4.2016 (sak 28/16) med eit vedtak i 11 punkt. Arbeidet med oppfølging av vedtaket er omfattande og starta rett etter kommunestyret si handsaming.
- Arbeidet med IKT og digitalisering var eit prioritert satsingsområde i heile organisasjonen i 2016. Satsinga gjeld både nye system, nye program, ny maskinvare, betra infrastruktur, organisasjonsutvikling og kompetanseutvikling.
- Iverksett datalagring hjå Bluefjords
- Innført elektronisk arkiv i kommunen sitt hovudsak- og arkivsystem.
- Klargjort og ordna formannskapet sitt arkiv 1963-78 for avlevering i januar 2017.
- Tok i bruk SvarUt, digital forsending av dokument til innbyggjarar via Altinn og digital postkasse.
- Fornya heimesida i samarbeidsprosjekt med Sogndal og Leikanger. Ny heimeside vart lansert 1. desember.
- Gjennomført brukarundersøking barnehage og skule.
- Førebudd medarbeiderundersøking for gjennomføring i januar 2017.
- Har revidert beredskapsplanar og innført varslingsystemet Varsling 24, framweb, med sms varslings som har blitt nytta ved vasstenging og ureiningssaker.
- Byggesteg 1 for rådhuset vart gjennomført 2016, omtalt under tekniske tenester.



Heider til kommunalt tilsette. Den 16. februar 2017 var det samling i Bremerfjosen på Hafslo med markering av tilsette med 25 års fartstid i Luster kommune: Framme frå venstre: Sissel Olstad Morken, Gerd Høyum, Katy Marie Hillleren, Heidi Karin Teigen Njøs, Ingrun Søhoel, Gerd R. Høyum, Siv Lise Brun, Aud Karin Stuppelshaug, Gyda Hauge Alme, Anne Marie Alme. Bak frå venstre: Ordførar Ivar Kvalen, Else Marie Haugen, Marianne Hansen, Torstein Lomheim, Kjell Inge Nedberge, Gro M. Kvalsvik, Gunn Beate Thorsnes Lefdal, Oddny Nornes, Venke Alme, Arve Bjørn Røneid, Gunn Wenche Bukve, rådmann Jarle Skartun.

#### Avvik:

- Elektroniske elevmapper burde vere klart til skulestart 2016 etter innføring av datasystem Visma Flyt Skule. Det vert arbeidd våren 2017 for å nå dette målet.
- PPT sitt arkiv er ikkje ordna og avlevert. Det vart ikkje tid for dei tilsette i PPT å ordne dette før dei flytta over til Sogn PPT. Kommunen har eit etterslep på personarkiv som bør avleverast til fylkesarkivet.
- Gjennomgang og drøfting av kapitalforvaltning er forskyvd til 2017 i lag med gjennomgang av økonomi- og finansreglement..



#### Kostragruppe 12

- innbyggjarar: 5 - 20.000
- middels bundne kostnader
- høge frie disponible inntekter

### Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 16	Bud 16(r)	Avvik	Rekn 15
110	Revisjon og kontrollutval	809	1 016	-20 %	764
120	Administrasjon	24 897	24 012	4 %	23 764
121	Eigedomsforvaltning	2 118	1 882	13 %	2 051
130	Administrasjonsbygg	1 019	1 080	-6 %	1 047
170	Premieavvik i år	-2 349	0	-100 %	0
171	Premieavvik tidl. år	294	0	100 %	0
172	Pensjon	40	0	100 %	42
180	Diverse fellesutgifter	65	1 316	-95 %	-361
	Sum	26 893	29 306	-8 %	27 307

110 Mindreforbruk på både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon i 2016.

120 Meirforbruk kjøp av tenester/advokat, Færre aktiverte prosjektimar plan, Underbudsjettering av adm. fellessystem og felles datasystem, Manglande budsjettering lærlingar, Mindreforbruk bedriftshelse.....


121 Mindre fordelte lønskostnader enn budsjett, manglande budsjettering av drift adresseprosjektet.

170 Avrekning pensjon, vesentleg gunstigare enn budsjett.


180 Samla tilleggsøyvingar i budsjett på 1.250 er ikkje fordelt.

### Tiltak 2016 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.	Resultat 2016
Kommunedelplan som skal visa korleis kommunen skal vera førebudd på å handtera uynskte hendingar og minst innehalda plan for kriseleiing, varslingslister, ressursoversikt, evakueringsplan og informasjonsplan	Vidare planarbeid i 2016	Vil bli skildra i kommunestyresaka.	Vart handsama i kommunestyret februar 2016, k.sak 14/16
Etablera gjennomgangsbustader i alle bygdelag (Indre Hafslo og Veitastrond ferdig 2014) (Fortun under bygging 2015-16) (Nærare vurdering av Sørsida/Ornes.)	Ferdigstilling av Fortun.  Vurdere Sørsida/Ornes.	Stiftinga Luster Utleigebustader	Utleigebustad i Fortun vart ferdigstilt november 2016.  Det er ikkje gjort vurderingar på utleigebustad på Sørsida/Ornes.
Tilpassa den kommunale informasjonstenesta til nye kommunikasjonsmedium og nye innbyggjargrupper	Utvikle heimesida med større meny på fleire språk. Innføre USM-varsling ved beredskapsvarsel.		Ny heimeside vart lansert i 2016. Her er informasjon på engelsk på nokre tenester. SMS – beredskapsvarsel er innført 2016.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2014	188,06
2015	183,20
2016	186,67

## Oppvekst

Tenesteområde oppvekst er organisert med barnehage, skule og SFO. Det er tre reine barnehagar; Gaupne, Gamlestova og Hafslo barnehage. Fem einingar er organiserte som oppvekstsenter med barnehage, barneskule og SFO. I tillegg er det tre reine grunnskular; Gaupne skule, Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule. Veitastrond skule er administrativt knytt til Hafslo barne- og ungdomsskule medan Veitastrond barnehage er organisert som ei avdeling under Gamlestova barnehage.

I staben til rådmannen er tenesteområdet dekkja gjennom leiar oppvekst (100 % stilling), rådgjevar tilpassa opplæring (20 %) og pedagogisk konsulent for barnehage (60 % stilling).

### Barnehage

#### Overordna mål

Desse måla tek utgangspunkt i barnehagelova §1:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene»

I tillegg til barnehagelova er den statlege rammeplanen styrande for barnehagedrifta.

Luster kommune sine overordna mål er å:

- ha full barnehagedekning med høg kvalitet på tilbodet. Ha tilstrekkeleg med plassar slik at ein kan ta inn nye barn i løpet av året, jf. gjeldande vedtekter
- gje alle barn eit godt barnehagetilbod som er variert og brukartilpassa og som byggjer på eit heilskapleg læringsyn med omsorg, lek og læring som sentrale deler
- leggja til rette for at barna også får aktivitetar utanfor barnehagen sine lokale og område, dvs. gjera seg nytte av nærmiljøet og naturen
- styrkja det pedagogiske tilbodet i barnehagane med faglege satsingsområde og kompetanseheving av personalet

- syta for at barnehagepersonalet er i stand til å gje omsorg og opplæring i samsvar med sentralt gjevne føringar og målsetjingar

#### Tenester og oppgåver

##### Barnehage

Tre reine barnehagar; Gaupne, Gamlestova og Hafslo barnehage. Fem einingar er organiserte som oppvekstsenter med barnehage, barneskule og SFO – Skjolden, Luster, Jostedal, Indre Hafslo og Solvorn. Barnehagen på Veitastrond er administrativt lagt under Gamlestova barnehage på Hafslo.

Alle barn som har rett på barnehageplass får plass ved hovudopptak. Kommunen hadde også suppleringsopptak frå 15. januar 2016. Bemanningssituasjonen er god og stabil, men det kan i periodar vera nokre utfordringar med å skaffe vikarar.

##### Overgang barnehage – skule

Kunnskapsdepartementet legg føringar for at det skal vera gode rutinar for overgang mellom barnehage og skule. Det ligg gjennomarbeidde prosedyrar i vårt kvalitetssystem for overgang barnehage-skule. Desse prosedyrane vert også teke opp til drøfting på rektorstyremøte. Det siste som er lagt til i rutinen, er at det på møtet mellom skule og barnehage på vårparten også vert teke opp korleis det gjekk faglege med 6-åringane som byrja i skulen hausten før.

##### Tverrfagleg samarbeid

Barnehagane samarbeider med nærmaste skule, andre barnehagar, Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP for å ivareta barna best mogeleg. Barnehagane samarbeider dessutan tett med PPT når det gjeld utgreiing og oppfølging av enkeltbarn og grupper. HSP-team (helse, sosial, psykisk helse) har to møter i året. Innarbeidde rutinar vert evaluerte med jamne mellomrom for å få til dei best moglege tilboda.

I tillegg deltek pedagogisk konsulent barnehage som fast representant for Oppvekst i det tverrfaglege forumet Familieforum der Helsestasjonen, psykisk helseteam, møter fast i tillegg til at PPT, Sogn barnevern og BUP møter ved høve.

Barn med særskilde behov skal vera ein del av barnegruppa, men samtidig få særskild støtte ut frå egne behov. Eit tett samarbeid med PPT, Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP er her naudsynt. Gode rutinar for eit slikt samarbeid har vorte utvikla gjennom det tverrfaglege prosjektet «Saman for barn og unge». Det er utarbeidd ei handbok for tverrfagleg samarbeid.

#### *Språkutvikling og lesing*

Barnehageåra 2015/16 og 2016-17 er språkutvikling og lesing felles satsingsområde for barnehagane i Luster. Det har vore gjennomført fleire fagsamlingar gjennom året for å stø opp om satsinga; kurs om song og musikk i barnehagen, kurs om korleis gjera samlingsstunda meir variert og opplevingsrik og fagøktar om korleis den gode samtalen kan bidra til språkstimulering gjennom heile barnehagedagen. Til gjennomføringa av det sistnemnde kurstilbodet har kommunen også fått kr 60 000,- frå Fylkesmannen i midlar til kompetanseheving.

I 2015 vart det gjennomført felles kommunalt fagnettverk for barnehagepedagogar og lærarar på 1.-2. trinn om den første leseopplæringa i samarbeid med Statped Aust. Denne organiseringa vart ført vidare i 2016 der dei to utdanna språk- og leserettleiarane i kommunen gjennomførte ei nettverksøkt hausten 2016. Det er ein stor fordel at pedagogar i barnehage og skule møtest for erfaringsdeling og for å drøfta vidare fagleg utvikling.

Barnehageåret 2015-16 tok ni pedagogar og assistentar nettkurset «Barn og språk» arrangert av Norsk nettskole i samarbeid med Dysleksi Norge. Barnehageåret 2016/17 er det fem pedagogar og assistentar som tek dette kurset som gjev ei grundig innføring i korleis barn utviklar språket sitt og korleis ein kan førebyggje lese- og skrivevanskar. I tillegg til desse kommunale tiltaka har kvar barnehage også sett opp egne mål og tiltak når det gjeld språkutvikling og lesestimulering.

#### *Regionale nettverk*

Totalt 45 tilsette frå barnehagane deltek i regionale barnehagenettverk. Det er eitt nettverk for kvart av dei sju fagområda i rammeplanen. Nettverka har samlingar to gonger kvart barnehageår med mellomliggende arbeid og utprøving i barnehagen. Luster har ansvar for å driva nettverket Etikk, religion og filosofi. Nettverka rullerer på å dra på studietur. Nettverket Etikk, religion og livsfilosofi var vinteren 2016 på studietur til Roma. Som ei oppfølging av denne studieturen vart det hausten 2016 gjennomført eit 3-timars kurs i etikk for alle barnehagetilsette i Luster.

#### *Oppvekstbibliotek*

Som ein del av satsinga på oppvekstbibliotek har barnehagane i Luster etablert mini-utlån av bøker i garderobeområdet i barnehagen. På denne måten er det enkelt for barn og føresette å låna med seg bøker.

#### *Fysisk aktivitet*

I 2015-16 var barnehagane med på eit forskingsprosjekt styrt av Høgskulen i Sogn og Fjordane, det såkalla PRESPAS (The Sogn og Fjordane Preschool Physical

Activity Study). Hovudmålet var å undersøkje kor fysisk aktive 3–5 år gamle barnehagebarn i Sogn og Fjordane er og korleis den fysisk aktiviteten heng saman med faktorar som motorisk utvikling, kjønn, alder, vektstatus og sosial bakgrunn. I 2016/17 vart dette prosjektet vidareført ved at Høgskulen no forskar vidare på korleis aktivitetsnivået er for desse barna når dei har byrja i skulen.

#### *Psykisk helse*

Tre av barnehagane i Luster – Solvorn, Indre Hafslo og Gamlestova – har delteke i eit forskingsprosjekt om angst blant småbarn, «kule krabatar leikar», i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Forskingsprosjektet inngår i eit tverrfagleg prosjekt der Luster kommune også har fått stønad frå Fylkeskommunen. Leikeprogrammet «kule krabatar leikar» er innført i alle barnehagane i kommunen. Ressursperson ved HiSF har delteke på personalmøte i alle barnehagar for å skulere dei tilsette.

#### *IKT*

Barnehagane hadde ein representant med på den årvisse IKT-konferansen NKUL (Norsk konferanse om bruk av IKT i utdanning og læring). Seinhaustes 2016 har det vore opplæring i nytt administrativt dataverktøy, Visma Barnehage, til bruk ved opptak og fakturering. Verktøyet er også knytt opp mot sak-arkiv ESA. Modulen Notus vart frå januar 2017 teken i bruk for føring av timelister.

#### *Barnehageplassar*

Ved hovudopptaket for 2016 var det solide søkartal i alle barnehagar, og det er opp mot fullt ved dei fleste av barnehagane utifrå noverande bemanning. Tal plassar vart auka frå 54 til 66 i Gamlestova, og frå 30 til 36 i Indre Hafslo. Per 1. november 2016 var det nokre ledige plassar i barnehagane i Solvorn, Indre Hafslo, Jostedal, Veitastrand og Gaupne. Ved suppleringsopptaket for 2016-17 med søknadsfrist 15. oktober var det høge søkartal.

Til saman 35 søkarar søkte ved suppleringsopptaket. 15 av desse var nye søkarar. 20 søkarar hadde allereie plass i ein barnehage, men søkte utvida eller redusert plass. 2 nye søkjarar og 3 endring av plass fekk ikkje det tilbodet dei ynskte, og står framleis på venteliste.

Ny teljemåte for 3-åringane i barnehagen innført frå og med januar 2015 som inneber at barn fødte i januar–juni i hovudsak tel som ein plass og ikkje to og elles ledig kapasitet, har langt på veg gitt søkarane i suppleringsopptak plass innanfor eksisterande rammer. Tal plassar i dei ulike barnehagane fordeler seg slik pr. 15.11.16:

## Årsverk og tilleggsressursar

Endringar i tal barn, tal årsverk og tilleggsressursar (spesialpedagogiske tiltak) frå 2015/2016 til 2016/2017 per. 15.12.2016 er slik:

Barnehage	Barn 2015	Barn 2016	Årsverk 2015	Årsverk 2016	Spes.ped. 2015	Spes.ped. 2016
Gaupne	77	77	19,40	19,80	0,56	1,10
Hafslo	43	46	11,00	11,00	0,44	0,44
Luster	25	24	5,50	5,50	0,44	
Gamlestova	42	49	10,0	12,00	1,27	1,10
Jostedal	19	14	4,38	4,15	0	
Solvorn	12	11	3,35	3,35	0	
Skjolden	17	16	3,95	3,35	0,85	
Indre Hafslo	23	24	5,50	6,50	1,40	
Veitastrond	9	8	2,40	2,00	0	1,07
<b>Totalt</b>	<b>268</b>	<b>270</b>	<b>65,48</b>	<b>67,65</b>	<b>5,25</b>	<b>3,71</b>

Pr. 15.12.16 har 270 barn barnehageplass. Av desse får 6 barn spesialpedagogisk tilbod.

Barnehageåret 2016/2017 har lustrabarnehagane ein personalressurs på 67,65 årsverk innan ordinær drift, 3,71 årsverk innan spesialpedagogiske tiltak og 3,78 årsverk innafor styrka tiltak, totalt 75,14 årsverk. Dette er ein auke på om lag 4,4 årsverk samanlikna med 2015.

Det er ein bemanningsauke ved Gamlestova og Indre Hafslo grunna fleire barn. I tillegg skuldast endringa ein auke i generelle styrkingstiltak i barnehagane.

Barnehage	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Freitag
Gaupne	101	104	100	101	95
Hafslo	61	62	61	60	57
Luster	26	30	26	30	29
Gamlestova	65	65	60	65	61
Jostedal	20	20	17	19	20
Solvorn	13	14	14	12	13
Skjolden	19	18	18	18	19
Indre Hafslo	31	35	31	35	30
Veitastrond	12	12	12	12	stengt
<b>Sum</b>	<b>348</b>	<b>360</b>	<b>339</b>	<b>352</b>	<b>324</b>

På Veitastrond er det fulltidsbarnehage måndag-torsdag. Barnehagen på Indre Hafslo fekk hausten 2016 eit mindre påbygg som betra garderoberilhøva for personalet. Også ved barnehagen i Jostedal er det planlagt renovering og ei mindre utviding i 2017, jf. økonomiplanen.

### Aktivitet 2016

- Auke i tal barnehageplassar i Gamlestova og på Indre Hafslo
- Mindre påbygg til barnehagen på Indre Hafslo for å betra garderoberilhøva.
- Språkutvikling som felles fagleg satsingsområde for alle barnehagane i Luster.  
Lokalt fagnettverk i lag med lærarar 1.-2. trinn med språkutvikling. Eiga fagsamling om den språkutviklande samtalen med ekstern kurshaldar.
- Ressursperson frå HiSF har delteke på personalmøte i alle barnehagane og rettleia om psykisk helse og verktøyet «kule krabatar leikar».

- Ni pedagogar og assistentar tok i barnehageåret 2015/16 nettkurset «Barn og språk» arrangert av Norsk nettskole i samarbeid med Dysleksi Norge Hausten 2016 byrja fem pedagogar og assistentar på det same kurset.
- Sommarleskampanje for barnehagebarna, eit samarbeid mellom Luster bibliotek og Oppvekst. Det var andre året barnehagebarna var inkludert i kampanjen.
- Kurs i småbarnssong, kurs for å gjere samlingsstunda betre og kurs i etikk for tilsette.
- Barnehagane i Luster fekk barnehageåret 2016/17 innvilga støtte på om lag 40 000 kr frå Fylkesmannen til symjeopplæring for dei eldste borna i barnehagen



Mange tilsette frå barnehagane fekk med seg kurset "Den magiske samlingsstunden",

## Barnehage

Styringsmål			Datakilde	Status		Mål 2016	Resultat 2016
				Luster	Landet		
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0	-
	B	Tal klagesaker m/ omgjæringsvedtak	Registrering	0	-	0	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap 2016 Visma	99,8 %	-	<100 %	106 %
	M	Medarbeidartilfredsheit (3 barnehagar, skala 1-6)	BedreKommune 2015	4,7	4,6	4,8	-
	M	Sjukefråver -barnehage	Fråversstatistikk 2016	9,4 %	-	5,5 %	9,4 %
Barnehage	B	Oppmøteprosent på foreldremøte haust	Registrering 2016	70 %	-	90 %	70 %
	B	Brukartilfredsheit (skala 1-6)	Brukarspørjing	5,1	5,1	5,2	5,1
	B	Andel styrarar og leiarar utan pedagogisk utdanning	SSB	3 %	10,9 %	0	0
	B	Andel assistentar med relevant utdanning	SSB	44,2 %	28,5 %	50 %	58%

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål


## Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 16	Bud 16(r)	Avvik	Rekn 15
201	Barnehage	33 473	31 508	6 %	29 939
211	Styrka barnehagetilbod	3 261	3 238	1 %	2 464
221	Barnehagelokale	2 862	2 757	4 %	2 254
	Sum	39 596	37 503	6 %	34 657


201) Meirforbruk grunna; redusert foreldrebetaling grunna låg inntekt er ikkje kompensert i budsjettet(250 000), fritak i foreldrebetaling for spesialpedagogisk hjelp(100 000), høge vikarutgifter, styrkingstiltak og lønsvekst er ikkje fullt ut budsjetterte.

221) Mindre meirforbruk på straum/kommunale avgifter og vedlikehald.

## Kostra-samanlikning



## Kostra-samanlikning



## Grunnskule

### Overordna mål

- Arbeida for ein inkluderande skule, med god trivsel, høg fagleg kvalitet og gode resultat
- Arbeida systematisk med både den første og den andre leseopplæringa – korleis lese for å læra – og skriving som grunnleggjande dugleik på tvers av fag.
- Auka kunnskapen blant pedagogisk personale om lese- og skrivevanskar hjå elevane
- Flytta fokuset frå spesialundervisning til tilpassa opplæring og auka kvaliteten på spesialundervisninga
- Gje SFO-tilbod til elevar på 1.-4. klassesteg så langt som mogleg ved heimeskulen
- Gje tilbod om opplæring på grunnskulenivå for vaksne og norskopplæring med samfunnskunnskap for innvandrarak/flyktningar
- Tilby vidareutdanning og kompetanseheving for å betra fag- og kompetansegrunnlaget.
- Oppretthalda ein desentralisert skulestruktur med vekt på lustraidentitet

### Tenester og oppgåver – generelt

#### 202 Grunnskule

Obligatorisk grunnskuleopplæring er basert på opplæringslova og læreplanar.

Det er 661 elevar i grunnskulen i Luster skuleåret 2016/17. Elevtalet varierer frå 7 til 212 elevar på dei ulike skulane, og det er totalt 39 grupper / klassar i skulane. 56 elevar får spesialpedagogiske tilbod etter enkeltvedtak, same tal som skuleåret før. Dei to siste skuleåra har det vore ein tydeleg nedgang i tal enkeltvedtak frå åra før, til dømes hadde 79 elevar enkeltvedtak 2014/15. 23 elevar får særskilt norskopplæring etter § 2-8 i opplæringslova og enkeltvedtak, noko som er litt meir enn i fjoråret då 19 elevar hadde dette opplæringstilbodet.

### Elevar fordelt på alderssteg 2015/16

Klasse	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Elevar	Klassar
Luster ungdomsskule								47	45	39	<b>131</b>	6
Hafslo barne- og ungdomsskule	16	24	18	20	19	29	17	30	21	18	<b>212</b>	12
Gaupne skule	23	17	22	28	17	16	22				<b>145</b>	6
Luster oppvekstsenter	4	4	8	7	3	8	7				<b>41</b>	3
Skjolden oppvekstsenter	4	2	4	6	6	6	9				<b>37</b>	3
Indre Hafslo oppvekstsenter	4	6	5	2	8	6	7				<b>38</b>	3
Jostedal oppvekstsenter	6	0	8	5	3	3	3				<b>28</b>	3
Solvorn oppvekstsenter	5	2	3	3	3	3	2				<b>22</b>	2
Veitastond skule	1	1	1	1	1	1	1				<b>7</b>	1
<b>SUM</b>	<b>63</b>	<b>56</b>	<b>69</b>	<b>72</b>	<b>60</b>	<b>72</b>	<b>69</b>	<b>77</b>	<b>66</b>	<b>57</b>	<b>661</b>	<b>39</b>

Oppvekst nyttar dei tidlegare nasjonale reglane om klassedeling;

Maks 12 elevar med 4 alderssteg i same klasse, maks 18 elevar med tre alderssteg i same klasse og maks 24 elevar med to klassesteg i same klasse. Maks 28 elevar i same klasse på barnesteget, maks 30 elevar i same klasse på ungdomsteget. Tilpassingar i høve elevar med særskilte behov – t.d. høyrselshemming – er også med i vurderinga av gruppestorleik.

Veitastond skule vert administrert frå Hafslo barne- og ungdomsskule. Elevane på Veitastond har, i samarbeid med heimane, eit tilbod der dei går på Hafslo barne- og ungdomsskule einskilddagar. Fagplanar og opplegg blir tilpassa slik at dei kan gå inn i ordinær undervisning. Ordninga blir praktisert når vegforholda gjer det mogeleg.

Luster kommune har *fem barn som går på skule i andre kommunar* og som kommunen må betala utgifter for. Luster kommune har i skuleåret 2016/17 *tre gjesteelevar.*

### Elevtal Luster 2015–17

Skule	2015-16	2016-17
Gaupne skule	135	145
Hafslo barne- og ungdomsskule	219	212
Indre Hafslo oppvekstsenter	40	38
Jostedal oppvekstsenter	26	28
Luster oppvekstsenter	44	41
Luster ungdomsskule	131	131
Skjolden oppvekstsenter	37	37
Solvorn oppvekstsenter	19	22
Veitastond skule	7	7
<b>SUM</b>	<b>658</b>	<b>661</b>

#### Trivsel og miljø – sosial kompetanse

Olweus-programmet, eit haldningsskapande arbeid mot mobbing og antisosial åtferd og arbeid for auka sosial kompetanse, held fram. Det er avsett 10 % til ein felles koordinator, for kvalitetssikring av programmet. Sju av skulane i Luster er med på programmet. Olweus-satsinga er eit ledd i det kontinuerlege arbeidet med å forhindre mobbing i skulen.

Hafslo barne- og ungdomsskule arbeider med utviklingsprogrammet PALS. Dette er ein tiltaksmodell for å styrke sosial kompetanse, førebyggje og meistra åtferdsproblem.

#### *Overgang barnehage – skule*

Kunnskapsdepartementet legg føringar på at ein skal få til gode rutinar for overgang mellom barnehage og skule. Det ligg gjennomarbeidde prosedyrar i kvalitetssystemet til Luster kommune.

#### *Lesing som fagleg satsingsområde*

Ein overordna kommunal leseplan som gjeld både for barnehage og skule vart innført ved oppstart barnehage- og skuleåret 2014-15. Leseplanen har sidan vorten følgt opp med ei rekke konkrete støttetiltak, mellom anna gjennom eitt samarbeid med Statped Aust med fagøktar og rettleiing både for barnehage og skule 2015/16. Den kommunale leseplanen vart revidert hausten 2016. Kvar skule har elles nedfelt eigne mål og tiltak for lesing i utviklingsplanane sine for å realisera ambisjonane den kommunale leseplanen.

Frå spesialundervising til tilpassa opplæring Skuleåret 2014-15 reetablerte Oppvekst eit lokalt fagnettverk om spesialundervising.

Det har vore lagt opp til to-tre nettverksmøter kvart halvår. Ansvarleg lærar/koordinator for spesialundervising på kvar skule møter i nettverket, eventuelt også rektor. Intensjonen med fagnettverket er å ha eit forum for å diskutera problemstillingar knytt til spesialundervising og tilpassa opplæring, dela både erfaringar, utfordringar og gode løysingar.

I samband med søkelyset på tilpassa opplæring gjennomførte Oppvekst ei kartlegging om tidleg innsats i barnehagar og skular og tilgrensande hjelpeinstansar hausten 2015. Denne vart følgt opp med ein ny kommunal plan om spesialundervising og tilpassa opplæring våren 2017. Førre tilsvarande plan er frå 2006.

#### *Forsterka opplæring – intern kompetanseheving*

Mange elevar får spesialundervising etter enkeltvedtak. Det vart sett i gang arbeid for å få til forsterka opplæring som i større grad ivaretek enkelteleven utan at dette skjer gjennom spesialundervising/enkeltvedtak. Dette vart eit satsingsområde i skuleregion Sogn gjennom «System for styrka læring».

Ein lærar og ein leiar er i gang med å ta eit etterutdanningskurs i lese- og skrivevanskar i regi av Dysleksi Norge og Norsk nettskole. Førre skuleår tok seks lærarar og leiarar dette kurset, året før heile 27 stk. Det langsiktige målet er at skulane skal ha god kompetanse i eigne rekker innafor lese- og skrivevanskar slik at denne elevgruppa i større grad kan få dekkja behova sine gjennom den ordinære tilpassa undervisinga i staden for spesialundervising.

#### *Nasjonale ungdomstrinnsatsing*

Ungdomstrinnsatsinga 2013–2017 med utgangspunkt i Stortingsmelding 22, Motivasjon – Mestring –

Muligheter, er ei nasjonal satsing med tilbod om støtte til lokalt utviklingsarbeid i klasseleiing, rekning, lesing og skriving.

Målsetjinga er auka motivasjon og læringsutbytte på ungdomstrinnet gjennom meir praktisk, variert og relevant undervisning for å heve nivået i rekning, lesing og skriving spesielt. Dette skal auka gjennomføringa i vidaregåande skule.

Ungdomsskulane i Luster – til liks med brorparten av dei andre ungdomsskulane i Sogn – er med i pulje 4 som byrja hausten 2016. Begge ungdomsskulane i Luster har valt skriving som satsingsområde. Gjennom ungdomstrinnsatsinga får skulane tilbod om skulebasert undervisning over tre semester med rettleiing frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Skulebasert kompetanseutvikling vil seia at skulen, med leiing og alle tilsette, deltek i ein utviklingsprosess på eigen arbeidsplass der målet er å utvikla samla kunnskap, haldning og ferdigheit på skulen når det gjeld læring, undervisning og samarbeid. Eit konkret delmål for satsinga i Luster er tettare samarbeid mellom dei to ungdomsskulane i kommunen. I samband med UiU-satsinga er det tilsett kommunal ressurslærar i 20 % stilling i perioden 2016/17 og 2017/18 som også deltek på dei nasjonale ressurslærarsamlingane på Gardermoen saman med ein lærar frå Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule.

#### *Entreprenørskap*

Grunnskulen i Luster skal legge til rette for at barn og ungdom får god opplæring og kunnskap i entreprenørskap som kan stimulere til nyetablering. Alle elevane skal få øving i og høve til å utvikle dei kreative evnene sine gjennom arbeid med idear som dei kan utvikle. Ungdomsskulane har også tradisjon for entreprenørskap gjennom årvisse elevbedrifter.

#### *Fagnettverk*

Skulane deltek i ulike regionale fagnettverk der det er faste felles kursdagar. Dei siste åra har det vore fagnettverk i matematikk, engelsk og norsk lagt til ein planleggingsdag i august og ein i januar ved semesterstart. Dette er no under revisjon, særleg bruken av dagen i januar.

I tillegg er det nettverk for kunst og handverk m.fl., entreprenørskap, psykisk helse, spesialpedagogisk undervisning, fådelt skular, IKT, rektorar og rådgjevarar.

Forutan regionale nettverk har Luster kommune også eigne kommunale fagnettverk.

I 2016 er det gjennomført kommunale fellesøkter om lesestrategiar både for skule og for barnehage og lærarar 1.-3. trinn om den første leseopplæringa. I tillegg har det vore samlingar om organisering og innhald i lesekurs og om skriving i naturfag og matematikk.



*Omtrent heile kollegiet på Luster ungdomsskule var på tur til Bergen i haust, der me hospiterte på Rothaugen skule i Bergen. Tema: digitalisering, tverrfagleg samarbeid. Dei budde på Brekkestranda og hadde eit teambuildings-opplegg mellom anna der, samt sosialt og fagleg samvær.*

#### *Oppvekstbibliotek*

I samband med omlegginga av bibliotekenesta i kommunen, har Luster folkebibliotek saman med Oppvekst samarbeidd om etableringa av såkalla oppvekstbibliotek, det vil seia kombinerte barnehage- og skulebibliotek. I august 2015 blei det nye biblioteket ved Skjolden oppvekstsenter opna, og biblioteket i Skjolden er pilot for satsinga med automatisert utlån. Mykje av bibliotekarressursen i prosjektet er knytt til oppvekstbiblioteket på Hafslo som skal vera tilgjengeleg for både skuleelevane og barnehagebarna i krinsen. Dette bibliotekprosjektet vil dreia seg både om det bibliotektechniske – automatisert utlån – og om oppvekstbiblioteka som ein stad for litteraturformidling og leselyst. Fylkesmannen har gjeve eit mindre tilskot til satsinga. Per november 2016 står det att ei mindre oppussing av bibliotekarealet i Jostedal og på Veitastrond elles har alle oppvekstsentra og Hafslo barne- og ungdomsskule oppfriska bibliotekareal med automatisert utlån.

#### *Leiing*

Til oppstart skuleåret 2016/17 blei det tilsett to nye rektorar ved Luster ungdomsskule og Hafslo barne- og ungdomsskule i tillegg til ny inspektør ved Luster ungdomsskule. To rektorar tek vidareutdanning som leiarar gjennom det nasjonale utdanningstilbodet kalla rektorskulen.

#### *Fysisk aktivitet*

Nasjonalt er det stort fokus på auka fysisk aktivitet, noko og folkehelsearbeidet stadfestar.

Alle skulane i kommunen har stort fokus på fysisk aktivitet, der det vert integrert fysisk aktivitet i dei ulike faga Fysak.

#### *Valfag*

Ved Hafslo barne- og ungdomsskule tilbyr ein fire ulike valfag: Programmering, Natur, miljø og friluftsliv, Trafikk, Produksjon av varer og tenester. Ved Luster ungdomsskule tilbyr ein fem valfag: Programmering, Fysisk aktivitet og helse, Design og redesign, Innsats for andre og Trafikk.

Programmering som valfag er eit treårig forsøksprosjekt innført av Utdanningsdirektoratet. Luster kommune får kr 100 000,- kvart år i treårsperioden prosjektet varar til kjøp av utstyr og kompetanseheving av lærarar til dømes gjennom samlingar i Oslo.

#### *IKT*

Innføringa av IKT i alle fag og digital ferdigheiter som ein av dei fem grunnleggjande ferdigheitene, gjer det viktig å ha ei brei satsing på IKT både når det gjeld programvare, maskinvare og pedagogisk bruk. Hausten 2014 blei strategigruppe for IKT oppvekst gjenoppretta og vil arbeide systematisk med IKT i barnehage og skule. Det er også etablert eit lokalt fagnettverk av IKT-kontaktar/pedagogar som har møte eit par gonger i halvåret.

Våren 2016 byrja innføringa og opplæringa av programpakka Microsoft365. Innføringa av denne programvaren skjer gradvis. Det viktigaste er bruk av OneNote som samarbeids- og arbeidsverktøy og skylagring gjennom OneDrive. Fleire av skulane har byrja å ta i bruk ei kombinert berbar datamaskin og nettbrett, kalla Surface. I utgangspunktet er dette ei investering som skulane tek over eige budsjett. Skulane har hausten 2016 også teke i bruk Visma Flyt Skule som skuleadministrativt system. I tillegg har skulane også byrja å bruka Visma Sampro som reiskap for digitale individuelle opplæringsplanar.

#### *Inn på TUNET*

Nokre grunnskuleelevar får tilbod om alternativt pedagogisk opplegg i delar av skuleveka .

Den praktiske opplæringa utgjør ein sentral del av opplegget. Det finst tre «Inn på TUNET»-tiltak som grunnskulen nyttar pr. i dag. Alle tiltaka er i tilknytning til gardsbruk. Finansieringa av dei pedagogiske tiltaka skjer over budsjettet til den enkelte skule.

#### *Leksehjelp*

Frå og med skuleåret 2015-16 blei leksehjelp endra å gjelda 4.-7. trinn og ikkje 1.-4. trinn som tidlegare. Årsaka til dette er at skulane opplevde at leksehjelpa ikkje var særleg verknadsfull for dei yngste elevane. Samstundes er leksene gjerne meir utfordrande høgare opp i alders-stega, og difor er det fornuftig at elevane i auka grad kan få hjelp med leksene medan dei er på skulen. Elevane på 4.-7. trinn får tilbod om leksehjelp to timar per veke. Organiseringa er ulik frå skule til skule for å tilpassa ordninga best mogeleg lokalt. Det er 143 elevar som nyttar leksehjelp skuleåret 2016/17. Dette er åtte fleire elevar enn skuleåret før.

#### *Program for nyutdanna*

Kunnskapsdepartementet og KS har inngått avtale om å arbeide målretta for at nyttilsette og nyutdanna pedagogar i skule og barnehage skal få eit tilbod om rettleiing. I Luster har me ei eiga mentorordning og eit eige program for nyttilsette med fleire samlingar per semester. Oppfølginga vert samordna for alle skulane og barnehagane i Luster kommune. Det er også tett samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane om mentorordninga. I år deltek meir enn ti lærarar på nyutdanna/nyttilsettprogrammet.

#### *Erasmus+ - europeisk samarbeidsprosjekt*

Luster kommune deltek for første gang i eit europeisk skuleprosjekt. Saman med partnarar i fem andre land (Danmark, Island, Irland, Hellas og Kroatia) har Luster søkt om midlar til eit prosjekt kalla RECEPTION (Role of Early Childhood Education in Positive Transition / Induction Outcomes for New pupils) som skal vara frå 2016-2019. Hovudtema er kvalitet i begynnaropplæringa og overgangen barnehage-skule. Prosjektet er finansiert av midlar frå EUs utdanningsprogram Erasmus+. Oppstartmøtet vart halde i Ennis i Irland november 2016 og der deltok kommunalsjef, to rektorar og to lærarar.

#### *Samarbeidspartar*

Skulane samarbeider tett med PPT, som har samarbeidsrutinar i det sakkunnige arbeidet og i oppfølgingsarbeidet. Frå og med 1. januar 2016 har Luster felles PP-teneste med Sogndal, Vik, Leikanger og fylkeskommunen for Sogndal vidaregåande skule. I utgangspunktet vert rutinar og søknadsprosedyrar vidareført som i dei førre skuleåra.

Skulane samarbeider elles med Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP. Tverrfaglege team (HSP-team) er samansette av personar frå helse, sosial og psykisk helse. Teama har faste møte på alle skulane. Det er samarbeid med folkehelsekoordinatoren når det gjeld førebyggjande arbeid.

#### *215 Skulefritidsordninga (SFO)*

SFO er eit friviljug tilbod om ein trygg og god stad å vera for skulebarn på 1.- 4. klassesteg, før og etter skuletid, og i skuleferiar. Skuleåret 2016-17 er det totalt 133 barn i Luster som nyttar SFO. Samanlikna med året før har det vore ein stor auke i SFO særleg i Gaupne og ein mindre nedgang på Hafslo og i Jostedal. Endringane har med variasjonar i tal elevar i årskulla og kor mange elevar som ønskjer å nytta tilbodet.

I SFO skal barna få tilsyn og omsorg ut frå lokale og individuelle behov. SFO skal vera ein stad for leik, tryggleik og trivsel, og det skal leggast til rette for fysisk aktivitet, god helse og tiltak for auka sosial kompetanse. Barna skal ha medverknad i val av aktivitetar. Det vert gjeve SFO-tilbod i alle krinsar, med unntak av Veitastrond. I skuleferiar er det tilbod i Gaupne og på Hafslo.

#### **Elevar i SFO 2015-17**

<b>Skule/barnehage</b>	<b>2015-16</b>	<b>2016-17</b>
Luster oppvekstsenter	10	9
Gaupne skule	47	62
Hafslo barne- og ungdomsskule	35	30
Indre Hafslo oppvekstsenter	11	11
Jostedal oppvekstsenter	7	10
Skjolden oppvekstsenter	4	4
Solvorn oppvekstsenter	6	7
<b>Sum</b>	<b>120</b>	<b>120</b>

#### *223 Skuleskyss*

Elevane i grunnskulen i Luster vert årleg registrerte for den strekninga der dei har krav på skyss. Dette gjeld også elevar som har fått denne retten på individuelt grunnlag, då som regel grunna farleg skuleveg. Skuleåret 2014-15 blei det innført elektroniske reisekort. Det er Fylkeskommunen som står for utsending og drift av desse. Vinteren 2016 vart eit kommunalt reglement for skuleskyss vedteke av kommunestyret.

**Styringsmål 2016 Grunnskule**

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2016	Resultat 2016
				Luster	Landet		
Felles alle	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0	0
	B	Tal klagesaker m/ omgjeringvedtak	Registrering	0	-	0	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap 2016	98,4 %		< 100 %	100 %
	M	Medarbeidartilfredsheit (2 skular, 5 oppv. senter, skala 1-6)	BedreKommune 2014	4,9	4,6	5,0	-
	M	Sjukefråver	Fråversstatistikk 2016	3,9 %	-	4,5 %	3,6%
				<b>Luster 2015</b>	<b>Landet 2016</b>	<b>Mål 2016</b>	<b>Resultat 2016</b>
Grunnskule	B	Grunnskulepoeng*	Skoleporten	41,3	41,0	42,5	40,3
	B	Elevmotivasjon 7. trinn 10. trinn	Skoleporten	4,0	4,0	4,1	4,0
				3,4	3,5	3,9	3,5
	B	Trivsel 7. trinn 10. trinn	Skoleporten	4,6	4,4	4,5	4,4
				4,1	4,2	4,4	4,2
B	Mobbing på skulen 7. trinn** 10. trinn	Skoleporten	1,1	1,3	1,0	1,4	
			1,2	1,3	1,0	1,1	
Nasjonale prøver	<b>Nasjonale prøvar – 5. trinn (2016-17)***</b>			<b>Luster 2015</b>	<b>Landet 2016</b>	<b>Mål 2016</b>	<b>Resultat 2016</b>
	B	Lesing	Skoleporten	49	50	51	50
	B	Engelsk	Skoleporten	49	50	50	50
	B	Rekning	Skoleporten	54	50	51	51
	<b>Nasjonale prøvar – 8. trinn (2016-17)</b>			<b>Luster 2015</b>	<b>Landet 2016</b>	<b>Mål 2016</b>	<b>Resultat 2016</b>
	B	Lesing	Skoleporten	49	50	51	50
	B	Engelsk	Skoleporten	49	50	50	49
	B	Rekning	Skoleporten	51	50	51	53
	<b>Nasjonale prøvar – 9. trinn (2016-17)</b>			<b>Luster 2015</b>	<b>Landet 2016</b>	<b>Mål 2016</b>	<b>Resultat 2016</b>
	B	Lesing	Skoleporten	53	54	54	54
	B	Rekning	Skoleporten	58	54	56	55
	<b>Resultat eksamen – 10. trinn (2015-16)</b>			<b>Luster 2015</b>	<b>Landet 2016</b>	<b>Mål 2016</b>	<b>Resultat 2016</b>
	B	Norsk hovudmål skriftleg****	Skoleporten	3,8	3,4	3,8	*
	B	Engelsk skriftleg	Skoleporten	*	3,7	3,8	3,8
	B	Matematikk skriftleg	Skoleporten	3,2	2,9	3,3	3,4

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

**Kommentarar til styringsmåla**

\* Avgangselevane i skuleåret 2015/16 frå Luster hadde i snitt 40,3 grunnskulepoeng. Dette var eitt grunnskulepoeng lågare enn året før og under landssnittet.

\*\* Resultatmål 1,0 på mobbing er mål om «nullvisjon, inga mobbing i lustraskulen». Elevundersøkinga 2016/17 synte at Luster hadde eit høgare tal på mobbing på 7. trinn enn tidlegare år - 1,4 – noko som er over landssnittet. På 10. trinn hadde Luster eit lågare tal enn landssnittet. Eitt mobbetilfelle er eitt for mykje. Skulane arbeider målretta i dei sakene som oppstår.

\*\*\* Nasjonale prøvar vart frå og med skuleåret 2014/15 reviderte og det vart laga ein ny poengskala der landssnittet på 5. trinn og 8. trinn alltid er 50 skalapoeng. I nasjonale prøvar 2016/17 skåra Luster likt med landssnittet i lesing og engelsk på 5. trinn og var litt over på rekning. På 8. trinn skåra elevane i Luster likt på lesing, litt under på engelsk, men over snittet på rekning. For 9. trinn var lustraresultatet likt med landet på lesing og litt over på rekning.

\*\*\*\* Luster kommune hadde ikkje skriftleg eksamen norsk hovudmål skuleåret 2015/16.

### 213 Vaksenopplæring

Norskopplæring for innvandrere busette i Luster, med rettar/plikter etter introduksjonslova, vert gjennomført i eit samarbeid mellom Luster, Leikanger, Lærdal og Sogndal. Opplæringa føregår i Sogndal. Utgiftene vert dekte av særskild statstilskot og refunderte til Sogndal etter refusjonskrav. Det vil vera eit aukande tal personar som går i norsk vaksenopplæring og norskopplæring for framandspråklege då Luster kommune har forplikta seg til å ta imot fleire flyktingar dei komande åra.

### Grunnskuleopplæring for vaksne iflg. § 4A i opplæringslova

Personar som har behov for fornya grunnskuleopplæring, t.d. på grunn av sjukdom, skade eller mangelfull dugleik innan einskilde skulefag, har rett på slik opplæring. Vaksne utan fullført grunnskule kan også ha slik rett. Tilbodet vert organisert og gjennomført i samarbeid med Sogndal kommune og norskopplæringa der.


### 202 Pedagogisk psykologisk rettleiingsteneste (PPT)

I juni 2015 konkluderte kommunestyret med at Luster slutta seg til samarbeidsavtalen om felles PP-teneste i Sogn saman med Vik, Leikanger, Sogndal og fylkeskommunen. Aurland kommune slutta seg til samarbeidet frå og med august 2016. Sogndal kommune er vertskommune for den interkommunale PP-tenesta. Tilbodet i Sogn PPT vart bygt opp i løpet av 2016. Våre PPT-tilsette fekk tilbod om stilling i Sogn PPT. Psykolog gjekk over i stilling som kommunepsykolog.

Etter avtalen som er sett opp så tilsvarte Luster kommune sin del av interkommunale tenesta, 1,87 stilling i 2016 fordelt på tre tilsette og noko på leiar av Sogn PPT. I tillegg til at skulane og barnehagane har faste kontaktpersonar i PPT, har det også vore arbeidd for å få plass eit årshjul og faste møtedagar. Dette arbeidet må fortsetja inn i 2017.

Våren 2016 hadde Sogn PPT og kommunane felles fagdag med eksterne foredragshaldarar frå PPT Harstad. I samband med dei to faste møta i administrativt fagråd har kommunalsjefane i samarbeidskommunane hatt utvida møte om den faglege delen av PPT-samarbeidet.


### Kostra-samanlikning



### Aktivitet 2016

- Opning av ombygd og renovert Hafslo barne- og ungdomsskule til skulestart hausten 2016
- Kommunalt skyssreglement for Luster kommune vedteke i kommunestyret
- Utgreiinga om eventuell samanslåing av Gaupne skule og Luster ungdomsskule vart fremja som sak i mars 2016, kommunestyret vedtok å utsetja saka for nærare drøfting i plan og budsjettarbeidet.
- Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskulen starta opp med Ungdomstrinn i utvikling, den nasjonale satsinga på ungdomssteget. Skrivning er felles satsingsområde.
- Begge ungdomsskulane i kommunen byrja med programmering som valfag med økonomisk støtte frå Utdanningsdirektoratet.
- Gaupne skule deltok i eit prosjekt om tilpassa opplæring gjennom «System for styrka læring» og i samarbeid med Statped Vest og PP-tenesta.
- Oppstart av ny interkommunal PP-teneste, Sogn PPT, frå og med 1. januar 2016. Partnarkommunar er Luster, Sogndal, Leikanger, Vik og Aurland. Sogndal er vertskommune. Eigen fagdag for samarbeidskommunane og PPT-tilsette med eksterne foredragshaldarar frå PPT Harstad våren 2016.
- Oppstart i samarbeidsprosjektet RECEPTION med partnarar frå Irland, Island, Danmark, Kroatia og Hellas og finansiert gjennom EUs utdanningsprogram Erasmus+.
- Fellesdag for alle lustraelevar i Gaupne i samband med markeringa av Luster som trygt lokalsamfunn.
- Innføring av nytt skuleadministrativt system, Visma Flyt Skule og digital modul for individuelle opplæringsplanar, Visma Sampro IOP.
- Oppstart av programpakken Office 365 med særleg bruk av delings- og lagringsverktøya OneNote og OneDrive. Skulane har fått opplæring mellom anna gjennom ekstern IKT-konsulent.
- Auke i omfang norskopplæringa for minoritetsspråklege elevar i grunnskulane i Luster. Både fleire elevar og undervisning på fleire skular enn åra før.

### Kostra-samanlikning



- Ekstra symjeopplæring for minoritetsspråklege elevar støtta med midlar frå Fylkesmannen.
- Lokale fagnettverk innan spesialundervisning/tilpassa opplæring, IKT, Olweus-nøkkelpersonar, skriving i tillegg til deltaking i regionale nettverk.
- Felleskurs for elevar og lærarar om støtteprogrammet Lingdys og tilrettelegging av undervisninga for elevar med dysleksi med kurshaldar frå Dysleksi Norge. Ope foreldremøte om dysleksi med same kurshaldar arrangert i samarbeid med Dysleksi Sogn.
- Fagdag for skulane om vurdering for læring med kurshaldar Elin Bonde. Kurset vart støtta av OU-midlar frå KS.
- 11 lærarar tok formell vidareutdanning gjennom Kompetanse for kvalitet, det nasjonale løftet for etterutdanning.

## Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 16	Bud 16(r)	Avvik	Rekn 15
202	Grunnskule	80 472	80 143	0 %	79 635
213	Vaksenopplæring	-201	220	-191 %	209
215	SFO	1 549	1 776	-13 %	1 777
222	Skulelokale	10 058	9 609	5 %	9 550
223	Skuleskyss	2 028	2 270	-11 %	2 020
290	Ungdomsskulesatsing / Fagnettverk barneskule	34	0	100 %	104
	<b>Sum</b>	<b>93 940</b>	<b>93 578</b>	<b>0 %</b>	<b>93 295</b>

202) Godt samsvar mellom rekneskap og budsjett.

213) Her er ført utgifter til tenestekjøp, norskopplæring i Sogndal. 2,355 mill. Statstilskot, 2,578, dekkar meir, men desse kostnadane er ført på flyktingetenesta/oppvekst generelt.


215) Hafslø og Gaupne betre resultat enn budsjett. (netto lønn og brukarbet.)

222) Mindre meirforbruk på ulike postar, t.d. vedlikehald

223) Mindreforbruk

## Tiltak 2016 oppvekst frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Sikra gode faglege og sosiale overgangar mellom barnehage/barneskule/ ungdomsskule / vidaregåande	Det vert arbeid med å vidareutvikle prosedyre	
Vidareutvikla oppvekstsentera	Vert følgt opp gjennom tiltak i ståstadsanalysen *	
Bruka den kulturelle skulesekken målretta i høve til auka kunnskap og eigen og lokal identitet	Setje fokus på innhaldet i den kulturelle skulesekken	Samarb: Kultur
Tilretteleggja for opplæring om lokal kulturhistorie i barnehage og skule	Bevisstgjere barnehagane og skulane om innhaldet i den kulturelle skulesekken og ev. andre tilbod	Samarb: Kultur
Tilretteleggja for ei god opplæring og oppfylgning der basisfaga skal ha sterkt fokus gjennom heile skuleløpet	Kontinuerleg arbeid	
Etablera felles møteplassar for born i barnehage og grunnskule	Vil sjå på felles arrangement	
Ha tilgang på godt og oppdatert undervisningsutstyr til ei kvar tid	Vert kontinuerleg arbeid med Etter satsing i 2016 er status registrert og det vert utarbeidd strategi for vidare prioritering.	Samarb: IT
Innarbeida tilbod om fysisk aktivitet i opplæringa i barnehage/skule kvar dag	Vidareutvikle det tilbodet den einssilde barnehage/skule har i dag	
Vidareutvikle arbeid og kompetanse i entreprenørskap i grunnskulen	Kvar skule lage entreprenørplan	Sogn region, andre skular



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2014	20,07
2015	21,27
2016	22,25

## Helse

### Organisering

Tenesteområdet er organisert som ei sjølvstendig eining leia av helsesjefen. Det overordna ansvaret for folkehelsearbeidet er lagt til folkehelsekoordinator i stab hjå rådmannen.

### Overordna mål og delmål

#### Overordna mål

- Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale helse- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, rehabilitering og behandling.

#### Delmål

- Styrke den helsefremjande og førebyggjande innsatsen.
- Vidareutvikle og betre evna til tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå).
- Vidareutvikle korttidsavdelinga og øyeblikkeleg hjelp døgn tilbodet (ØHD).
- Ha god kontroll og kvalitet på tildeling av tenester og ressursbruk.
- Ha eit godt tilbod til gravide og til barn/unge 0-20 år som fremjar psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold og førebyggjer sjukdom og skader.
- Ha eit godt fungerande miljøretta helsevern.
- Ha ei fagleg sterk og godt dimensjonert fastlegeteneste med god trening i akuttmedisin
- Ha ei godt utstyrt og – drifta legevakt med god samhandling med ambulansenesta.
- Ha ei tilgjengeleg og fleksibel rehabiliteringsteneste.
- Ha lågterskeltilbod med høg kompetanse innan psykisk helse.
- Vere god på koordinering og fagleg oppfølging av kommunen sitt førebyggjande rusarbeid, samt av den einskilde rusmiddelbrukar.
- Vidareføre og vidareutvikle folkehelsearbeidet.
- Utvikle ein felles og målretta informasjonsstrategi.

### Tenester og oppgåver – generelt

232 Helsestasjon/skulehelseteneste/jordmorteneste: Fødselsførebuande kurs og svangerskapskontrollar. Følgje ”Veileder 0-20 år for kontrollar på helsestasjon/

skolehelsetjensten”. Støtte og styrke foreldrerolla. Faste tider på kvar skule med open dør. Delta i tverrfaglege ansvarsgrupper og i samarbeidsmøte med foreldre, skule, barnehagar og andre fagmiljø. Delta i kriseteam. Råd og rettleiing til foreldre, barnehagar og skular. Delta i foreldremøte og undervisning på ulike klassetrinn (pubertet, samliv, rus, psykisk helse, fysisk aktivitet, kost m.m.). Fokus på overvekt/fedme hjå barn og unge og tilbod om helseundersøking/-samtale. Helsetilbod til flyktningar, fyrste gongs undersøking og oppfølging av barn/barnefamiljar.

#### 233 Smittevern/reisevaksine:

Tilby barnevaksinasjonsprogrammet og utføre influensavaksinerings til definerte målgrupper. Tilby reiseråd, reisevaksine og utføre TBC kontrollar av aktuelle grupper. Tuberkulose-kontroll etter aktuelle retningslinjer av definerte grupper. Delta i revisjon i regi av miljøretta helsevern. Gje råd og rettleiing til barnehagar og skular.

#### 233 Samfunnsmedisin:

Miljøretta helsevern gjeld alt som verkar på helsa, t.d. ureining i vatn, luft, støy, inneklima, radon, drikkevatt og badevatn. Godkjenning av campingplassar, skular og barnehagar mm. Samarbeid med miljøhygienikar (interkommunalt), mattilsyn og helsesøster. Oppfølging av samhandlingsreforma med vekt på tolking og bruk av folkehelseprofilar og samhandlings-barometeret. Støtte opp under lokalt ØHD-tilbod.

#### 233 Folkehelse:

Helsestasjon/skulehelsetenesta har stor merksemd på førebyggjande og helsefremjande arbeid. Sentralt i dette arbeidet er å oppdage tidleg og tidleg innsats.

#### Folkehelseoversikt (FHO):

FHO skal gje grunnlag for eit systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid, og skal ha opplysningar og vurderingar om befolkningsammansetning, oppvekst/levkår, fysisk og sosialt miljø, skader/ulykker, helserelatert åtferd og helsetilstand. Kommunen skal ha ein løpande oversikt og kvart fjerde år skal det utarbeidast eit omfattande oversiktsdokument som skal føreligge ved oppstart av arbeidet med planstrategi. FHO skal danne grunnlag

for strategiar, mål og tiltak forankra i plansystemet etter plan- og bygningslova. FHO Luster kommune 2016 – 2020 vart vedteke av kommunestyret 21.4.2016. I møte fatta kommunestyret eit vedtak i 11 punkt. Arbeidet med oppfølging av vedtaket vil bli vidareført i 2017.

#### *Frisklivssentralen Sogn:*

Frisklivssentralen Sogn er eit interkommunalt kompetansesenter på livsstilsending og langvarige helseutfordringar for Leikanger, Luster og Sogndal. Der skal vere både kurstilbod og individuelle tilbod til personar som har behov for hjelp til å endre helseåtferd. Drifta er fordelt i samsvar med gjeldande avtale: Luster 42,5 %, Sogndal 42,5 % og Leikanger 15 %.

Kurs som vart gjennomført i 2016:

- KID kurs – kurs i depresjonsmeistring.
- Kurs for pårørende til personar med minnesvikt og demens.
- Bra Mat kurs, knytt til kosthald.
- Slutta kurs, knytt til snus- og røykeslutt.
- KID kurs for studentar.
- Mat for eldre – temakveld.
- Smertemeistring kurs.
- Seminar for sjølvhjelp og sjølvhjelpsgrupper.

Totalt har det vore 115 deltakar på kurstilboda.

Individuelle tilbod:

- Individuell rettleiing og motivasjonssamtale til deltakarar som ynskjer å endre levevanar knytt til fysisk aktivitet.
- Ulike lågterskel aktivitetar i samarbeid med lag-/org., Lustrabadet og Luster treningscenter.

Deltakaroversikt 2014 - 2016

Kommune	Totalt 2015	Totalt 2016
Luster	65	55
Leikanger	16	28
Sogndal	70	78
Totalt	151	161

#### *SLT Politiråd Luster, Leikanger og Sogndal*

Kommunane Luster, Leikanger og Sogndal har etablert eit regionalt SLT Politiråd (SLT = Samordninga av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak).

- SLT er ein modell for samordning og ikkje eit aktivitetsprogram. Målet er å få meir ut av allereie igangsette tiltak ved at forskjellige sektorar støttar og utfyller kvarandre sitt arbeid. Særleg fokus: barn og unge.
- Organet er forankra i kvar kommune ved ordførarane og representant(ar) frå administrasjonen, og politiet ved regionlensmann.

#### *Trygge lokalsamfunn (TL):*

TL er eit WHO- konsept som vektlegg forankring, systematikk, langsiktigheit og samarbeid på tvers av fagområde og organisatoriske skilje som metode for å

førebygge skader og ulykker. Forsking viser at denne arbeidsmetoden har effekt, og at ulykkesrisiko for mange grupper og type skader kan reduserast med 25 – 40 % dersom ein klarer å mobilisere sentrale instansar som næringsliv og frivillige organisasjonar i tiltaksarbeidet lokalt. Luster kommune har oppfylt krava og vart sertifisert i 2016 som Trygt lokalsamfunn.

#### *Ambulant buteam(AB)/tverrfagleg buoppfølgingsteneste:*

AB er eit statleg finansiert tverrfagleg samarbeidsprosjekt mellom flyktingtenesta/NAV, rus-/psykiatri, servicetorg og eigedom. Mål er å fremja meistring i eige liv, knytt til forhold rundt det å bu. AB er oppfølgingspunkt i Bustadsosial handlingsplan.

#### *Tidleg inn*

Tidleg inn er eit statleg finansiert opplæringsprogram som er initiert av Helsedirektoratet og Barne- ungdoms og familiedirektoratet for tilsette som i det dagleg møter småbarnsforeldre og gravide. Opplæringsprogrammet er modulbasert og kommunen har avtale med regionalt opplæringssteam for gjennomføring (ferdig medio juni 2017). Mål er at ein skal bli betre på å avdekke problem tidleg i høve vanskar knytt til psykisk helse, rus og vold i nære relasjonar.

#### *Luster Danseverkstad*

«Ung til ung» formidling gjennom dans. Sidan starten i 2006 har frivillig ungdom vært ung-instruktørar og gitt hundrevis av barn og unge danseglede i sine lokalmiljø i Luster. I tillegg til å være utøvande dansarar, unginstruktørar og koreografar, jobbar instruktørane bevisst med å vere gode førebilde for elevane. Instruktørane har dansetilbod i Gaupne, Hafslø og Luster.

#### *Aktuelle tiltak i samarbeid med frivillige lag -/org. og Luster frivilligsentral.*

- Aktivitetstorget ME'N'U er ein ungdomsstyrt, rusfri møteplass for ungdommar i heile kommunen (13-17 år). Det er organisert med ungdomsstyre og styringsgruppe. Størst deltaking er det ved aktivitetar som kveldsope skitrekk og open idrettshall.
- Basistrening 4-7 klasse i Gaupne; initiert av kommunen og blir drifta av frivillige organisasjonar. Tilbodet blei starta opp hausten 2016, og har hatt ei deltaking på om lag 35 born kvar gong.
- FriMoro (friluftsdagar for barn) – vart gjennomført for 4. gong i 2016. I overkant av 70 born deltok begge dagar. Ungar frå dei ulike bygdene møtest og har to dagar fylte med friluftaktivitetar. Tilbodet er gratis og målgruppa er 4 – 7 klasse.

#### *Utvida dag og aktivitetstilbod i eit førebyggjande folkehelseperspektiv – «Friskhuset»*

Det vart i 2015 og 2016 gjennomført eit prosjektarbeid med vurdering av tiltak for førebyggjande folkehelsearbeid i kommunen. Målsetjinga var realisering av *Friskhuset* i yrkesskulebygget med

dagsenter, treningssenter, Frivilligsentralen mm. Vedteke budsjett for 2017 legg opp til ei realisering av eit steg 1 av Friskhuset med etablering av treningssenteret i den eine delen av yrkesskulebygget.

I 2015 og 2016 fekk kommunen tilskotsmidlar til å starta opp eit dagtilbod retta mot heimebuande eldre for å skape aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap. Tilbodet starta i Nesgården i Gaupne og skulehuset på Nes, men vart seinare flytta til Grandmo lagshus.

#### *Interkommunalt krisesentertilbod:*

Luster sitt krisesentertilbod vert ivareteke av eit interkommunalt samarbeid med Flora som vertskommune. Krisesenteret skal oppfylle kommunane sine plikter om krisesentertjenester etter *Lov om Krisesenter* §§ 1 og 2. Tilbodet skal sikre eit godt og heilskapleg krisesenter-tilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vold eller trugsmål om vold i nære relasjonar. Helse forvaltar kommunen sitt driftstilskot til krisesenteret i Sogn og Fjordane. Ø2Grunnlaget for tildelinga er KS Sogn og Fjordane sin modell for tildeling av driftstilskot.

#### *Senter for incest og seksuelle overgrep:*

I oktober 2012 opna nytt senter for incest og seksuelle overgrep i Førde (SMISO). Senteret er finansiert med 20 % frå dei fleste kommunane i fylket og resten frå Staten. Senteret er eit dagtilbod med tilbod om eine-samtalar, temakvelder, sjølvhjelpstilbod mm. Det vil og bli arbeid førebyggjande mot skular.

#### *Permanent overgrepsmottak:*

Staten har gjeve føringar om at det skal vere eit overgrepsmottak i kvart fylke, gjerne knytt til eit av legevaktsamarbeida. Dette er eit kommunalt ansvar, for både seksualisert vold og vold i nære relasjonar, og kommunane i fylket har gått saman om slikt tilbod. Mottaket er plassert på SYS-IKL (Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevaktssamarbeid) som er fysisk lokalisert til akuttmottaket Førde Sentralsjukehus.

#### *241 Fysioterapi:*

Privat praksis og kommunal fysioterapi. Fysioterapeutar undersøker og behandlar, driv opptrening og rehabilitering etter operasjonar, sjukdom, skade, ved funksjonssvikt, sjukdom/ plager i muskel- og skjelettsystemet mm. Behandlinga føregår individuelt og/ eller i grupper. Spesialkompetanse blant fysioterapeutane i bl.a. manuell terapi og trigger-punktbehandling. Kommunale fysioterapitjenester ved omsorgssentra og i korttidsavdelinga - heimebesøk ved behov. Driv «Betre balanse»- grupper og deltek i anna førebyggjande arbeid. Leiande fysioterapeut deltek i koordinerande eining (KE) og er ansvarleg for elektronisk IP.

#### *241 Allmennlegeteneste:*

Drift av fastlegeordninga. Ha tilstrekkeleg kapasitet til å møte etterspurnad på kontrolltimar og augeblikkeleg hjelp. Ha fokus på krav i fastlegeforskrifta. Utdanning av spesialistar i allmennmedisin, opplæring av turnuslegar

og legevikarar samt strukturert rettleiing til legar som har behov for dette. Sjukeheimslege; besøk 2ggr pr. veke ved kvar sjukeheimsavdeling, dagleg på KA. Intern-opplæring kvar veke. Fokus på fagutvikling. Høg standard og trening på akuttmedisin. Ligge i forkant med IKT utvikling, spesielt med meldingsutveksling eksternt. Ta i bruk ny og fagleg rett teknologi for å gje best mogleg fagleg og moderne tilbod.

#### *241 Ergoterapi:*

Funksjonstrening og tilrettelegging av omgjevnader for fysisk funksjonshemma, inkludert hjelp til syns- og hørselshemma. Kartlegging av funksjonstap og treningsbehov. Formidling av hjelpemiddel. Leiar for Demensgruppa. Førebyggjande tilbod i samarbeid med fysioterapeut, folkehelsekoordinator og frivillige. Ansvar for TT-skyss og Service-skyss. Organiserer lager for hjelpemiddel.

#### *241 Psykisk helsevern:*

Psykisk helseteam arbeider både førebyggjande og behandlande. Samtalebehandling individuelt og i grupper. Dagtilbod 2 dagar per veke på "Huset" som er eit lågterskeltilbod for samtaler og aktivitetar, samt på "Bruvoll" - eit eige butilbod. Heimebesøk til brukarar slik at dei kan meistre kvardagen. Rettleiing til personale i omsorgstenesta. Teamet har tilbod om fysisk aktivitet med miljøterapeut/aktivitør, og har avtale om trening ved trenings-senteret. Leiar er koordinator i psykososialt kriseteam. Psykisk helseteam deltek etter behov. Teamet vart i 2016 styrka med kommunepsykolog som arbeider mot alle aldersgrupper og under dette klinisk arbeid, familierapi og krisearbeid. Psykolog er kommunen sin AKAN kontakt.

#### *241 Legevakt:*

Akuttberedskap 24 timar alle dagar. Legevakt med godt utstyrt akuttbil. Kjøper LV-telefon-sentraltenester av Lærdal kommune. Bruk av naudnett og øvingar i lag med ambulansetenesta. Følgje opp bakvaktfunksjon til ikkje vaktkompetente legar etter eige prosedyre. Satsing på fagutvikling og periodevis innleige av vikarar for å redusere vaktbelastning.

#### *243 Rusomsorg:*

Ruskonsulenten gjev eit individuelt tilpassa tenestetilbod til alle som har eit rusproblem. Fokus på førebygging, behandling og rehabilitering. Oppfølginga består av individuelle samtalar, heimebesøk, rettleiing, kartlegging, arbeid med familiar, koordinering, oppfølging på arbeids- og treningssenter, eller anna arbeid/aktivitetstiltak. Tett samarbeid med interne og eksterne instansar. Tenesta er styrka med eigen erfaringskonsulent i ei prosjektstilling, der målsetjinga er auka hjelp til personar med rusproblem til å koma seg i arbeid/aktivitet.

## Aktivitet 2016

- Det har vore 46 fødselar. Ingen transportfødsel. Det er gjennomført 2 svangerskapskurs. God oppslutnad om barnevaksinasjonsprogram.
- Samarbeid med barnehagar om 4- og 6 årskontroll (fysioterapeut).
- Skulehelsetenesta har hatt tilbod ved alle skular. Oppfølging av 130-150 skuleborn.
- Helsestasjon for ungdom har hatt 19 konsultasjonar (open 2 t kvar veke i Gaupne).
- God oppfølging av nasjonale føringar om veving av elevar i 3. og 8. klasse med påfølgjande oppfølging. Auka merksemd på utviklinga.
- Det er sett 622 influensavaksiner, pga. programfeil får ein ikkje ut tal på andre vaksinar.
- Flyktningar: 1. gongs helseundersøking av 7 vaksne og 17 barn.
- Avtale om kjøp av inn på tunet (IPT) tenester er vidareført.
- Psykososialt kriseteam har vore brukt 3 gonger i 2016. Det er aukande merksemd på dette arbeidet. Ein har fått god kompetanseheving gjennom kriseteamskulen.
- Etter søknad har Luster fått tilskot frå Helsedirektoratet til ny psykologstilling. Stillinga er lagt til psykisk helseteam. Noko utleige til PPT.
- Dagsentertilbodet «Huset» har hatt 27 brukarar med til saman 714 besøk.
- Hukommelsesteamet har testa 8 heimebuande. Målet er å kartleggje demens etter tinging frå fastlegane og teste eldre som treng vurdering i samband med helsekrava for førarkort. Interkommunalt kurs for pårørende til demente i Sogndal. 3 deltakarar frå Luster.
- Kommunen har 158 registrerte brukarar i Transporttenesta (midlar frå fylkeskommunen).
- Det er via ergoterapeutane gjeve hjelpemidlar frå NAV-HMS på 1,7 mill.kr i 2016. Det er til saman 592 registrerte brukarar.
- Fysioterapeutane i privat praksis har utført 9330 behandlingar på til saman 1096 personar. Dei kommunal tilsette fysioterapeutane har hatt 2875 behandlingar.
- Det er gjennomført systemrevisjon ved 4 skule/ barnehage i lag med MHV Indre Sogn.
- Legekontoret har registrert 17076 konsultasjonar og til saman 29270 kontaktar.
- E-portal/digital kontakt mellom pasientar og legekontoret er mykje brukt. Pasientar kan stille spørsmål, bestille reseptar mm utan å stå i telefonkø. SMS varsling 1 døgn før avtalt konsultasjon har ført til at fleire møter til avtalt time. Krav i Fastlegeforskrifta er oppfylt.
- Det er innført elektronisk meldingsutveksling mellom pleie og omsorgstenesta og legekontoret. Gjev effektiv bruk av tid samstundes som ein automatisk får dokumentasjon. Det er i 2016 registrert 1896 meldingar frå legekontoret og 2378 meldingar til kontoret.
- Internkontrollboka til legekontoret er ferdig etablert på LKK.
- Ein har i 2016 hatt 4 legevikarar(ein av dei i 6 periodar) for å dekke vakter og vakante stillingar i samband med permisjonar. Legevikarar i legevakta, 115døgn i 2016 (179 i 2014 og 242 i 2015) Utfordringane er særleg store i sommarferie/anna ferie.
- Legevaktorganiseringa i Luster vert utfordra av nye nasjonale krav, mellom anna ny akuttmedisinforskrift. Det er stilt krav om vaktkompetanse for leger og dei som ikkje har dette må ha ein bakvakt.

## Styringsmål 2016:

Styringsmål			Datakjelde	Siste status		Mål 2016	Resultat 2016
				Luster	Landet		
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist	Kostra / EDB sak og arkiv	0	-	0	0
	B	Tal klagesaker m/omgjeringssvedtak	Registrering	0	-	0	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap Visma	94 %	-	<= 100 %	99 %
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	Betre Kommune	4,9	4,6	5,0	-
	M	Sjuefråvær	Fråværsstatistikk	5 %	-	< 6,0	3,9%
Helse	B	Gjennomføringsgrad heimebesøk til nyfødde innan 2 veker	SSB/ Registrering	96,2 %	-	95 %	96,2%
	B	Gjennomføringsgrad helseundersøking 2 år	SSB/ Registrering	100 %	-	100 %	100%
	B	Gjennomføringsgrad helseundersøking 1. klasse.	SSB/ Registrering	100 %	-	100 %	100%

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

- Sjuefråværsutviklinga er positiv.
- Gjennomføringsgrad heimebesøk til nyfødde vil variere fordi det er ikkje alle som ynskjer heimebesøk.

Dagens legeavtaler gjer at det må leigast inn meir enn 100 vakt døgn for legevakt. Nye ordningar peikar på endå «sjeldnare» vakt og dermed endå meir vikarbruk og dette er ikkje framtidsretta. Stor bruk av vikarar utfordrar kvalitet og tryggleik og har høg kostnad. Intensjon om interkommunal legevakt er vedteken. Vik, Leikanger, Sogndal og Luster arbeider med eit utgreiingsarbeid der dette vert vurdert. 1-2 legar må ha bakvakt når dei har vakt. Dette aukar vaktmengda monaleg.

- 5 av 8 legar er nå spesialistar i allmenntillegmedisin.
- Legekantoret har høg standard på kvalitet på laboratoriearbeidet. Dette er hyppig evaluert via NOKLUS som er eit nasjonalt program for slikt arbeid. Lågt forbruk av antibiotika og vanedannande medikament i tråd med nasjonale tilrådingar. Mykje bruk av graderte sjukmeldingar, som er tilrådd i nasjonale føringar.
- Innan rusfeltet er det etablert eit kompetent team med ruskonsulent, psykolog og erfaringskonsulent. Psykologstillinga er delfinansiert medan erfaringskonsulenten er eksternt finansiert. Tilskotet er gjeve for eit år men ein kan søkje årleg i inntil 3 år (så lenge styrking av rusarbeid er eit nasjonalt satsingsområde). Målsetjinga er å få fleire personer med rusrelaterte problem ut i jobb og/ eller meiningsfull aktivitet. Tiltaket medfører ei klar styrking av rusarbeidet i kommunen.

## Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 16	Bud 16(r)	Avvik	Rekn 15
232	Førebyggjande skule og helestasjonsteneste	3 933	3 993	-2 %	3 388
233	Førebyggjande arbeid helse og sosial	1 634	2 661	-39 %	2 296
241	Diagnose og behandling	14 626	13 764	6 %	13 159
243	Tilbod til personar med rusproblem	860	816	5 %	61
	<b>Sum</b>	<b>21 053</b>	<b>21 234</b>	<b>-1 %</b>	<b>18 904</b>

233: Forbruk om lag som budsjett, men reduserte nettoutgift grunna auka tilskot/ statstilskot.


241: Meirforbruk som følgje av høgare kostandar til legevakttelefon, løn og medisinske forbruksvarer.

243: Forbruk om lag som budsjett, litt lågare statstilskot enn budsjett.

## Tiltak 2016 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:


Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.	Resultat 2016
Gode og føremålstenlege fagprogram og tilgang til støtteverktøy.	Ta i bruk tilgjengeleg og utprøvde program.	Pleie og omsorg. IKT	God oppfølging
Utvikle Luster kommune som «Trygg lokalsamfunn-kommune»	Vert arbeidd med jf. tekst over. Det er aktuelt å søkje om formell godkjenning i 2015/2016	Fylkeskommunen	Luster er formelt godkjend
Utvikla og etablera lågterskel tilbod som organiserte aktivitetar i bygdene, turstiar, badeplassar m.m.	Vert arbeidd vidare med ulike tiltak.	Sogndal og Leikanger. Fylkesmann og Fylkeskommunen	Vert arbeidd vidare med


## Kostra-samanlikning



## Kostra-samanlikning

Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (blå). Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (brun)





BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2014	178,0
2015	168,1
2016	162,9

# Pleie og omsorg

## Organisering

Tenestområdet er organisert i 3 tenesteeiningar; Luster heimeteneste, Luster sjukeheimsteneste og Arbeids- og treningssenteret (ATS).

## Overordna mål og delmål

### Overordna mål:

Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale pleie- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, ØHD- tilbod, rehabilitering, behandling, pleie og omsorg

### Delmål:

- Styrke den helsefremjande og førebyggjande innsatsen.
- Vidareutvikle og betre evna til tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå).
- Styrke helse- og omsorgstilbodet til heimebuande med stort omsorgsbehov.
- Vidareutvikle og styrke korttidsavdelinga, ØHD-tilbodet og demensomsorga.
- Gje tilbod om sjukeheimplass, omsorgsplass eller bustad til brukarar med fagleg definert behov.
- Gje yrkeshemma eit tilpassa og meningsfylt arbeids- og opplæringstilbod.
- Legge til rette for og kontinuerleg arbeide for at tilsette får størst mogleg stillingar.
- Auka samarbeidet med frivillige organisasjonar.
- Utvikle ein felles god og målretta informasjonsstrategi.

## Tenester og oppgåver – generelt

Tenester og oppgåver kan fordelast på følgjande (kostra) funksjonar:

- Hjelp i heimen
- Butilbod utanfor institusjon
- Sjukeheim/institusjon
- Aktivisering – eldre/funksjonshemma
- Aktivisering – Arbeids- og treningssenteret (ATS)

Verktøyet ”IPLOS” (Individbasert Pleie- og OmsorgsStatistikk) vert brukt ved vurdering av medisinske og pleierelaterte behov (nivå for tildeling),

under dette behov for sjukeheimplass og/eller heildøgns tenester på omsorgsplass eller i bustad. IPLOS sikrar ei einsarta og grundig vurdering av alle pasientar og gjev grunnlaget for interne prioriteringar.

## 254 Hjelp i heimen

### Heimehjelp – praktisk bistand til daglege gjeremål:

Målet med tenesta er å gje heimebuande med særlege hjelpebehov praktisk bistand i heimen og ivareta eigenomsorg. Brukaren skal i størst mogleg grad takast med i gjeremåla. Brukar betalar ein eigendel i månaden ut frå husstanden si inntekt. Det kan etter individuelle vurderingar gjevast tilbod innan følgjande område (jf. regelverk haust 2010):

- Reinhold av kjøkken, stove, soverom, bad/toalett og gang/entre og oppvask. Vask av vindauga - maks 2 gongar pr. år. Vasking av brukaren sine klede og sengeskift.
- Hjelp til å sette opp handleliste, bestille varer og gjere innkjøp frå næraste butikk dersom handelsstanden ikkje bringar varer.
- Tillaging av tørrmat, oppvarming av middag, hjelp til å bestille middag.
- Opplæring/trening i daglege oppgåver.

### Praktisk bistand - opplæring:

Målet med tenesta er å gjere den enkelte brukar mest mogeleg sjølvstendig i dagleglivet. Dvs. hjelp til å skapa/oppretthalde eit sosialt nettverk, opplæring i husarbeid, matstell/innkjøp, personleg hygiene, påkledning, klevask, økonomi, bu-retteleing og til å strukturere kvardagen.

### Matombringning:

Dette vert tildelt heimebuande som grunna helse- eller funksjonssvikt ikkje greier å lage varm mat sjølv. I dag vert middagen levert av heimetenesta.

### Tryggleiksalarm:

Tenesta vert, etter individuell vurdering, tildelt åleinebuande utan tilsyn delar av døgnet. Søkjar må vere klar og godt motivert. Alarm til Alarmsentralen (Florø). Alarmen kan verte formidla attende til pårørende eller heimesjukepleie. Ingen akuttberedskap.

*Heimesjukepleie - pleie og omsorg utanfor institusjon:*  
Tenesta er døgnbasert og behovet må vera grunna i helsesvikt. Gruppa av brukarar er samansett og ein brukar kan vere mellombels eller kronisk sjuk, skada, funksjonshemma eller alvorleg sjuk. Heimesjukepleie kan ikkje tilby følge til lege/sjukehus eller tenester som vert dekkja av andre tenester, t.d. heimhjelp.

#### *Dagsenter:*

Føremålet med tenesta kan vere hjelp til eigenomsorg, sosial støtte, aktivisering og opplæring i daglege gjeremål. Dagsenter er eit gratis tilbod for alle bebuarar ved eldresentra.

#### *Individuell plan (IP):*

Brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester frå det offentlege har rett til IP. IP er eit verktøy for samarbeid og skildrar tenester som brukar har behov for. IP synleggjer eit forpliktande samarbeid og ei ansvarsfordeling mellom ulike einingar.

#### *Brukarstyrt personleg assistanse(BPA):*

BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelp til personar med funksjonshemming som har behov for dagleg bistand i og utanfor heimen. Brukar er arbeidsleiar med ansvar for organisering, rettleiing og innhald, alt innan dei rammer som vedtaket gjev.

#### *Omsorgsløn:*

Dette er ei ordning som skal gje kompensasjon til personar med særleg tyngjande omsorgsoppgåver. Omgrepet "særleg tyngjande" inneber at oppgåvene må vare ei viss tid og ha eit omfattande omfang. Omsorgsløn er ei teneste ein ikkje har rett på og er oftast ei delteneste i tillegg til andre omsorgstenester.

#### *Hjelp i heimen - tal tenestemottakarar:*

	2014	2015	2016
Tryggleiksalarm	94	83	86
Praktisk bistand	131	129	158
Heimesjukepleie	179	172	175
Matombringning	61	50	56
Omsorgsløn	15	20	18
BPA	1	1	1

*Tal tenestemottakarar er pr. 31.12. Det kan vere variasjonar i løpet av året i forhold til tal tenestemottakarar og deira hjelpebehov.*

## **262 Butilbod utanfor institusjon**

#### *Omsorgsbustadar:*

Omsorgsbustad vert prioritert til personar med fysiske/psykiske pleie- og omsorgsbehov. Ein leiger bustaden og denne vert sett på som brukaren sin heim. Bustaden er lagt til rette for funksjonshemma. Leigetakar kan få heimetenester på vanleg måte. Ei samling av omsorgsbustader vert kalla eldresenter. Det er 3 omsorgssenter



*Korttidsavdelinga: F.v. lege Anne Kjær Schmidt, sjukepleiarane Charlotte Haugen og Ole Petter Veum.*

i kommunen (Hafslo, Luster og Gaupne) og følgjande fordeling av omsorgsbustader :

Hafslo:	16
Luster:	18
Gaupne:	36 (27 i Gaupne, 9 Grandmo)
<b>Sum</b>	<b>70 omsorgsbustadar i kommunen</b>

#### *Omsorgsplassar:*

Omsorgsplassar er ei buform som vert prioritert til personar med fysiske/psykiske pleie- og omsorgsbehov. Ein kan, som heimebuande, få tenester frå heimetenesta. Ein leiger husværet og dette vert sett på som brukaren sin heim. Dagens omsorgsplassar har dusj, toalett, kjøkkenbenk og kjøleskap. Bebuaren kan nytte seg av felles vaskerom og kjøkken/stove (på gruppa). Straum og alle måltid (frukost, middag, kaffi og kveldsmat) inngår i husleiga. Måltida blir serverte på stova på gruppa. Det er etablert 8 omsorgsplassar ved Gaupne omsorgssenter, 9 ved Luster omsorgssenter og 9 på Hafslo omsorgssenter.

#### *Tildeling av omsorgsbustad/omsorgsplass:*

Tildeling av bustad skjer etter ei totalvurdering av søkjaren sin fysiske, psykiske og sosiale situasjon. Dette inneber at det ikkje vert teke omsyn til kor lenge søkjaren har vore registrert med søknad. I 2016 var det flest søknadar mot Gaupne.

## **261 Sjukeheim/institusjon**

Luster hadde i 2016 tre somatiske sjukeheimar med 12 langtids plassar på Hafslo, 24 i Luster og 20 i Gaupne – totalt 56. I Gaupne er det 8 korttids plassar, der 2 av korttids plassane er øyeblikkeleg hjelp (ØH) plassar. I 2016 hadde kommune totalt 64 (56+8) sjukeheims-/institusjons plassar. Av langtids plassane var 10 i Gaupne og 8 i Luster for demente.

Kommunen sitt tildelingsteam står for tildeling av både sjukeheims plassar, omsorgsbustadar, omsorgsplassar og transport-/parkeringskort for funksjonshemma. Teamet er samansett av leiar for sjukeheimetenesta, leiar for

heimetenesta og helsesjef/kommuneoverlege. Det er møte kvar veke og det vert ført protokoll frå møta. Ein har følgjande plasskategoriar:

- Langtidsopphald.
- Tidsavgrensa opphald (utredning/behandling, rehabilitering), avlastningsopphald, dagopphald og nattopphald.
- Øyeblikkeleg hjelp døgnopphald (ØHD).

Dei fleste nye som får plass på sjukeheim blir tildelt "Tidsavgrensa opphald". Dette er gjerne pasientar som treng opptrening, rehabilitering eller utredning/behandling. Ved tildeling veg medisinsk-faglege forhold tyngst. Særleg vanskelege sosialmedisinske forhold vert og vekt-lagde. Ved kvar tildeling vert *alle* aktuelle pasientar vurderte.

Dagopphald er eit aktiviseringstilbod for heimebuande eldre for å motverke einsemd og sosial isolasjon. I tenesta inngår middag og transport til og frå omsorgssenteret. Aktivitetsstova ved sjukeheimane har fast opningstid og aktivitetar som song, kulturinnslag, musikk, bingo og baking. Stova er open for pasientar ved omsorgssenteret, bebuarar i omsorgsbustadar og omsorgsplassar, samt heimebuande. Fotpleiar og frisør kjem til omsorgssentra etter avtale.

*Tildelte tenester tildelt gjennom året (tal opphald):*

	2014	2015	2016
Avlastningsopphald	24	44	23
Tidsavgrensa opphald	175	223	201
Nattopphald	5	1	1
Øyeblikkeleg hjelp døgnopphald (ØHD)	86	104	123
Dagopphald	10	12	8
Langtidsopphald	63	76	67

*Tabellen syner samla tal tildelingar gjennom året. Tala for ØHD- tilbodet syner tal pasientar, og ikkje tal liggjedøgn (dei fleste ligg inntil 3 døgn).*

*Status pr. 31.12.2016:*

	2014	2015	2016
Avlastningsopphald	1	0	2
Tidsavgrensa opphald	12	3	9
Nattopphald	0	0	0
Øyeblikkeleg hjelp døgnopphald (ØHD)	2	4	2
Dagopphald	7	11	5
Langtidsopphald	56	55	46

### 234 Aktivisering eldre/funksjonshemma

*Støttekontakt/treningskontakt:*

Støttekontakt vert nytta overfor born, unge og vaksne med psykiske problem, yngre og eldre funksjonshemma og familiar med samansette problem. Støttekontakten si



*Balansetrening på Hafslø.*

oppgåve er å hjelpe den enkelte til ei meningsfull fritid. Oppgåvene kan innebera sosialt samvær, aktivisering og følge til fritidsaktivitetar.

*Avlastning utanfor institusjon:*

Avlastningstiltak for personar/familiar med særskilt tyngande omsorgsarbeid. Avlastnings-tiltak kan vera besøksheim eller avlastningsbustad der tilsette i heimetenesta avlastar dei som får tenesta. Enkelte funksjonshemma barn kan ha eit så stort omsorgsbehov at dette overstig foreldra si omsorgsevne. I slike høve vil det føreliggja ei hjelpeplikt, som å tilby avlastning.

*Mottakarar av avlastning utanfor institusjon, støttekontakt og dagsentertilbod:*

	2014	2015	2016
Avlastning utafør institusjon	10	10	9
Støttekontakt	48	53	54
Dagsenter	66	55	47

*Tal tenestemottakarar er pr.31.12. Tala varierer noko gjennom året.*

*Ressurskrevjande tenester:*

Dette er tenester til brukarar med store/samansette hjelpebehov. Det blir, i tett dialog med pårørande/brukar, fatta vedtak i høve tenester som omsorgsløn, støttekontakt, avlastning, besøksheim, praktisk bistand, opplæring, brukarstyrt personleg assistanse mm. Behov og innsats innan dette er som elles i landet aukande, og de er eit eige øyremerkte statstilskot til ordninga som slår inn når hjelpebehovet vert stort/av eit visst omfang. Kommunen kjøper også tenester frå private tilbydarar på dette området.

*Tildelte tenester/status pr. 31.12.*

	2014	2015	2016
Ressursbruk i årsverk	36,4	32,7	32,5
Tal brukarar	20	21	21

*Inn på tunet (IPT)- tilbod til heimebuande demente i tidleg fase:*

Tenesta har blitt eit integrert tilbod i heimetenesta. Tiltaket har gode resultat og er i tråd med målsetjingane i nasjonale føringa om tidleg og aktiv/førebyggjande innsats.

## Styringsmål

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2016	Resultat 2016
				Luster	Landet		
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist	Kostra /EDB sak og arkiv, Gerica	-	-	0	0
	B	Tal klagesaker m/omgjeringssvedtak	Registrering	0	-	0	0
	Ø	Øk. resultat i tråd med budsjett eller betre: • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste	Rekneskap Visma	97 % 96 %	- -	<= 100% <= 100%	100 % 92,7%
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6): • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste	Betre kommune	4,4 4,4	4,6 4,6	4,6 4,6	-
	M	Sjukefråvær: • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste	Fråværsstatistikk	5,9 % 8,0 %	9,5 % 9,5 %	7,0 % 7,0 %	6,3 % 8,8 %
Sjukeheimsteneste / Heimeteneste	B	Andel årsverk med fagutdanning: • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste	SSB/KS SSB/KS	85 % 82 %	74 % 74 %	85 % 85 %	85 % 82 %
	B	Liggedøgn på sjukehus for utskrivingsklare pasientar:	Samhandlingsbarometeret	0	-	0	0
	B	Andel brukarar med samansette behov som har fått tilbod om IP: • Luster heimeteneste	Registrering Gerica	100 %	-	100 %	100 %
	B	Avvik knytt til legemiddelhandtering: • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste	LKK LKK	23 25	- -	0 0	7 16
	B	Avvik knytt til fall med brot: • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste	LKK LKK	2 1	- -	0 0	7 3
	B	Avvik knytt til screening – ernæring: • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste	LKK LKK	- -	- -	- -	- -

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

- Det økonomiske resultatet for sjukeheimstenesta og heimtenesta er positivt.
- Det vart ikkje gjennomført medarbeidarundersøking i 2016.
- Sjukefråværet i Luster heimeteneste var noko høgre enn ynskjeleg.
- Rutinar for legemiddelhandtering er klargjort og dette har gjeve positive resultat.
- Det er ein auke i avvik knytt til fall. Dette er eit område som vil bli fylgt opp.
- System, måling mm. for screening har vore for uklart, og ein har ikkje sikre tal for 2016. Det vil bli arbeidd med nærare klargjering av dette styringsmålet i 2017.

### 273 Aktivisering. Arbeids- og treningscenteret (ATS)

Hovudoppgåva til ATS er opplæring og arbeidstilbod til yrkes-/utviklingshemma (dagtilbod). Tilbodet er behovsprøvd. Søkarar kan få eit tilbod under føresetnad av at det er ledig plass og at det finst høvande oppgåver å tilby. Senteret hadde i 2016 ca. 30 yrkeshemma arbeidstakarar på fast plass og eit varierende tal personar med redusert arbeidsevne på ulike mellombelse avtalar. Medarbeidarar på fast plass har som regel uførestønad. Medarbeidarar på mellombelse avtaler kjem i hovudsak inn gjennom NAV, Vidaregåande skule, Psykisk helse, Fastlege, Fretex, Sogneprodukter mfl. Tilboda er under kontinuerleg utvikling og justering for

å kunna gje eksisterande og nye arbeidstakarar eit best mogeleg tilpassa og variert tilbod innafor tilgjengelege ressursar. Det er viktig å oppretthalde eit relativt stort volum (medarbeidarar og arbeidsoppgåver) for å kunne gje eksisterande og nye medarbeidarar gode og tilpassa tilbod. ATS har tredobla tal brukarar etter år 2000 utan vesentleg auke i løyvde midlar. Dette er mogleg ved at:

- Brukarar med evne til å yte hjelp får gjere det som ein del av sin jobb.
- Samarbeid med heimetenestene for brukarar som treng mykje oppfølging.
- Auka inntening som følgje av auka sal av varer og tenester.

ATS kan tilby følgjande oppgåver til sine brukarar:

- Vaskeri (rulling av dukar, gardiner, utleige av dukar, reparasjon av arbeidstøy).
- Vedproduksjon, inkludert transport ut til kundar.
- Matlaging/kantinedrift/catering og jobbfrukt.
- Digitalisering/scanning av bilete og dokument.
- Grøntarbeid/hagestell og gravstell.
- Vaktmeisteroppgåver og drift av lager for hjelpemiddel.
- Intern kommunal transportrute for tøy og matrute, transport av eigne produkt
- Skyss for eldre til trening/gruppetimar
- Postruter og makuleringsarbeid.
- Riving og pakking av bomullstøy. Pakking av strøsand
- Monteringsarbeid, inkl. div. pakking
- Flyttehjelp
- Utplassering i andre verksemdar

ATS har gjennom året vidareført og vidareutvikla eksisterande oppgåver. I tillegg har ein etablert nye, som td. tilbod om transport av eldre til treningsgrupper v eldrejentera i kommunen. Det har ikkje vore mogeleg



*Heider til kommunalt tilsette. Den 16. februar 2017 var det samling i Bremerfjosen på Hafslo med markering av tilsette med 40 års fartstid i Luster kommune. Frå venstre: Berit Marie Hauge, Ordførar Ivar Kvalen, Kjell Skjolden, Bjørg Molland, Rådmann Jarle Skartun, Else Karin Vigdal.*

å ta ned vedproduksjonen, fordi ein ikkje har lukkast i å etablere tilstrekkeleg med oppgåver til erstatning for denne produksjonen.

#### Økonomisk resultat:

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 16	Bud 16(r)	Avvik	Rekn 15
234	Aktivisering og ressurskrevjande teneste	9 604	10 470	-8 %	7 079
253	Hjelp i institusjon	58 460	58 706	0 %	58 448
254	Hjelp i heimen	49 252	51 121	-4 %	48 135
261	Butilbod i institusjon	2 474	1 786	39 %	1 175
265	Butilbod, eldrejenter og utleigebustader	-2 233	-3 004	-26 %	-2 513
273	Arbeids og treningsjenteret	3 996	4 057	-2 %	3 354
	<b>Sum</b>	<b>121 553</b>	<b>123 136</b>	<b>-1 %</b>	<b>115 678</b>

- 234: Som følge av nye tiltak vart funksjonen styrka med 2 mill. i T2. Endringar i tildelingspraksis og meir statstilskot enn budsjettert har gjeve mindreforbruk.
- 253: Godt samsvar med budsjett.
- 254: Generaløkonomi har betalt bilutgifter, brukarbetaling og statstilskot/tilskot er høgare enn budsjett.
- 261: Auka straumutgifter ved alle omsorgssentra, høge kommunale utgifter ved Luster omsorgssenter Gaupne omsorgssenter. Reduserte husleigeinntektene Gaupne har gjeve meirforbruk.
- 265: Reduserte inntekter på utleigebustadar har gjeve dårleg balanse.
- 273: Godt samsvar med budsjett.

#### Tiltak etter 2016 (økonomiplan) frå samfunnsdelen til kommuneplanen

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.	Resultat 2016
Utvikla kulturtilbod som stimuleringstiltak i eldreomsorga for å fremje god psykisk og fysisk helse blant heimebuande.	Vidareføre/vidareutvikle eksisterande kulturtilbod og vurdere nye/fleire tilbod.	Frivillige lag og organisasjonar, søknad om tilskot frå Helsedirektoratet	God oppfølging
Helse og omsorgsplan skal vera førande for kommunen sine tenester og handsamast kvar valperiode.	Arbeidet med gjennomgang og vurdering av det samla tenestetilbodet i pleie og omsorg vil og omfatte ein revisjon av Helse- og omsorgsplan		K.st sitt vedtak i april 2016 gjev nye ramar
Tilretteleggja og ta i bruk ny IT-teknologi for å kommunisere mellom ulike helsenivå og tenester	Telemedisin: Utstyr er på plass og arbeidet med å ta det i bruk startar.	Helse Førde	God oppfølging



Medarbeidareane ved ATS samla til julemiddag 2016.

## Aktivitet 2016

### Pleie og omsorg:



- Dagtilbod for eldre heimebuande vart vidareført etter tildeling av prosjektmidlar frå Helsedirektoratet. Samlingane har vore på Skulehuset på Nes og Grandmo Lagshus.
- Årsturnus vart innført i mars 2016 og arbeidet held fram i 2017.
- Ny organisering av pleie og omsorg vart vedteke i kommunestyret i april 2016. Arbeidet med oppfølging av vedtaket er omfattande og starta i mai 2016.
- Arbeid med kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi starta opp. Arbeidet vil bli vidareført og vidareutvikla i eigne prosjekt.
- Ein sjukepleiar tek vidareutdanning i psykisk helsearbeid og to sjukepleiarar er starta med vidareutdanning i akuttsjukepleie.
- Tre helsefagarbeidarar tek fagutdanning i demensomsorg.
- Det er arbeidd aktivt med vidareutvikling av dokumentasjonsprogrammet Gericia.
- To resurssjukepleiarar i kreftomsorg deltek i fylkesnettverk, og to helsefagarbeidarar deltek i fylkesnettverket *Miljøbehandling innan demensomsorg*.
- Det vart gjennomført fleire arrangement i regi av Folkeakademiet med underhaldning til pasientane, og besøkstenesta held fram med ulike faste oppdrag.
- Bedriftshelsetenesta Stamina har bidrege med HMT økt i Luster og Hafslo, det var opplæring i førstehjelp og fokus på kommunikasjon.
- Det er innkjøpt sykkelvogner til alle omsorgssentera. Dette er gjort i samarbeid med Lions, Luster sparebank og fleire frivillige organisasjonar.


### ATS:

- Det vart kjøpt inn ein nyare brukt traktor som vart teken i bruk i januar, brukt Caravelle 8 seter teken i bruk i april og ein Subaru teke i bruk i oktober (til eige tiltak).

- Kompetanseutvikling i form av synfaringar og samarbeid med verksemdar i same bransje, kurs om angst, praktiske kurs, førarkortutviding, kvalitetssikring og HMT-arbeid, samarbeid med Habiliteringstenesta om «Wittgenstein og eg» (forestilling).
- ATS hadde i 2016 den største innsøkinga så langt i senteret si historie med over 20 nye personar i alt. Det er stor auke i innsøking frå personar med reell restarbeidsevne, noko som fører til stadig større forventingar til meningsfulle oppgåver.

## Kostra-samanlikning





BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

	“Fl.	Sos.,	Bv”
2014	1,0	- “1,6”	- “3,5”
2015	2,0	- 1,8,	- 3,9
2016	3,0	- 2,3,	- 3,9

## Sosial

### Organisering

Tenestemrådet består av NAV Luster og Sogn barnevern. NAV Luster er eit partnerskap mellom stat og kommune og Sogn barnevern ei interkommunal teneste mellom kommunane Leikanger, Sogndal, Balestrand og Luster - med Sogndal som vertskommune.

### Overordna mål

- Fremja økonomisk og sosial tryggleik, betre levekår for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Prioriterte grupper er ungdom, flyktningar, einslege forsørgjarar og barnefamiljar.
- Gje økonomisk rådgjeving som kan bidra til å løyse eller førebyggja sosiale problem.
- Tett oppfølging av mottakarar av økonomisk sosialhjelp og aktiv bruk av arbeidsmarknadstiltak for å få flest mogleg over i arbeid/aktivitet og hindre ny-rekruttering av sosialhjelp mottakarar.
- Kommunen skal tilby aktivitetstiltak for personar som har arbeid som eit langsiktig mål og som i dag tildeles økonomisk stønad.
- Kvalifiseringsprogrammet skal bidra til at fleire kjem over i arbeid og aktivitet.
- Integrasjon av flyktningar gjennom introduksjonsprogrammet på heiltid og fulltid, med norskopplæring, arbeids- og språkpraksis og tett samarbeid med dei frivillige organisasjonar for ein meningsfull fritid.
- Medverke til at barn og unge får gode oppvekstvilkår.
- Sikre at barn og unge, som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid.
- Samarbeide tett med andre faggrupper for å sikre best mogleg tenesteyting, og for å gje eit samla godt tenestetilbod til brukarar.

### Tenester og oppgåver – generelt:

242 Sosial rådgjeving og 281 Økonomiske sosialhjelp/-rettlegg:

Økonomisk stønad (sosialhjelp) er ein del av samfunnets økonomiske sikkerhetsnett og skal sikre at alle har

nok midlar til livsopphald. Hjelpa er meint å vere midlertidig og skal bidra til å gjere den enkelte mottakar sjølvhjelpen, skape sosial tryggleik og betre levevilkår. Hjelpa kan ytast som bidrag, lån eller garanti for lån, og er ei skjønsmessig yting der alle søkjarar har krav på individuell vurdering ut frå sitt behov. Sosial ulikskap er meir enn noko anna knytt til arbeidslivet og det er eit mål at alle skal være i stand til å forsørgje seg sjølv. Det skal vere eit særleg fokus på barn og unge som lever i familiar med låg inntekt.

Råd og rettleiing i forhold til eigen økonomi er svært viktig i arbeidet med sosialhjelp. Føremålet er ikkje bare å løyse eksisterande problem, men å førebyggje at problem oppstår. Tilbodet kan innebere rettleiing i samband med oppsett av hushaldsbudsjett og til å få oversikt over eigen økonomi. Det vert arbeidd saman med brukarar for å finne årsaker til overforbruk og tiltak for å redusere forbruket. Slikt arbeid gjev gode resultat hos mange av brukarane. Det skal difor gjevast tilbod om gjelds- og økonomirådgjeving til personar som har utfordringar.

Det vert og gjeve hjelp til å førebu saker for namsmannen der ein ikkje har kome til ei løysing med kreditorane og brukar stettar krava til å få gjeldsordning.

Utviklinga i tal klientar, saker og utbetalingar er slik:

	2015	2016
Tal klientar m/utbetaling	66	74
Tal saker	466	573

Om lag 53% % av tal klientar er flyktningar eller arbeids innvandrarar.

283 Tilskot til etablering/tilpassing:

Det ligg to tilskotsordningar i funksjon 283. Bustadtilskotet skal medverke til etablering i eigen bustad og til å sikre eigna bustader for vanskelegstilte på bustad-marknaden. Tilskotet skal og sikre at vanskelegstilte kan bli buande i ein eigna bustad. Det kan òg søkjast om tilskot til tilpassing av bustad dersom nokon i husstanden har nedsett funksjonsevne og har særskilde behov for å gjere bustaden betre eigna.

Kommunen blir tildelt midlar frå Husbanken, og føretek tildelinga. Utviklinga i høve tilskot til etablering/tilpassing er slik:

	2014	2015	2016
Mottekne søknader	1	4	2
Utbetalt i kr	20.000	411.000	18.000
Tildelte midlar frå HB	200.000	50.000	450.000

Ordninga blir kunngjort i avis og Lustranytt. Kommunen har ei eiga bustadrådgjevings-gruppe. Ergoterapeut rettleiar om ordninga ved ev. tilpassingar i heimen.

Andre stønadsordningar frå Husbanken:

**Startlån:** Husbanken gjev lån til kommunen for vidare utlån til enkeltpersonar. Startlån skal syte for at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalda denne. Føremålet med startlånet er at det skal bidra til gode løysingar for vanskelegstilte på bustadmarknaden slik at disse kan få eit trygt og godt buforhold. Nye retningslinjer for tildeling er gjeldande frå 1.4.2014. **Bustønad** er ei statleg økonomisk støtteordning for dei som har høge bu-utgifter og låg inntekt. Husbanken forvaltar ordninga og betalar ut midlane. Kommunen tek i mot og registrerer søknadene i Husbanken sitt system.

Utviklinga i høve startlån og bustønad er slik:

**Startlån** (kommunen tek opp lån for vidare utlån)

	2014	2015	2016
Mottekne søknader	14	7	6
Utbetalt i kr	3 52 500	3 805 000	4 819 500
Tildelte midlar frå HB	2 460 000	4 000 000	5 000 000

Frå 2012: Nytt krav om 15 % eigenkapital for å få lån i ordinær bank. Etterspurnaden etter startlån auka. Kommunen skal prioritere dei mest vanskelegstilte husstandande.

**Bustønad** (statlege midlar, syner ikkje i kommunen sitt budsjett og rekneskap)

	2014	2015*	2016
Mottakarar	63	69	58
Gj. snitt utbet. pr. mottakar	22.966	22.596	26.375
Samla utbetaling	1 446 875	1 078 988	1 530 000

Færre husstandandar søkjer om bustønad. Ordninga bør truleg gjerast betre kjend, for å fange opp fleire som kan ha rett på bustønad. \* Eigne tal – tal frå Husbanken er ikkje klare

276 Kvalifiseringsprogrammet:

Programmet rettar seg mot personar med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne. Det handlar i stor grad om personar som - utan eit slikt program -



ville vore avhengig av økonomisk sosialhjelp som hovudinntektskjelde over lengre tid. Programmet er eit tilbod om opplæring og arbeidstrening, det skal bestå av arbeidsretta aktivitetar i kombinasjon med andre tiltak som kan forberede overgang til arbeid. Programmet skal vere heilårleg og på full tid. Rettleiar og brukar skal saman planlegge innhaldet i programmet. Det er viktig at brukar har stor medverknad på innhaldet i programmet og får tilpassa oppfølging.

**Flyktningtenesta:**

Per 31.12.2016 budde det 80 flyktningar i Luster. Tala tilbake til 2010 er slik:

	2014	2015	2016	SUM
Busetjing	11	19	20	76
Familie-sameining	0	1	9	16
Fødde	1	1	3	8
SUM	12	21	32	100
Flytta ut	4	5	6	22
Flytta inn			2	2
Buande i Luster ved utgangen av 2016				80

Ved utgangen av 2016 var det følgjande fordeling på nasjonalitet: 26 frå Eritrea, 21 frå Somalia, 6 frå Kongo, 8 frå Etiopia og 19 frå Syria. Det var 5 barnehagebarn i Gaupne barnehage og 24 skuleelevar fordelt slik:

- 2 Hafslø barne- og ungdomsskule
- 12 Gaupne skule
- 8 Luster ungdomsskule
- 1 grunnskule ung i Sogndal
- 1 innføringsklasse i Sogndal

22 personar har sidan 2010 flytta frå kommunen. Det er mange årsakar til flytting:

- Utdanning (har ikkje ynskja tilbod i Luster).
- Arbeid (betre arbeidsmarknad i andre område).
- Familiesameining (familie/venner i anna kommune).
- Flytting til større byar (større miljø, fleire tilbod mm.).

Flyktningane har rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet med opplæring i norsk og samfunnskunnskap, samt arbeids- og språkpraksis. Innhaldet skal være individuelt tilrettelagt og ta

## Styringsmål:

Sogn barnevern:

Styringsmål		Status Luster		Mål 2016	Resultat 2016
		2014	2015		
1	Tal mottekne meldingar	41	25	-	20
	Tal henlagte meldingar	6	2	-	5
	Tal fristbrot oppfølging av meldingar (frist på 7 dg)	0	0	0	0
2	Tal undersøkingar	35	30	-	15
	Tal henlagte undersøkingar	21	12	-	3
	Tal fristbrot (frist på 3 md.)	6	6	0	0
3	Tal barn med tiltak pr. 31.12	74	51	-	24
	Andel barn i tiltak pr. 31.12 med tiltaksplan	69 %	90 %	100 %	70, 8 %

Kommentar til tabellen/det einskilde styringsmål:

**Generelt:** Det er ikkje føremålstenleg å setje mål på tal mottekne meldingar, tal henlagte meldingar, tal undersøkingar, tal henlagte undersøkingar og tal barn med tiltak pr. 31.12. Dette må difor sjåast på som reine indikatorar. Det er sett mål på tal fristbot for oppfølging av meldingar (0), tal fristbrot (0) og andel barn i tiltak med tiltaksplan (100 %).

- 1) Når det kjem inn ei *melding* om bekymring for barn skal barnevernstenesta innan 7 dagar avgjere kva som vert gjort med meldinga, anten legge den vekk eller følgje opp. Sogn barnevern hadde ingen fristbrot på oppfølging av meldingar i 2016.
- 2) Når barnevernstenesta har konkludert med at meldinga skal følgjast opp er fristen for å gjennomføre ei *undersøking* tre månader, i særskilde tilfelle kan fristen utvidast til seks månader. Målet er null fristbrot, jf. krav i barnevernslova. Dette har ein oppfylt i 2016.
- 3) Eit *hjelpetiltak* er som hovudregel eit frivillig tiltak og alle under 18 år skal ha tiltaksplan. Tiltaksplanen skal evaluerast jamleg og etter behov, minimum fire gonger i året. Lovkrav og målsetjinga er at alle skal ha tiltaksplan. Sogn barnevern har ikkje klart å oppfylle denne målsetjinga i 2016.

utgangspunkt i den einskilde sin bakgrunn og kompetanse. Målet er normal deltaking i arbeids- og samfunnsniv og økonomisk sjølvstende. Pr 31.12.2016 deltok 25 flyktningar i introduksjonsprogrammet.

### 251 Barnevernsteneste i familien:

Hjelpetiltak i heimen er som hovudregel frivillig tiltak der familien har samtykka til hjelp. Fleire familier tek i mot hjelpetiltak av ulik karakter frå barnevernstenesta. Sogn barnevern har fokus på å gje rett tiltak til det enkelte barn og familie/heim og har eigne stillingar for tiltaksarbeid i familien.

### 252 Barnevernsteneste utanfor familien:

Plassering av barn utanfor heimen skjer både i fosterheim og institusjonar, alt etter behova til barnet. Slike plasseringar skjer både etter samtykke (frivillig) og ved omsorgsovertaking. Dette er ressurskrevjande tiltak som vert gjort når det ikkje er mogleg å avhjelpe situasjonen ved hjelpetiltak i heimen. Barnevernstenesta er pålagt ved lov både å følgje opp barn som er plasserte og familien til barnet etter plassering. Tenesta har som

mål å i større grad unngå omsorgsovertakingar ved å sette inn gode rettidige hjelpetiltak i heimen for å betre omsorgssituasjonen til utsette barn

### Aktivitet 2016

#### Sogn barnevern

- 2016 var eit særskilt krevjande år for Sogn barnvern. Administrativ- og politisk leing i Luster er jamleg informert om dette i eigne rapportar, skriv, møter mm.
- Sogn barnevern hadde ved utgangen av 2016 totalt 68 ordinære tiltakssaker og 5 ettervern- saker (18 – 23 år), totalt 73 aktive saker for Luster kommune.
- Ved utgangen av 2016 var det 24 barn i Luster med hjelpetiltak, og totalt 13 barn budde i fosterheim, institusjonar og/eller ettervern.
- Sogn barnevern har 13,5 stillingar fordelt på 11,7 fagstillingar og 0,8 årsverk støttetjenester. Det er i tillegg 1 årsverk som tenesteleiar.
- I perioden 2015 og 2016 har 18 tilsette gått ut av tenesta, 13 av desse i 2016. Det har frå april 2016

Styringsmål		2015		Mål 2016	Resultat 2016
		Luster	Landet		
1	Tal klagesaker	2	-	0	1
2	Snitt stønadslengde (md) 18-24 år	2,6 md	-	3,7 md	6,9
	Snitt stønadslengde (md) 25-66 år	4,0 md	-	4 md	5,4
3	Andel som går over 6 md. på stønad	21 %	35 %	25 %	33%
4	Andel mottakarar som får gjeldsrådgjeving/ økonomisk rådgjeving	-	-	20 saker	21 saker
5	Andel med sosialhjelp som hovudinntekts-kjelde (av 76 mottakarar i 2016)	53 %	47,3 %	35 %	53%

*Kommentar til tabellen/det einskilde styringsmål:*

- 1) Ein klagesak stadfesta av Fylkesmannen. Totalt tal saker i 2016 var 573. I 2015 vart totalt 466 saker handsama og to klagesaker.
- 2) Det er eit tid med sosialstønad vert så kort som mogleg. Personar i alderen 18-24 hadde i 2016 eit snitt på 6,9 md (SSB). Personar i alderen 25-66 hadde i 2016 eit snitt på 5,4 md. Utviklinga er negativ. NAV Luster hadde i 2016 7 personar i alder 18 – 24år med stønadslengde med snitt 6,9 md. 45% av desse er flyktningar med supplerande sosialhjelp.
- 3) Personar som fekk stønad over 6 md. Har auka frå 21 % til 33 %. Dette syner ei negativ utvikling og det er eit klart mål at andelen vert redusert.
- 4) Av tal klientar i 2015 var det 12,5 % som fekk gjeldsrådgjeving dette inkluderer både enkelt personar og familiar. For 2016 er 25%. Dette er også eit område det vert arbeidd særskild med og eit område vi ser er aukande behov for råd og rettleiing på.
- 5) Av 66 mottakarar i 2015 var det 53% med sosialstønad som hovudinntektskjelde. I 2016 var det 49,1% av 74 personar. Det er eit mål at andelen går ned, men ein har ikkje luktast med dette. Årsaka kan være auka tal klientar med flyktningbakgrunn /arbeidsinnvandrarar

kome 9 nye høgskuleutdanna tilsette inn i tenesta (alle i 100% stillingar).

- Frå sommaren 2016 har det vore arbeidd aktivt med forbetring og kvalitetsutvikling av- og i tenesta, der ein i større grad enn tidlegare har fokusert på fag og tenesteutvikling.
- Sjukefråværet i Sogn barnevern er i 2016 monaleg redusert, og sjukefråvær er ikkje lenger knytt til arbeidsmiljø utfordringar. Ved utgangen av 2016 er sjukefråværet lågt.
- Alle tilsette har vore aktivt deltakande i arbeidet med tenesta si kvalitetsutvikling.
- Tenesteleiar byrja 1.9.2016 i full stilling(tidl.60%), og ny leiingsstruktur vart etablert i november 2016.
- Den nye interne leiingsstrukturen består av tenesteleiar, fagleiar og to teamkoordinatorar.
- Fylkesmannen gjennomførte i perioden 6. september til 6. desember 2016 eit omfattande dokumenttilsyn. Funna er nærare omtalt i førebels tilsynsrapport av 6. desember 2016. Sogn barnevern starta mot slutten av 2016 arbeidet med ein omfattande *Plan for fagleg forbetningsarbeid* som skal utvikle

tenestene og lukke avvik. Rapport og tilsvar er følgt opp i starten av 2017 og Luster kommune har fått gitt innspel til arbeidet.



SAMARBEIDER: Desse er med i LOOP-samarbeidet i Luster. Fv: Kjell Hovland, Bosse Litsheim, Anne Lene Eggum, Vegard Høststad, Håvard Kveane og Tom Dyrdal. Ole Johnny Uthus, Spar, var ikkje til stades.

## Samarbeid opnar veg inn i arbeidslivet


LOOP. Samarbeid mellom NAV, bedrifter og ungdom som treng arbeidstrening. Oppslag Sogn Avis 28.3.2017.

### NAV Luster:


- NAV Luster hadde i 2016 4,3 statlege- og 4,8 kommunale årsverk. Derav eit statleg årsverk som seniortiltak og 3 årsverk knytt til flyktingtenesta og 50% som økonomisk/gjeldsrådgjevar Leiar kjem i tillegg med 50% stat og 50% kommunalt.
- Kontoret er organisert i 5 team: Arbeid, sosial, mottak, flyktingar og oppfølging. Det er lagt vekt på tverrfagleg internt og interkommunalt samarbeid
- NAV har i deler av 2016 hatt eit høgt sjukefråvær, og har bare delvis kunne leigd inn personell. NAV kontoret har gjennomført HKI (humankapitalindeksar –måling på arbeidsmiljø, leiarskap, engasjement for jobben.) hausten og fekk eit godt resultat.
- Det var i 2016 gjennomført eige vurderingstilsyn i samarbeid og regi av Fylkesmannen, NAV Luster fann avvik på dokumentasjon og vedtak på § 17 opplysning, råd og rettleiing.
- NAV starta opp prosjekt knytt til barnefattigdom i 2016 med midlar frå Fylkesmannen.

- Auka innsats i høve kvalifiseringsprogrammet og programinnhald med 37,5 t/veka.
- Mottak og busetjing av flyktingar er så langt som råd er gjennomført i tråd med kommunestyret sine vedtak.
- Det er etablerte eit godt samarbeid og avtale med Frivillig sentralen i 2016. Det har vore største fokus på kvinnegruppe og leksehjelp til unge flyktingar. Det har vore eit tett og godt samarbeid med kommunale einingar og næringslivet om arbeids- og språkpraksis.
- I møte 22.9.2016 vedtok kommunestyret at Luster frå august 2017 sjølv skal ta ansvaret for opplæring i norsk og samfunnsfag for flyktingar, og at dagens organisering av Flyktingtenesta skal vidareførast.
- Det er motteke om lag 14-14,5 mill i statstilskot til innvandar/flyktingearbeidet i 2016. Det er nytta om lag slike ressursar: 202/grunnskule, 1,2 mill, 275/introduksjonsstønad, 4,35 mill, 281/økonomisk sosialhjelp 2,0 mill. Utover dette mindre kostander innan barnehage tilbud, helse, anna tilrettelegging og adm, slik at det til saman er omlag 12,5 - 13.0 mill.

### Kostra-samanlikning




### Kostra-samanlikning




### Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 16	Bud 16(r)	Avvik	Rekn 15
242	NAV	3 725	3 680	1 %	2 077
244	Barnevernsteneste	2 762	2 593	7 %	2 818
251	Barnevernsteneste i familien	824	1 098	-25 %	1 155
252	Barnevernsteneste utanfor familien	6 574	5 763	14 %	5 792
275	Introduksjonsstønad	4 349	4 500	-3 %	2 912
276	Kvalifiseringsordninga	405	700	-42 %	285
281	Økonomisk sosialhjelp	2 738	3 424	-20 %	2 906
283	Tilskotsordningar Husbanken	-432	0	-100 %	341
	Sum	20 945	21 758	-4 %	18 286

- 242: Godt samsvar med budsjett. Om lag 2 mill er relatert til flyktingearbeidet.
- 244: Meirforbruk som følgje av auka administrative kostnader (kontorutgifter).
- 251: Mindreforbruk som følgje av reduksjon i tal tiltak.
- 252: Meirforbruk som følgje av nye tiltak og flytting frå fosterheim til institusjon.
- 275: Noko mindre utbetaling til flyktingar enn forventa men likevel bra balanse.
- 276: Mindreforbruk som følgje av få deltakarar på kvalifiseringsordninga.
- 281: Mindreforbruk som følgje av færre klientar enn forventa. Om lag 2 mill er relatert til flyktingar.
- 283: Tilskot som skal nyttast til støtteordning for utbetringstiltak bustader, sum avsett til fond.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2014	50,1
2015	49,5
2016	50,1

# Tekniske tenester

## Organisering

Tenesteområdet omfattar stabseiningane Plan, Eigedom og tenesteeininga Teknisk Drift.

### Hovudoppgåve Plan:

- Ansvar for kommune- og samfunnsplanlegging, spesielt arealplanlegging
- Forvaltning av areal, byggetiltak og tilskotsordningar.
- Kartforvaltning og oppmåling.

### Hovudoppgåve Eigedom

- Drift, forvaltning og utbygging av kommunal eigedom.
- Drift, forvaltning og utbygging av infrastruktur og tenester innan kommunalteknisk område.
- Førbyggjande brannvern (tilsyn, feiing), brann- og beredskapsoppgåver via SBR-IKS.

### Hovudoppgåve Teknisk drift:

- Teknisk drift er ei utøvande eining "Eigedom" sit som "eigar og forvaltar" av alle kommunale bygg og anlegg. Eigedom "kjøper" tenester hjå teknisk drift for å drifte og vedlikehalde bygga og anlegga.

## Overordna mål

- Sikre at Luster kommune har eit oppdatert plangrunnlag som til ei kvar tid er i samsvar med overordna mål for utviklinga av kommunen, dvs. areal- og temaplanar som gir prinsipp og retningslinjer for byggje- og utviklingstiltak i kommunen.
- Sikre at kommunen har eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for dei føremål som blir omhandla i plan- og bygningslova.
- Yte god service og rettleiing til tiltakshavarar, innanfor dei rammer som gjeld i lovregulerte forvaltningssaker.
- Oppretthalde realkapitalen i kommunal eigedom. Sikre god drift og utvikling av kommunale bygg og anlegg slik at brukarar og medarbeidarar har gode rårer for sine tilbod og sitt virke.
- Gje den kommunale infrastrukturen (VAR) ein standard som gir innbyggjarar og næringsliv tilbod

med tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet, samt sikrar gode miljømessig løysingar til så gunstige priser som mogleg.

- Ha eit kommunalt vegnett som dekker innbyggjarane og næringslivet sitt behov slik at transporttilbodet kan bli trygt og rasjonelt.
- Sikre at kommunen har eit godt nivå på førebyggjande arbeid på teknisk område, samt sikre at generell beredskap og vakt- og beredskapsordningar gjer kommunen budd på unormale hendingar slik at skadeverknader og konsekvensar vert så små som mogleg.

## Tenester og oppgåver - generelt

Budsjettmessig har tenesteområdet 16 funksjonar og i tillegg er nokre plan-, forvaltnings-, drifts- og utviklingsoppgåver. Desse siste er budsjettmessig plasserte på andre funksjonar direkte eller via interne overføringar.

### 190 Drift

Budsjettmessig omfattar tenesta driftsutgifter for Teknisk drift, leiing, ingeniør v/a, formenn, fagarbeidarar uteseksjon, vaktmeistarar og reinhaldarar, samt kostnader felles maskindrift.

Budsjetteknisk legg ein opp til at funksjonen skal balansere, kostnadane vert dekkja opp ved sal av tenester til dei ulike tenestestadane, kommunale bygg og anlegg. Tenesta sel og nokre tenester til kyrkjesektoren, bustadorganisasjonane og private.

Vedlikehaldsavdeling, røyrleggarar, maskinkøyrarar og reparatør, dekkar opp ein relativt stor del av drift og vedlikehald av kommunalt vatn- og avløpsanlegg, kommunalt vegnett og anlegg. Kommunal maskindrift disponerer nokre større maskiner, bla, hjullastar, veghøvel og lastebil med kran.

Kommunen kjøper tenester til brøyting og strøing av vegar, samt meir spesialiserte vedlikehaldsoppgåver på bygg(ventilasjon, elektro mv). Desse utgiftene vert belasta aktuell tenestestad direkte.

Vaktmeistertenesta dekkar heile den kommunale bygningsmassen på driftssida. Snekkarar og målar

supplerer for større vedlikehold av kommunale bygg og anlegg basert på årlege vedlikehalds- og byggetutviklingsprogram .  
Teknisk drift har ansvar for reinhald av alle kommunale bygg, unnateke pleie/omsorg.

### *265 Kommunale bustader*

Kommunen har ein stor bustadmasse. Ein del er organisert i stifting (SLU, Stiftinga Luster Utleiebustader), og ein leilegheit i bustadbyggjelag, Steinahagen, med eige budsjett/rekneskap. Bustadmassen dekker kommunale bustadplikter, sosiale behov, rekruttering og etablering. Utleige er administrert av Servicetorget, og ei bustadnemnd står for prioritering/inntak. Husleigesatsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar. Vedlikehalds-oppgåvene vert dekkja av teknisk drift og større arbeid vert gjort når det er skifte av leigetakarar. Rådmannen v/Eigedom, ev SLU, har ansvar for sal og nybygg.

### *301 Plansak*

Tenesta har ansvar for overordna kommune- og samfunnsplanlegging med vekt på arealplanlegging, oppfølging av kommuneplanen sin arealdel med utarbeiding av reguleringsplanar, forvaltning av desse og handsaming av private reguleringsplanar. Tema- og utviklingsplanar for dei ulike tenesteområde skjer i regi av desse. *Det vert utarbeida årlege planleggingsprogram som følgjer budsjettet/økonomiplanen.*

### *302 Byggesak*

Tenesta er forvaltning og tilsynsoppgåver i medhald av plan- og bygningslova, herunder arealbruksplanar i medhald av lova. Vidare oppgåver er handsaming av byggesøknader, delingssøknader, dispensasjonar frå planar og veglov, utsleppssøknader og avfallsplanar, samt tilsyns- og sanksjonshandsaming i medhald av plan- og bygningslova og ureiningslova. Kommunen sine utgifter til forvaltning etter plan- og bygningslova vert delvis dekkja av kommunal gebyrordning der satsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar.

### *303 Oppmåling*

Tenestestaden skal syta for at kommunen har eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for dei føremål som blir omhandla i plan- og bygningslova (§5). Nykartlegging og periodisk vedlikehald/oppdatering av kart skjer i all hovudsak gjennom avtalt samarbeid i Geovekst og NorgeDigitalt. Kommunen forvaltar delingslova og matrikkellova og tilhøyrande tenesteproduksjon, herunder registrering i medhald av matrikkellovgjevinga. Kommunen sine utgifter til forvaltning og tenesteproduksjon vert dekkja i kommunal gebyrordning der satsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar. ROS-kartlegging, digitalisering av arealplanar og digitalt planarkiv har ansvarsplassering på andre tenestestader.

### *315 Bustadbygging – bustadfelt*

Budsjetteknisk vert det budsjettert nokre mindre vedlikehaldstiltak på kommunale bustadfelt som ikkje går inn under veg, veglys og VA.  
Tilskot til spreidd bustadbygging: Kommunen yter eit tilskot på kr 75 000,- per tomt til spreidd bustadbygging etter nærare utarbeidde retningslinjer.  
Kommunal bustadbygging: Kommunen har store arbeidsoppgåver i å leggje til rette for bustadbygging. Planlegging, opparbeiding og utvikling av bustadfelt. Kommunen har utarbeidd retningslinjer for tildeling av tomtar. *Jf. elles investerings-/planleggingsprogrammet.*

### *330 Samferdsle*

Kommunen sitt ansvar og engasjement er Solvornferja. Det er avtale med Lustrabaatane AS for gjennomføring av ferjeruta. Anbudsperioden for ferja er t.o.m. 2021, ev tosidig opsjon t.o.m. -24. Fylkeskommunen gir tilskot til tiltaket med grunnlag i skuleskyss og regional utvikling/reiseliv, kr 450.000 pr år.  
Leige av kai/kaiområde vert ført på funksjonen.

### *333 Kommunale vegar*

Kommunen har eit omfattande kommunalt vegnett, ca. 120 km og plassar/parkeringsanlegg. Vegnettet, fast dekke, grusveg og bruer skal ha kontinuerleg vedlikehald sommar og vinter.  
Drift og vedlikehald vert gjennomført i eigen regi og med innleige av maskiner. Brøyting vert utført via anbodkontraktar med private med avtale t.o.m. 30.04.2017. Større tiltak på vegnettet vert gjennomført som anleggsutviklingstiltak med årlege prioriteringar. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av privat veg (33203).

### *334 Trafikktryggleikstiltak*

Med utgangspunkt i kommunal trafikktryggingssplan vert det gjennomført ein årleg prosess for kartlegging, planlegging og gjennomføring av mindre tiltak. Det vert søkt om midlar til tiltaka. Tiltak som får tilskot, vanlegvis om lag 50% av kostnaden, vert prioritert for gjennomføring. Driftsmidlar dekker mindre sikringstiltak. Eigendel til "Aksjon skuleveg" vert finansiert over investeringsplanen.

### *338 / 339 Førebygging mot brann og ulukker/beredskap mot brann/ulukker*

SBR-IKS har ansvaret for både førebygging og beredskap mot brann/ulukker.  
Gjennom SBR-IKS har kommunen ein brann- og ulukkesberedskap som ivaretek kommunen sine plikter i medhald av brannlovgjevinga, deltek i ordninga for akutt ureining (IUA) og i det interkommunale selskapet ALSF (Alarmsentralen Sogn og Fjordane).

### *345 Vassverk*

Kommunal vassforsyning er omfattande og kjenneteikna av mange og relativt små vassverk.  
Vedlikehald av 12 vassverk med m.a. tilhøyrande leidningsnett og basseng. Vert gjennomført driftsovervaking av tilknytte vassverk og basseng

minimum 2 gonger/dagleg og analyse av vatnet i henhold til drikkevannsforskriften. Vassprøvar vert teke kvar 14 dag. Generelt vedlikehald, lekkasjesøk og reparasjonar etter behov. Talet på vassverk gjev mange utfordringar for å sikra nok og sikker forsyning.

### 353 Kloakk

Som for vassforsyning er det mange anlegg for drift og ettersyn. Tilsyn på 50 kloakk-pumpestasjonar og driftsovervakning minst 2 gonger/dagleg. Kloakkprøvar vert gjennomført 4-6 gonger i året. Generelt vedlikehald, reparasjonar av pumper og staking av kloakkrøyr.

### 354 Tømming av slam

Tømming av slamavskiljarar vert gjennomført i regi av Simas. Simas har og ansvaret for fakturering av slamabonntar. Alt etter type anlegg er det tømming kvart år, anna kvart år eller fjerde kvart år.

### 355 Renovasjonsordninga

Kommunen får løyst sine oppgåver i det interkommunale selskapet Simas. Selskapet tek seg av innsamlingsordning og handsaming av innsamla avfall. Simas kjøper tenester frå kommunen v/Teknisk Drift til drift av Miljøstasjonen i Gaupne.

Kommunen har sjølv ansvaret for renovasjon i sentrumsområde, utfartsområde og badeplassar. Føresetnaden er kommunal kostnadsdekning.

### 357 Offentleg toalett

I Luster Kommune er det ein del toalett, som er opne for alle, særleg om sommaren. Det er fleire overnattings- og serveringsverksemdar, bensinstasjonar, butikkar og liknande, som i praksis har toalett som alle kan nytte. Einskilde verksemdar har grunna lokalisering meir "offentleg" toalettbruk enn andre. Luster Kommune har ikkje driftsansvaret for mange toalett. Offentleg toalett med offentlig driftsansvar er relativt dyrt å drifte. Her vert budsjettert tilskot til offentlig tilgjengelege toalettanlegg i kommunen og kommunen sine utgifter til eigne anlegg.

## Styringsmål 2016

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2016	Resultat 2016
				Luster	Landet		
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Koetra / EDB sak og arkiv	-	-	0	-
	B	Tal klagesaker m/ omgjeringssvedtak	Registrering	1	-	0	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre **	Registrering Visma	104		<100%	104,5%
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	BedreKommune 2014	4,8	4,6	4,8	
	M	Sjukefråvær (Teknisk drift) ***	Fråværsstatistikk 2016	4,5	-	<4,0	7,0
Teknisk	B	Vasskvalitet, prøvar utanfor grenseverdi	Resultat vassprøvar	12	-	0	6
	B	Sakshandsamingstid oppmålingsforretning (snitt dg)	Koetra 2013	65	66	60	.....
	B	Andel søknader om tiltak der kommunen overskrid lovpålagt sakshandsamingstid	Koetra 2012	7 %	5 %	0	.....

\*) Dette styringsmålet er ikkje på plass. Ny ESA varslar på frist noko som sikrar god oppfølging av fristar i forvaltningslova.

\*\*) Press på vedlikehaldsområde har gitt overforbruk.

\*\*\*) Noko lengre fråvær gir høg prosent

## Aktivitet 2016

### *Eigedom og anlegg, drift, vedlikehald og utvikling:*

- Luster kommune har i 2016 tatt i bruk varslings 24 frå Framweb (SMS varslings). Har vore mest nytta i samband med vassstenging og varsel om ureining.
- Byggetutvikling og større vedlikehald i 2016 er gjennomført i samsvar med planar:
  - Grandmo lagshus: For utleige til lag og organisasjonar. Luster frivilligsentral har kontor i lagshuset.
  - Hafslø barnehage: Skifte av tak på gamlebygget
  - Hafslø omsorg og eldrecenter: Måling utvendig, ombygging innvendig.
  - Luster oppvekstsenter, barnehage: Støydemping grupperom
  - Luster oppvekstsenter, skule: Oppussing SFO- rom.
  - Gaupne skule: Oppussing toalett.
  - Gamlestova barnehage: Bygge vognskur ved inngang.
  - Helsesenteret: Oppussing kontor.
  - Grandmo busenter. Oppussing leilegheit.
  - Luster ungdomskule: Ombygging av språklab til grupperom.
- Kommunale utbyggingsprosjekt:
  - Hafslø barne og ungdomskule: Skulen var ferdig til å ta i bruk til skuleåret 2016/2017. Her står att litt utvendig oppussingsarbeid.
  - Rådhuset: Byggjeste 1, som vart avslutta i 2016, skifta ventilasjonsanlegg og bygde tak over atriumet. Byggjeste 2 i 2017 er isolasjon tak, vegger, skifte vindauger og fasade.
  - Brannsikringsplan Solvorn: Det er montert og sett i drift brannvarslingsanlegg og 5 brannpostar, kopla til det kommunale nettet.
  - Indre Hafslø oppvekstsenter, barnehage: Det vart bygd eit tilbygg til barnehagen, vesentleg for å betra garderobetiløva for barn og tilsette.
  - Brannstasjon: Øiene-anlegget på Røneidsgrandane er ferdigstilt som brannstasjon. Sogn brann og redning har ansvar for å ferdigstilla øvingsområde utvendig.
  - Lustrabadet: Innreining av rom 001, teknisk rom, inkludert ventilasjonsanlegg er utført. Ventilasjonsanlegg er eit anlegg som er skifta ut frå Hafslø barne og ungdomskule. Vidare er det skifta ein del lause flisar, både på golv og i basseng. Velvæereavdelinga var stengd i 3 veker om hausten pga av dette arbeidet. Det er og lause flisar i idrettsbassenget.
  - Planlegging og prosjektering:

*Jostedal oppvekstsenter, barnehage:* Tilbygg og renovering, byggstart våren 2017. *Friskhuset:* Planlegging gjennomført, prosjektet delt i to byggjeste, del 1 trenings-senter m/helsedel vert prosjektert for ev byggstart hausten -17.

*Gaupne idrettshall, skifte av tak:* Planarbeid/anbod synte for høge kostnader. Vidare planlegging, m/ev alternative løysingar og plan for rehabilitering vert drøfta.

- Kommunal bustadmasse (inkl. Luster utleigebustader) har totalt 78 utleigeeiningar. I 2016 har me fått tilvekst av 18 leilegheiter, fordelt på 2 bygg på gamle barnehagetomten i Gaupne Løkjane, bygt i regi av SLU. Fyrste leigetakar flytta inn i oktober. Teknisk drift har utført vedlikehaldsarbeid/oppussing av fleire bustadar, både kommunen sine egne og SLU bustadar. Per 31.12.16 var 65\* bustader utleigd. \*2 bustader i *Bringebakkane, bustaden over brannstasjonen i Luster og bustad v/omsorgssenter på Hafslø er i dårleg stand.* *Elles står bustaden i Fortun, ein i Jostedal og ein bustad på Veitastrond tomme, grunna ingen søknader.* *Løkjane hadde og pr årskiftet ein del som ikkje var flytta inn.* Det kom inn 43 søknader om kommunal bustad i 2016. 20 søknader (inklusive flyktningar) fekk tildelt bustad. Einebustaden «styrarbustaden» på Hafslø vert nytta som bufellesskap for flyktningar. Det er og leigd to private hus i Gaupne for utleige til flyktningar.
- Kommunale byggjefelt:
  - Drægni: Det vart ferdigstilt for byggjeklare tomter og utleigebustad på Drægni i Fortun. Opparbeiding av eige vassuttak og avlaupsreinseanlegg. SLU har bygd eit hus i feltet.
  - Bolstadmoen: Utbygging av vatn og avløp til felt B1 og B6 er ferdig.
  - Kvitevollen: Ferdigstilt i 2016, tomtane er byggjeklare. 1 tomt er selt.
  - Høyheimsvik: Arbeid med VVA pågår. Førebels 4 nye tomtar øvst i byggjefeltet, ferdig våren 2017.
  - Verket 2: Verket 2 vart ferdigstilt i 2016. Både veg, vatn og avlaup er utbygd for heile feltet. Det måtte i tillegg trekkast ny straumforsyning inn i feltet frå Haugavegen samt setje opp ny trafo, noko som gjorde straumforsyninga meir omfattande enn fyrst rekna med. Det vart trekt tilbake to tomter på toppen, inntil vidare, då det er noko utfordrande massar i grunnen. 4 einebustadar og heile område vart lagt ut for sal. Alle tomter vart tildelt.
  - Beheim 2: I feltet er det tildelt 8 bustadtomtar, 3 rekkehusomtar og eit felt for rekkehus. Det er bygd 2 bustadhus og eit rekkehus med 3 bueiningar. Det har elles vore lite omsetting av tomtar i kommunale felt.
- Sentrumstiltak Gaupne. Arbeidet med oppgradering av torgarealet framføre Pyramiden stoppa opp pga. av at Pyramiden som grunneigar ikkje ville gå vidare med planane. Det er etablert gang/torgareal på framsida av Pyramiden. Det vert arbeidd vidare med utfordringane vedrørende trafikksituasjonen. Det er innført gjennomkøyring forbode på nordsida av Pyramiden. Det ligg føre planar for bussparkering på nedsida av fylkesvegen og etablering av offentleg toalett i Pyramiden.



Utleigebustadene Løkjane på Grandmo.

### Infrastruktur veg og anlegg.

- Driftsutgiftene for kommunal veg i 2016 vart på 7,26 mill. (2015/7,8) Brøytekostnadane var 1 mill lågare i 2016, men høgare sommarvedlikehald.
- Driftsutgiftene veglys er i 2016 840.000, om lag som budsjettert.  
Det er etablert nytt veglysanlegg frå Hafslo Kyrkje til Moane i samsvar med vedteken investeringsplan. Anlegget er ferdigstilt.
- Anleggsutvikling – tiltak 2016:  
Reasfaltering: Bolstadvegen, Jorangervegen og ved Lundshaugen.  
Kryss Mjølver/ brevegen er utbetra.(asfaltering står att)
- Trafikktryggingstiltak: Tiltak som fekk tilskot frå fylkeskommunen er ferdig – gjeld tiltak ved Hestnes og plan for uteområde ved Gaupne skule.
- Tal reisande med Solvornferja:

År	Tal reisande	Herav skulereiser
2013	46 341	2 096
2014	46 332	2 210
2015	50 581	1 280
2016	50 836	1 285

- Brannvernet i Luster har hatt 26 utrykkingar i 2016, 7 av utrykkingane var til trafikkulykker.
- Prosjekt innan veg-, vatn- og avlaupssektoren (VVA) i 2016:
  - Skifta ut pumpestasjonen mellom Pyramiden og Prix i Gaupne sentrum. Forholdsvis mykje arbeid og ein viktig stasjon.
  - Ny pumpestasjon ved Jostedal skule, kopla i lag med avlauet frå samfunnshuset.
  - Eksisterande vassbehandlingsanlegg i kjellaren på Jostedal Samfunnshus vart flytta ut i nytt tilbygg. Her vart anlegget i tillegg kopla til overvakingssystemet.
  - Det var lagt alt forarbeid og bygging av basseng i Røselekkane vart sendt ut på anbod før jul. Dette vart ein del dyrare enn rekna, så byggingen vart utsett for revurdering.

- Det vart installert UV-anlegg for abonnentane i Fortun sentrum då det var problem med bakteriar.
- Ferdig stilt nytt PLS-system ved både Hafslo og Høyheimsvik vassverk.
- Det er jobba ein del med lekkasjesøk og det er kjøpt inn eige kamera som ein nyttig del ved feilsøking/lekkasjar
- Fleire stasjonar er oppgradert i forhold til styring og kopla til det kommunale overvakingssystemet.

### Plan og byggeaktivitet

- Det er eit lovkrav at samla kommuneplan skal reviderast i kvar valperiode. I førre periode vart arbeidet avslutta med vedtak av arealdelen i 2015. Kommunestyret vedtok i juni 2016 planstrategi for kommuneplanarbeid i perioden 2016 – 2019.
- Som det går fram av tabellen nedanfor, vedtok kommunestyret 2 reguleringsplanar i 2016. Dette er færre enn vanleg. Plan- og forvaltningsstyret la 6 planframlegg ut til offentleg ettersyn. Privat reguleringsframlegg for Sandal på Hafslo og kommunalt framlegg for regulering av Dale sentrum, vart lagt ut 2 gonger. Andre større reguleringsplanar under arbeid i 2016 var planar for sentrale delar av Heggmyrane og for Gjerde sentrum i Jostedal. Planprogram for reguleringsarbeid for motorsportsenter på Leirmoøyarden vart lagt ut til ettersyn, det vart varsla oppstart av arbeidet og gjennomført registrering av biologisk mangfald.
- Plan har også arbeidd med revisjon av kulturminneplanen.

### Reguleringsplanar vedtekne i 2016:


Dato	Plan
16.12.2016	Gaupnegrandane – Engjadalselvi.
16.12.2016	Øyagata 25 (Sion).

### Einskildvedtak i utvalde sakstypar dei 4 siste åra

Sakstypar	2015	2016
Utvalssaker (PFS)	11	14
Tiltaksløyve § 20-1	80	94
Tiltaksløyve § 20-2 (2016: 20-4)	47	55
Rammeløyve § 21-2	8	4
Igongsettingsløyve § 21-2	8	5
Tekne i bruk	---	----
Mellombels bruksløyve	25	5
Ferdigattest	97	67
Utførte tilsyn	5	13
Utsleppsløyve	9	6
Sum einskildvedtak	290	263

NB! Plansaker etter pbl kap.12 er ikkje med i oversikten.

- Gebyrinntektene vart kr. 523 574.-, dvs. kr. 301426.- mindre enn budsjettert. Nedgangen skuldast m.m.. at ordninga med lokal ansvarsrett og kommunal godkjenning av denne, er oppheva.



Luster brannstasjon i "Øiene-bygget".

- Tilsyn: Det vart gjennomført 13 tilsyn i byggesak, av desse var 13 på tema frå TEK10 og SAK10, og 0 var inspeksjon i nye bygg (inspeksjonstilsyn). Betaling til SBR for avtala byggtilsyn kr. 232 074.-, budsjettert sum var kr. 230000.-.
- Det vart handsama og godkjent 28 søknadar om nye bygg i LNF-område utanfor 100-meters beltet (pbl § 1-8), av desse 20 i samsvar med plan, og 8 dispensasjonssaker.
- Tilskot til bustadbygging, utbetalt i 2016, er 8 bustader, 4 i regulerte felt (Neshøgdi 1 og Bukti 3) og 4 utanfor regulerte felt. (Skjolden 2, Nes 1 og Luster 1.)

- Kart- og oppmåling har i 2016 utført følgjande arbeid i matrikkelen (i det offisielle eigedoms-, bygnings- og adresseregisteret i Norge):

Eigedom:	Tal 2016
Nye eigedomar	78
Nye festetomtar	0
Nye eigarseksjonar	30
Arealoverføringar	0
Grensejusteringar	2
<b>Bygg:</b>	
Nye bygg	59
Oppdateringar på bygg	662
Sletta bygg	7
<b>Adresse:</b>	
Adresser i Luster kommune	4055
Nye adresser	310
Oppdaterte adresser	2349 *
Sletta adresser	50

- \* Eigedomar med mellombels adresser som har fått offisielle adresser i 2016.

- Adresseprosjekt: Dei fleste som tidlegare ikkje har hatt adresse, har no fått brev om tildelt adresse. Det står att ein del eigedommar der me fyrst må omadressere dei som har adresse, før me kan tildele ny adresse. Dette arbeidet held fram i 2017.

## Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 16	Bud 16(r)	Avvik	Rekn 15
190	Teknisk drift	-1	93	-101 %	0
301	Plansak	378	285	33 %	690
302	Byggesak	806	595	35 %	473
303	Oppmåling	949	1 556	-39 %	1 144
315	Bustadbygging	722	720	0 %	1 325
330	Samferdsel, Solvornferja	2 193	2 210	-1 %	2 187
332	Kommunale vegar	8 495	8 068	5 %	9 322
335	Sentrumsområde	363	305	19 %	272
338	Førebygging mot brann og andre ulukker	629	600	5 %	608
339	Beredskap mot brann og andre ulukker	4 403	4 480	-2 %	4 051
345	Vassverk	-3 606	-3 845	-6 %	-3 396
353	Kloakk	-2 272	-2 171	5 %	-2 338
354	Renovasjon	0	-100	-100%	0
355	Tømming av slam	0	-300	-100%	0
	<b>Sum</b>	<b>13 059</b>	<b>12 496</b>	<b>5 %</b>	<b>14 338</b>

301) Noko større kjøp av plantenester enn budsjettert som ikkje vert aktiverte.

302) Vesentleg mindre byggjesaksgebyr enn budsjettert.

303) Høgare oppmålingsgebyr og lågare nettolønsutgifter enn budsjettert.

315) tilskot til spreidd bygging.

332) Meirforbruk vedlikehald i høve budsjett.

335) Meirforbruk offentlege toalett, drift.


345) Meirinntekter (0,2 mill), endå større meirutgifter vedlikehald i høve budsjett.(0,4 mill.)

353) Meirinntekter(0,25 mill), driftsutgifter ut over budsjett (0,15 mill)

## Kostra-samanlikning



## Kostra-samanlikning



## Tiltak 2016 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Gjennomgå kommunen si drift av kommunale samfunnshus og private forsamlingshus	Ta utgangspunkt i Plan for lokale kulturhus 2010 – 2021, vedteken i Luster kommunestyre 24.09.2009.	Bygdelaga
Etablere ein «KTP-Luster» (Kommunal TransportPlan – Luster) som grunnlagsdokument for kommunen si satsing og prioritering på offentleg transport/og kommunikasjonsnett i kommunen med fokus på desse oppgåvene: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fylkesvegar</li> <li>- Kommunale vegar</li> <li>- Private vegar – tilskotsordn.</li> <li>- Gang- og sykkelvegnett</li> <li>- Veglys</li> <li>- Parkeringsplassar i utfartsområde</li> <li>- Ferjedrift</li> <li>- Anlegg for drivstoffylling for småbåtar</li> <li>- Ladestasjon for el-bil i Gaupne</li> </ul>	For å få ei effektiv og økonomisk drift av vegar, samt nybygging og endring vegar er det å ha ei langsiktig plan ynskjeleg.  Det er gjort noko førebuande arbeid; «registreingar» og utarbeiding av disposisjon. Mål om å kome vidare med arbeidet i 2017.	Fylkeskommunen, SVV
Utarbeida ein strategi for anlegg og vedlikehald av alle offentlege park/ grøntområde	Redusert standard på grøntområde, spesielt i Gaupne sentrum. Dette gjeld spesielt blomster, trær og andre buskvekster. Må leige inn nødvendig ressurs til å ”shine opp”, oppgradere grøntareala våre. Det blir leigd inn hjelp frå Sogn Landbrukstenester om sommaren	Sogn landbrukstenester.
Stimulere fellesorgan som bygde- og grendelag til å utvikla aktuelle uteområde, og premiera lokale initiativ til opprydding og opprusting av sine nærmiljø	Sjøast i samanheng med punkt om utarbeide strategi for anlegg og vedlikehald av alle offentlege park/ grøntområde	Bygdelaga



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2014	5,5
2015	5,5
2016	5,5

# Næringsutvikling og naturforvaltning

## Organisering

Tenestemrådet er organisert i ei stabseining (næring) og ei resultatseining (landbruk og naturforvaltning).

## Overordna mål

- Halda oppe talet på arbeidsplassar i kommunen, både i landbruket og andre næringer.
- Vidareføra den kommunale næringspolitikken som skissert i k-sak i februar 2016: «Grunnlaget for handsaming av nærings saker i Luster kommune».
- Leggja til rette for fast busetnad i heile kommunen, jf areal- og eigedomsforvaltninga.
- Leggja til rette for friluftsliv og sikra innbyggjarane tilgang til jakt og fiske.
- Ta vare på eit representativt tverrsnitt av naturtypar og naturkvalitetar for framtidige generasjonar og sikra levelege vilkår for vilt og fisk
- Ta vare på kulturlandskapet og få redusert/stansa attgroinga.
- Gjera berekraftig utvikling til eit overordna prinsipp ved all planlegging og drift.

## Tenester og oppgåver - generelt

### 320 Kommunal næringsverksemd

- Gjeld i hovudsak inntekter ved sal av konsesjonskraft, jf kommentar innleiingsvis.
- Leigeinntekter for næringsbygg er budsjetterte på bakgrunn av avtalar. Avtalane baserer seg på prinsippa for husleigenivå på kommunale næringsbygg som vart vedteke i budsjettet for 2012

### 325 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet

- Kontakt/samarbeid med næringslivet og samarbeidande partar som Innovasjon Noreg, fylkesmannen si landbruksavdeling, fylkeskommunen, næringsnettverket i Sogn og bankvesenet.
- Forvalte kommunen sitt konsesjons- og næringsfond.
- Delta i utviklinga av den regionale arbeidsmarknaden.
- Ha ledige næringsareal og tilgang til bygg for næringstiltak

- Delta i utvikling av kompetansen i næringslivet
- Kommunen skal ha ei aktiv rolle i arbeidet med å vidareutvikla reiselivet

### 329 Landbruksforvaltning

- Betra lønsemda innan tradisjonelt landbruk
- Få bestanden av rovdyr ned på streifdyrnivå
- Få etablert lønsame tilleggsnæringer på gardsbruk
- Leggja til rette for ”Inn på tunet”-tilbod
- Handsama og kontrollera saker i høve Innovasjon Noreg (BU-ordninga).
- Hjelpa dei som tek kontakt med søknader til Innovasjon Noreg.
- Handsama saker etter gjeldande lovverk (jordlov, konsesjonslov, odelslov mv).
- Følgja kommuneplanen ved avgjerder som vert fatta i areal- og eigedomsforvaltninga, t.d. ved å utøva ein liberal frådelingspolitikk av bustadtomter på uproductiv mark.
- Sakshandsama og kontrollera statlege støtteordningar som areal-, kulturlandskaps- og produksjonstillegg for landbruket, SMIL-midlar mv.
- Landbruksfagleg rettleiing og planlegging.
- Handsama saker om elveforbygging og kraftutbygging
- Føra tilsyn med elveforbyggingar i samsvar med instruks frå NVE. Synfara alle anlegg minst kvart femte år. Ein jamn aktivitet tilseier kontroll av ca 25 anlegg årleg.
- Administrera veterinærordninga for kommunane i Luster veterinærdistrikt (3). Syta for tilgang til veterinær heile døgnet, alle dagar i året. Betala ut godtgjeringar og tilskot.

### 360 Naturforvaltning

- Viltforvaltning, fiskeforvaltning, miljøforvaltning og forvaltning av verneområde
- Utføra naturoppsyn etter avtalar med ulike oppdragsgjevarar. I tillegg utføra oppsyn på område der kommunen sjølv er sett til å handheva regelverk.
- Oppfølging av handlingsprogram for friluftslivet i gjeldande kommunedelplan.

- Følgja opp handlingsprogrammet i kommunen sin vedtekne miljøplan
- Arbeida for å få staten til å ta større ansvar for uttak av skadedyr/rovdyr.
- Gjennomføra dei kommunale oppgåvene med jegerprøven i samsvar med instruks.
- Arbeida med miljøfagleg rettleiing og yta hjelp til skular i prosjektarbeid i den grad det er kapasitet til det.
- Forvalta verneområde kommunen har fått ansvaret for i tråd med gjevne vernereglar og innarbeidd praksis i kommunen.
- Samarbeida med forvaltningsstyra og statlege stillingar knytt til oppsyn og forvaltning av verneområde.
- Følgja opp igangsette prosjekt under ”Naturarven som verdiskapar”.
- Arbeida for å få grunneigarane til å ta eit større ansvar for hjorteviltforvaltninga og tilretteleggja for gjennomføring av prosjektet for bestandsretta forvaltning.

### Næringsarbeid - aktivitet 2016:

I februar 2016 hadde Kommunestyret ein gjennomgang av «Grunnlaget for handsaming av nærings saker i Luster kommune», det vart ikkje gjort store endringar. Det vart tilført eit nytt kapittel om industri. I samband med denne saka vart det ei eiga sak om rentenivået på næringslåna. Det vart inga endring av renta. Det vedtekne dokumentet er både ein administrativ og politisk styringsreiskap, som fungerer godt.

Talet på vedtakssaker i næringsutvalet i 2016 var 30, i 2015 var talet 26, i 2014 var det 25 saker.

Luster kommune er aktiv part i mykje av utviklingsretta aktivitet i næringslivet. Det gjeld finansieringssaker, men også som ein instans for drøfting og vurdering av ulike tiltak. Tilrettelegging og sal av næringsareal frå kommunen er og eit viktig saksområde.

### Finansiering via Næringsfondet:

Dei fleste sakene i næringsutvalet er finansieringssaker i høve næringsfondet.

	2013	2014	2015	2016
Samla utlån til næringslivet pr 31.12. .. mill kr.		75	79,4	68
Tilsagn i budsjettåret via saker i næringsutv/kst.	14,3	4,8	10,4	4,8
Utbetalt nye lån i året	16,1	12,5	9,5	3,2
Betalte avdrag i året	7,6	5,6	5,2	13,8
Betalte renter i året	1,4	1,6	1,6	1,8

### Næringsareal

Luster kommune har framleis ein bra reserve med næringsareal tilgjengeleg i Gaupne. På Hafslo vart det nye næringsområdet klart i 2015. Det har vore *ei* sak med sal av næringstomt i 2016.

### Samarbeid med andre

Luster kommune har økonomiske ressursar til å vere med å finansiere næringsutvikling. Det vert arbeidd aktivt i høve andre offentlege finansieringsinstitusjonar for å oppnå finansiering også frå desse. Innovasjon Noreg er slik ein viktig samarbeidspart. Også Fylkeskommunen og Fylkesmannen er det god dialog med i aktuelle utviklingssaker.

Det er viktig for administrasjonen å halde seg oppdatert på endringar i verkemiddelapparatet, for å vere ein så god fagleg rådgjevar som råd. Det er mange verksemdar i Luster som har medfinansiering frå dei ovannemnde offentlege institusjonane.

I høve bankvesenet, spesielt Luster sparebank, er det ein god dialog i finansieringssaker.

Det er fleire søknader frå Luster kommune om kraftprosjekt som har fått konsesjon og det er og fleire som enno er til konsesjonsvurdering.

Luster kommune deltok i 2016 som ein del av Sogn Regionråd, på ”Framtidsfylket” si rekrutteringsmesse i Oslo og Bergen. I møte med ungdom frå kommunen - som tek høgare utdanning - vert spørsmål om ”relevant” arbeid viktig. Mange ynskjer å ha fyrste arbeidserfaringa si etter endt utdanning borte frå Sogn og Luster. Fleire har likevel planar om heimflytting etter kvart. Utviklinga i dei store offentlege institusjonane i Sogndal og Leikanger er sjølvstøtt svært viktig for Luster i eit sysselsetjingsperspektiv.

Det har vore arrangert temamøte for næringslivet saman med Luster Sparebank. Tema var «erfaringar frå kvinnelege grunderar og næringslivsleiarar» og «bygdeutvikling og mobilisering».

### Industri

Fleire av industriverksemdene i Luster har hatt vekst i 2016. Grunnlaget for vekst har vore ei målmedviten satsing på kompetanseutvikling, marknadstilpassing og marknadssatsing og investering i teknologi.

Dei to største industriverksemdene i kommunen; Avery Dennison NTP AS og LMI AS er no begge eigde av store internasjonale selskap. Internasjonale eigarskap gjev mulegheiter, men det er også ei utfordring med hovudkontor langt borte frå Luster. LMI som har oljebransjen som hovudmarknad har hatt ei god utvikling, trass i store utfordringar generelt i denne næringa.

I 2016 opna NTP det nye innovasjonssenteret sitt, det vil bli viktig i den framtidige utviklinga.

### Reiselivet

Luster kommune er medeigar i Visit Sognefjord AS og ein treårig avtale om å yte årlege marknadsbidrag. (t.o.m. 2018) Selskapet har kontor på Campus i Sogndal.

### Reiselivsutviklinga i Luster frå 2015 til 2016.

I perioden mai – september 2016 hadde Luster i fylgje SSB 81.813 gjestedøgn fordelt på 54.058 utanlandske og 27.715 norske gjestedøgn. Dette er ein nedgang på 6,3% frå 2015, men det er i sama periode registrert ein

nedgang på 100 tilgjengelige rom som gir store negative utslag på statistikken. (det er manglar ved denne statistikken/rapporteringa.)

Reelt sett har Luster truleg tilsvarande vekst som resten av Sogn, om lag 12%.

I perioden oktober – april 2016 har Luster 8.293 gjestedøgn med 7.411 norske og 882 utanlandske. Dette er ein vekst på 30% får førre periode.

I reiselivet i Luster, er det som elles i Sognefjordområdet og i bygdereiselivet i Fjord Norge, store sesongsvingingar. Mange verksemdar held og stengt i store deler av året. Dei fleste verksemdene er familieselskap, dvs drifta er avhengig av stor innsats i sesongen frå heile familien.

Elles er det fleire av verksemdene frå Luster som markerer seg godt i det nasjonale reiselivs- og mediebiletet, i særleg grad kan ein då trekkje fram Walaker hotell, Nes gard, Turtagrø hotell, Bestebakken, Sognefjellet Sommarskisenter og Jostedalen breførarlag. Mange av lustraverksemdene får svært gode resultat/vurderingar på Tripadvisor og booking.com. Slik forbrukardriven vurdering vert stadig viktigare for å få gjester. Stadig fleire nyttar seg av slike vurderingar når overnatting skal tingast.

Det er etter kvart vorte mange verksemdar i Luster som utviklar og produserer lokal mat. Dette er både innafor kjøt, ost, bakevarer og frukt/bær. Fleire av desse verksemdene har fin utvikling og samarbeider godt med reiselivet.

For reiselivsnæringa er ei vidare utvikling av sals- og marknadsretta aktivitet avgjerande, for å auke omsetning og inntening. Arbeidet til det nye selskapet Visit Sognefjord AS vil vere viktig for at området vårt skal bli endå meir synleg som eit reisemål i internasjonal verdsklasse.

Sogn Skisenter har utvikla produktet sitt vidare i 2016 og er saman med Lustrabadet eit godt produkt både for lokalbefolkning og tilreisande.

### Breiband

I 2016 er det bygd «fiber til heimen» på Hafslø, i Gaupne, på Skjolden og Nes og i Dale. Det vart løyvd midlar frå staten til breibandutbygging i Dale i Luster

2016. Hausten 2016 vann og Luster kommune fram med søknaden sin til staten om midlar til breibandutbygging i Jostedalen. Det vil bli utbygging der i 2017. Luster kommune har arbeidd aktivt med å få medfinansiering av statlege midlar til desse breibandprosjekta på Skjolden, Dale og Jostedal. Til saman er det løyvd 6.060 mill kr i statlege midlar til desse prosjekta. Anleggbidrag frå abonnentane og kommunalt tilskot har fullfinansiert prosjekta. Kommunen har nytta om lag 1 million pr år til breiband/mobil der desse tiltaka har vore dei sentrale.

### Røynsle og forbetring:

Vidare utvikling av næringslivet har fokus i Luster både politisk og administrativt. Både vidareutvikling av eksisterande næringsliv og nyskaping er viktig. Marknadsorientering er svært vesentleg for å lukkast i næringslivet. Verksemdar som rettar seg mot marknader utafor regionen vil ha ein større sjanse til å utvikle seg, enn dei som har ein marknad som berre er regionalt basert. Kompetanseutvikling, marknadsorientering og effektivisering/ teknologi-utvikling er stikkord for både vidareutvikling av eksisterande næringsliv og utvikling av nye tiltak.

## Landbruksforvaltning

### Forvaltningsoppgåver

Ressursbruken ved eininga er delt mellom utføring av lovpålagde forvaltningsoppgåver innan landbruks- og miljøsektoren og forvaltning av kommunale ordningar for å oppnå måla i kommunale styringsdokument, utleige av tenester til andre m.m.

Talet på saker som krev formelle vedtak etter ulike lover har vore aukande, både innan landbrukssektoren og miljøsektoren. Alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter er delegert til administrasjonen å fatta avgjerd i. I 2016 vart det handsama ekstra mange saker i samband med oppfølging av lovbestemt driveplikt for landbruksareal.

### Jordbruk

Nedgangen i tal driftseiningar i kommunen har flata ut. Areal i drift og produsert mengde slakt har vore nokolunde stabilt over ei årrekke, men med eit markert

NØKKELTAL – Forvaltningssaker	2000	2005	2010	2016
Lovsaker administrativt avgjorde	49	116	101	229
Søknader om produksjonstilskot husdyr *	320	243	191	190
Søknader om areal- og kulturlandskaps-tilskot *	397	263	245	244
Tilskot til avløyising ved sjukdom m.v.	106	81	59	34
Planar etter forskrift for nydyrking	14	2	3	8
Planar for vatningsanlegg	2	2	2	2
Driftsplanlegging i samband med bruksutbygging	8	3	5	4
Fullstendig gjødselplan for gardsbruk	16	11	35	31

\* For søknader om produksjonstilskot/areal- og kulturlandskapsstilskot er det gjennomført stikkprøvekontrollar hjå 5% av søkjarane.

## Overføringer og investeringsverkemidler til landbruket

Tiltak	2005		2016	
	Tal søknader	Tilskot 1 000 kr	Tal søknader	Tilskot 1 000 kr
<b>Statlege ordningar:</b>				
Produksjonstillegg	535	33 400	457	43 337
Regionalt miljøprogram RMP			170	3 537
Avløysarordninga		6 100	170	7 362
BU-midlar, - tilskot (bedriftsretta), inkl. bioenergi	11	2 318	7	3 870
BU-midlar, – rentestøtte (grunnlag/sum lån)	3	4 594	Ordninga avvikla	
Kulturlandskapstiltak (SMIL)	37(29 tilsagn)	690	22 (21 tilsagn)	742
Organisert beitebruk	10	68	8 (7 tilsagn)	179
Drenering av jordbruksjord			7 (6 tilsagn)	33
Skogsvegbygging (kun dei med utbetaling)		499	1	53
<b>Kommunale ordningar:</b>				
Anleggstilskot bærplanting	11	85	14	165
Vatningsanlegg	2	35	2	31
Nydyrking	1	18	2	6
Vegbygging	0	0	6	157
Kjøp av mjølkekvotar	40	184	24	269
Tilskot ved generasjonsskifte	-	-	3	150

Går ein nærare inn på tala for statlege overføringer siste to – tre åra, ser ein at sjølv om talet på bruk er stabilt og samla produksjon nokonlunde lik, har dei samla overføringane frå staten vorte redusert. Dette er eit restulat av sentral landbrukspolitikkk der støtte til små og mellomstore bruk har vorte flytta over til større bruk, noko som sler negativt ut for gjennomsnittsbonden i Luster.

hopp opp i produsert mengde slakt i 2015, etterfølgd av ein mindre nedgang i 2016.

Innanfor mjølkeproduksjon på kyr er det større grunn til uro over utviklinga siste åra. Tal mjølkeprodusentar i kommunen er no kome ned under 55 totalt, dvs. meir enn ei halvering frå tusenårsskiftet, og produsert mengde mjølk har minka med 18% frå 2010 til 2016.

Med mål om å snu den negative utviklinga innan mjølke- og storfekjøttproduksjon gjorde kommunestyret i junimøtet 2016 vedtak om å igangsetja eit eige storfeprosjekt i kommunen. Over ein fireårsperiode er det stilt til disposisjon ei ramme på inntil 1,0 mill. kroner til prosjektet. Styringsgruppa for prosjektet er samansett av ein person frå TINE, ein frå produsentlaget i Luster og ein frå Luster kommune. Gruppa har valt Kjersti Sognnes til leiar. Prosjektet er oppstarta og det er lagt strategi for fortsetjinga.

Det er stor interesse for bruksutbygging for sau, der Luster i fleire år har lege på topp i fylket. Kraftig stimulans frå sentrale jordstyresmakter om å satsa på store utbyggingar, har ført til at det for tida er overproduksjon på sauekjøtt. Auken har kome andre stader enn i Luster, som ser det som viktig å oppretthalda kommunen sin historiske del av sauekjøttproduksjon i landet og difor må halda oppe fornyingstakten for driftsbyggingar. Årsskiftet 2016/2017 var det vel 10 600 vinterføra sauer i Luster kommune, like før tusenårsskiftet tett oppunder 13 000.

Tilgangen på midlar i Innovasjon Noreg til bruksutbygging er ein flaskehals ettersom det er større interesse for bygging enn det dei tilgjengelege rammene rekk til. Med dagens fornyingstakt innanfor mjølkeproduksjon vil ein til dømes vera langt unna målet om at alle fjøsar skal vera ombygde til lausdrift i 2034. Samla bærproduksjon har vore nokolunde stabil siste åra. Auka bærprisar utanlands har gjort konservesfabrikkane meir interesserte i norske bær.

Det er stor variasjon frå år til år når det gjeld rovviltskader. Beitesommaren 2014 ramma Indre Sogn sterkt, medan det i 2015 og 2016 var moderate tap.

NØKKELTAL – Jordbruk	2000	2005	2010	2016
Bruk i drift i alt	397	285	245	245
Bruk med husdyr	320	243	196	190
Mjølkeproduksjon	6 875 t	6 814 t	6 999 t	5 735 t
Slakt	546 t	553 t	483 t	556 t
Bærareal	505 daa	695 daa	515 daa	500 daa
Bærproduksjon	457 t	450 t	340 t	339 t

### Skogbruk

I året 2016 vart det i følgje statistikk for hogst (VSOP) omsett 718 m3 som er nær identisk med 2015. Forklaringa er at det ikkje har vore entreprenørhogst i

<b>Uttak av skogsvirke:</b>	<b>2011</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Omsett gjennom Luster Skogeigarlag m3	281	500	718
Annan hogst for sal med trekk til skogfond, m3	4 496	257	110
+ Uttak av ved til brensel m3 (estimert)	2 000	2000	2000
= Total m3	6 777	2757	2828
= Førstehandsverdi kr	2, 0345 mill.	0,827 mill.	0,712 mill
<b>Skogkultur:</b>			
Planting, tal planter	10 500	42585	37700
Planta areal	44 daa	170 daa	179 daa
Rydding av plantefelt	105 daa	15 daa	2 daa
Kostnader skogkultur	100 000 kr	255971 kr	229087 kr
<b>Vegbygging:</b>			
Ferdigstilt traktorveg	0	200 m	1450
Ferdigstilt skogsbilveg	560	630m	100
<b>Skogfond:</b>			
Innestående skogfond pr. 31.12.	609 000 kr	1138229 kr	1072118
Kreditert skogfond	125 000 kr	292823 kr	227765
Debetert skogfond	4 500 kr	423441 kr	299154

kommunen dette året. Som tabellen under viser er det framleis høgt aktivitetsnivå når det gjeld skogplanting og det er 10 skogeigarar som har hatt skogkulturarbeid med forynging. Saman med skogskjøtsel har det vore kostnader med dette på kr. 229 087 med utbetalt kr. 117 289 i statstilskot og kr 42 085 i kommunalt tilskot. Det er framleis planting av hogstflater frå entreprenørhogstar i 2014 som utgjer hovudtyngda av aktiviteten.

Av dei seks utbetalingane av kommunalt tilskot til landbruksvegar på totalt kr 157 700 er to av utbetalingane, ein sluttutbetaling og ein delutbetaling, til vegar med 100% skoginteresse. Når det gjeld statstilskot har det vore betalt ut til eit skogsbilveganlegg i Luster i 2016, til saman kr. 52 839. Det har vore betalt ut statleg driftstilskot (taubane og flyttetilskot) til to skogeigarar på til saman kr. 38 700 som ikkje kjem fram i nokon av tabellane. Når det gjeld hovudplan for skogsvegar er no fire av dei tretten prosjekta realisert, sidan kommunen ferdiggodkjende eit skogsveganlegg i Skjolden med 100 meter bilveg og 1 300 traktorveg i 2016. Statstilskotet til dette vert truleg betalt ut i 2017.

Kommunen har arrangert eit informasjonsmøte om skogfond på Eikum hotell, Hafslo i tillegg til eit kappekurs i desember for skogeigarar med eigenhogst på Heggmyrane  
Det er og arrangert motorsagkurs for i alt fem grupper Skogbruksjefen har delteke under fagsamling i skogbruk for kommunane i Sogn og Fjordane i Sogndal og vegsamling arrangert av Skogkurs i Haugesund.

Samarbeidsprosjektet Skog i Sogn vart starta opp i juni 2016 med 2,6 årsverk i åtte kommunar, der Luster sin skogtilsett har 0,6 årsverk. Innsatsen i Luster er om lag som tidlegare (0,4), men fagmiljøet er styrka og vår tilsett dekkar og oppgaver i Sogndal, Lærdal og Aurland.

## Naturforvaltning

### Vilt

I 2016 vart det eit rekordår for hjortejakta med heile 567 felte dyr. Det er ein stor auke frå 439 hjort året før. Vonaleg har avskytinga vore høg nok til å redusera stammen i tråd med målsetjinga. Det er beiteskader på eng, skog og rundballar som ligg til grunn for vedtaket om å prøva å redusera talet på hjort.

«Sett-hjort-tala» viser ein oppgang frå fjoråret og opp mot toppåret 2014 når det gjeld observerte hjortar. Vinteren 2016/2017 har vore fin for hjorten, noko som har medført at det er funne lite fallvilt. Ut frå dette ser det ut som bestanden er i vekst igjen etter ekstraordinær avgang under den snørike vinteren 2014/2015.

På grunn av den nye hjorteviltssjukdommen CWD, eller skrantesjuka, vert det no teke hjerneprøvar av alt fallvilt av hjortevilt, heldigvis er ikkje sjukdommen påvist på hjort pr. mars 2017

Til liks med dei fleste andre kommunane i fylket er Luster med i prosjektet «Forvaltning av hjortebestand 2013-2017» ved Sogn og Fjordane Skogeigarlag. Gjennom prosjektet skal forskriftsendringar frå 2012 implementerast med det nye forvaltningsnivået «bestandsplanområde», der ansvaret for mål og fellingsstrategi vert overført til grunneigarane.

Interessa blant grunneigarar for å ta i bruk den nye hjorteforvaltningsmodellen, må seiast å ver laber. I 2016 kom den fyrste søknaden om godkjenning av bestandsplanområde Sogndal-Luster, men med ei oppslutning på berre om lag 15% fann ikkje kommunane det føremålstenleg med eigen bestandsplan, og avslø søknaden. Vonaleg kjem det ein ny søknad i 2017.

## Statistikk viltforvaltning

	2010			2012			2016		
	Tal vald	Tal løyve	Tal felte	Tal vald	Tal løyve	Tal felte	Tal vald	Tal løyve	Tal felte
Hjort	88	950	514	87	985	457	96	1169	567
Elg	2	4	2	2	5	3	2	5	4
Rådyr	3	7	0	3	7	1	3	7	4
Villrein Vest-Jotunh.*1)	Ikkje jakt 2007 - 2013							0	0
Villrein Reinheimen – Breheimen *2)		37	28		52	26		35	31

\*1) Heile villreinområdet inkl. Årdalssida.

\*2) Luster sine rettar i Reinheimen - Breheimen villreinområde (tidlegare Ottadalen).

Etter sju år utan jakt, vart det opna for jakt att i Vest-Jotunheimen i 2014. Diverre syner teljingar etter to år med jakt, med til saman 124 felte dyr, at stamma på nytt er kritisk liten. Jakta vart stoppa i 2016 og vil bli det for 2017. Ein håpar at det kan bli opna att i 2018. Villreinstammen har teke seg noko opp att det siste året og teljing vinteren 2016/17 syner ein bestand på ca. 290 dyr.

### Tilrettelegging for friluftslivet

Saman med Gloppen og Sogndal har Luster kommune vorte med på prosjekt Forvaltningssystem for fleirbruk av utmark, som er leia av Eivind Brendehaug i Vestlandsforskning. I prosjektet ser ein på kommunen sin rolle som tilretteleggar for ulike typar friluftsliv i same område, og korleis ein kan gå fram for å motverka interessekonfliktar i utmarka. Stisykling er ein aktivitet som står sentralt i prosjektet.

Første delen av stien til Feigefossen har fått eit formidabelt løft i samband med oppretting etter flaumskade. Det er også gjennomført rydding og oppgradering av stien vidare mot fossen.

### Verneområde

I 2015 tok kommunen imot tilbodet frå staten om å overta forvaltningsmyndet for dei tre naturreservata, Loi, Ytamo og Drægnismorki - Yttrismorki, som tidlegare har vore styrde av fylkesmannen. Dermed har kommunen no forvaltningsansvaret for alle dei sju naturreservata våre, samt fuglefredingsområdet på Hafslo. I fylket var det berre tre andre kommunar som takka ja, desse var Vik (1 verneområde) Naustdal (3) og Gloppen (2). Luster skil seg ut som ein kommune som har uvanleg mykje verneverdig natur, og som har vilje og evne til å forvalta dette lokalt.

I 2016 vart Ytamo naturreservat utvida gjennom ein friviljug verneprosess som omfatta Åsmo. Endringa hadde ikkje verknad for forskrifta.

### Tiltak som vart gjennomførte i 2016:

- Nye utbetringar av stien til Nigardsbreen. Merking heilt opp til sperringane.
- Forsøk med innfrysing av uønska grasvekst i



Opning innovasjonssenter NTP. Frå venstre: Tom Dyrdal, ordførar Ivar Kvalen og Adis Cengic.

Hafslovatnet i januar 2016. Effekten er usikker, men det er semje i arbeidsgruppa om å vidareføra og sjå om det går an å vidareutvikla tiltaket.

- Rising av det såkalla «Høgskulefeltet» på Loi, eit forsøk på å restaurera deler av haustingsskogen. Samstundes vart det sett i gang eit forsøk på å finna tenlege måtar å skjerma almane frå hjortegnaging, i samarbeid med SNO.
- Naturforvaltaren deltok på «Bornas naturoppsyn», eit opplegg der SNO inviterer skuleklassar ut i verneområde for å læra om artane og korleis ein skal ta vare på naturen, samt fiskedag for fjerde klasse ved Hafslo skule.

- Naturforvaltaren var med då miljøvernavingdelinga hjå fylkesmannen hadde temadag på Nigardsbreen.

#### Miljø

Fleire mindre ureiningssaker og forsøplingssaker har vorte følgde opp i 2016, men når det gjeld bilvrak og anna skrot, kunne langt meir ha vore gjort dersom det hadde vore meir ressursar i administrasjonen til dette. Kapasiteten er i dag avgrensa til alvorlege og akutte saker, saker av stort omfang og saker som er melde inn av publikum. Ei større sak som gjaldt om lag 80 bilvrak vart avslutta i 2016.

### Styringsmål

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2016	Resultat 2016
				Luster	Landet		
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0	0
	B	Tal klagesaker m/ omgjeringssvedtak	Registrering	0	-	0	1
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap Visma	98%		<100%	100%
	M	Medarbeidertilfredsheit (skala 1-6)	BedreKommune 2014	4,7	4,6	>4,5	
	M	Sjukefråvær	Fråværsstatistikk	1%	-	<2,0	1%
Ten omr	B	Andel saker innan naturforvaltning med fristbrot (tilskotsordningar)	Registering	0	-	0	0

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

### Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 16	Bud 16(r)	Avvik	Rekn 15
285	Breiband	1 044	1 000	4 %	1 204
320	Kommunal næringsverksemd	-147	-275	47 %	-258
321	Konsesjonskraftgevinst	-6 284	-3 550	-77 %	-9 150
325	Tilrettelegging og hjelp for næringslivet	-6 553	3 177	-306 %	8 086
329	Landbruksforvaltning	3 775	3 746	1 %	4 063
360	Naturforvaltning	597	630	-5 %	13
	Sum	-7 568	4 728	-260 %	3 958

320) Driftsutgifter «Husmorskulen» på Hafslo var ikkje budsjettert, noko som reduserar resultatet frå utleige næringsbygg.

321) Prisoppgang straum siste kvartal gav resultat om lag som opphaveleg budsjett.

325) Mindre utlån og stor ekstraordinær tilbakebetaling av næringslån.

329) Samla for funksjonen er det godt samsvar mellom budsjett og rekneskap. Men det er eit vesentleg overforbruk på tenesta tilskot til landbruksfremål og tilsvarende mindreforbruk på landbruksforvaltning og skogbruk.

360) Aktivitet i hovudsak som planlagt. Tiltak vilt og fisk vert balansert mot fond som budsjettert. Auka statstilskot og tilbakeførde, ikkje utbetalte tilskot, forklarar mindreforbruk innanfor Miljø og naturvernforemål. Mindreforbruk på fjelloppsyn på grunn av vakanse i stilling.

## Tiltak 2015 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging
Aktivt arbeida for auka tilflytting i alle delar av kommunen gjennom felles tilflyttingsprosjekt	Hausten 2013 vart prosjektet «Folk i fleire hus» avslutta. Det er ikkje noko eige prosjekt for tilflytting i kommunen no. Luster kommune vil likevel ha fokus på tilflytting ved å legge til rette for nye innbyggjarar (bustadfelt, bustadbygging og arbeidsmarknad). Det er og viktig å ta godt vare på dei som har flytt til kommunen.
Gjennomgå grunnlagsdokument for næringsaker / landbrukssaker i kvar valperiode.	Grunnlagsdokumentet vert revidert/gjennomgått i kommunestyret kvart år.
<p>Leggja til rette for:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- nye og eksisterande kompetanse-arbeidsplassar</li> <li>- nye og eksisterande industrielle verksemdar med høgt teknologinivå og marknadsfokus</li> <li>- ein arena for nettverksbygging og samhandling i næringslivet</li> <li>- satsing i energisektoren</li> <li>- å vera vertsskap for regionale samarbeids-tiltak</li> </ul>	<p><i>Kommentar:</i></p> <p>Punkta er ein del av det «daglege næringsarbeidet», og vert arbeidd med kontinuerleg.</p>
Støtta opp om vidareutvikling av Sogn Skisenter	Utviklingsprosjektet ved Sogn Skisenter er komme godt i gang. I dette arbeidet er ein ny reguleringsplan for «sentrale område» på Heggmyrane» vesentleg. Denne planen er no under politisk handsaming.
Arbeida for tilrettelegging av effektive datakommunikasjonsløyningar i heile kommunen.	<p>Det er etablert fiber gjennom kommunen og frå Gaupne til fremst i Jostedalen. Det meste av næringslivet har tilbod om fibertilgang.</p> <p>Det er etablert fiber på kommersielle vilkår i byggjefelt på Hafslo, Hafslo sentrum, Nes og Gaupne sentrum. Nye område i kommunen vil få fiber på kommersielle vilkår i 2017 og 2018. Private kundar har elles breiband gjennom kopar (DSL) eller radiobasert breiband. Hausten 2013 vart det betre radiobasert breiband til fleire grender i kommunen. Enno står det att «hol» som må tettast. På sikt bør målet vere flest mogeleg med fibertilgang.</p> <p>Luster kommune har dei siste åra fått statleg tilskot til utbygging på Skjolden, Dale i Luster og Jostedalen Nord som ein del av S og Fj. Fylkeskommune sin felles søknad. Totalt har kommunen motteke 6.060.000 kr i statlege tilskot til breibandutbygging. Det vert søkt om meir statlege midlar i 2017.</p> <p>Det er og komme på plass fiber og forbetra mobilforhold på Turtagrø i eit samarbeid mellom Telenor, Luster kommune, Turtagrø hotell og Hydro Energi.</p> <p>Mobildekninga er stort sett bra i kommunen, men enno dårleg einskilde stader med fast busetnad. Hausten 2015 hadde kommunen møte med dekningsjefane i både NetCom og Telenor. Etter planen vil det i 2016 og 2017 bli bygd 4G til alle basestasjonane i Luster kommune.</p>
Sikra at attraksjonar og aktivitetar i Luster får sin rettmessige fokus gjennom Visit Sognefjord, gjennom samordna marknadsføring og profilering av attraksjonane i kommunen	Visit Sognefjord fungerer godt og med god oppslutnad frå næringa i Luster. Det har vore arbeidd med strategiplanar for selskapet der næringa har vore involvert.

Støtta vidareutvikling og etablering av nye aktivitetsverksemdar i reiselivet etablering av nye.	Luster kommune har ei stor breidde i aktivitetsbedrifter i reiselivet, truleg ei av dei beste samlinga aktivitetsbedrifter i heile FjordNoreg. Luster kommune prioriterer medverknad til utvikling og vekst i etablerte aktivitetsverksemdar og utvikling av nye.
Støtta større tilskippingar som skapar omsetning for besøksverksemdene og som skapar profilering for kommunen og regionen	Dette er eit område som ligg under kultur sitt ansvar. Tilskippingar som har mål om å nå utanfor regionen og som skapar god profilering av kommunen, skal prioriterast.
Fremja Lustrabadet som attraktivt reisemål i Luster	Lustrabadet er eit tilbod som reiselivet i større grad kan dra nytte av.
Ureinining, fjerning av skrot	Arbeid pågår kontinuerleg. Lovverket vert nytta for å påleggja private å rydda opp på private område, kommunen skal ha ekstra fokus på sine egne område. Dei store oppryddingsprosjekta i Flåten og Fortun er ferdigstilte.
Fjerning av framande og skadelege artar	Koordineringsansvar ligg i første rekke til fylkesmannen, i verneområde vernestyresmakt. Kommunen kan gje tilskot gjennom SMIL-ordninga ved gjennomføring av tiltak.
Snøskuterløyper	Luster vart godkjend som deltakar i forsøksordninga med faste løyper for snøskuterterkøyring og fekk på plass kommunal forskrift om ordninga og har gjennomført pålagd kartlegging av alle friluftsområda i kommunen. Aktuelle løyper er konsekvensutgreidde, men ingen av dei oppfyller kravet om grunneigargodkjenning. Av formelle årsaker stoppa regjeringa forsøket og sette i staden i gang arbeid med lovendring på området.  Kommunane styrer no dette på nærare fastsette vilkår, m.a. reguleringsprosess.
Stimuleringstiltak for å: 1. få ungdom til å ta over gardsbruk 2. gjera bruka meir lønsame på sikt	Luster kommune har ei rekke ordningar på området. Gjennomgangen av grunnlaget for handsaming av næringsssaker våren 2014 gav som resultat at storleiken på lån til bruksutbygging i landbruket vart noko nedjustert i høve til tidlegare, men framleis er dette ei god ordning for landbruket.  Gjennom rådgjeving, planlegging og anna tilrettelegging har kommunen aktivt medverka til høg aktivitet innan bruksutbygging, der Luster er blant dei kommunane i fylket med flest finansieringssaker i Innovasjon Noreg.
Vektleggja rådgjeving for å oppnå: - auka driftsomsfang innan husdyrnæringar - fleire fellesdriftløysingar - samarbeid mellom skogeigarar - høg og relevant fagkompetanse hjå næringsutøvarane - gode fagmiljø med smittande optimisme	Kommunestyret vedtok i juni 2016 å starta eit eige storfeprosjekt i Luster. Over ein fireårs-periode er det stilt til disposisjon inntil 1,0 mill. kroner til prosjektet. Produsentlaget i Luster og TINE deltek i arbeidet.
Utarbeida heilskaplege arealplanar/planar for skogbruket	Arbeid som pågår kontinuerleg.
Forvalta lovverket aktivt for å nå måla om bruksstruktur og busetjing	Arbeid som pågår kontinuerleg. Dei overordna måla i kommuneplanen er retningssjåande for alt arbeid innan forvaltning og rådgjeving som eininga utfører
Miljøsertifisering	Det er oppretta samarbeid med Sogndal om miljøsertifisering av verksemdar. Skal vurdere aktuelle tiltak for å oppgradera Luster rådhus til miljøfyrtårn



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2014	3,0
2015	3,9
2016	3,9

## Kultur

### Organisering

Tenesteområdet er organisert slik: Biblioteket som eiga tenesteeining, Lustrabadet som eige KF, kulturskolen som interkommunal ordning (Sogn kulturskule) med Leikanger som vertskommune og øvrige kulturtilbod og tiltak som ein del av rådmannen sin stab.

### Overordna mål

Dei overordna måla er nedfelt i kommuneplanen, kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet (2016-27), plan for lokale kulturhus (2010-21), kommunedelplan for forvaltning av kulturminne og fagplanar om barn og ungdom og rusførebygging. Dei overordna måla er:

- Gje innbygarane tilgang til moderne og tilpassa kulturanlegg,
- Utvikle eit mangfald av lag organisasjonar og stimulere til auka aktivitet i desse,
- Stø opp om profesjonelt kulturarbeid og vurdere tilskot til ungdom som har valt å satse "profesjonelt" innan ei kulturell ytring,
- Satse på private investorar i bygging og drift av større kulturanlegg,
- Skape "Lustraidentitet" og ta vare på språkleg kulturarv (nynorsk, dialekt, stadnamn),
- Nytte kultur som potensiale for næringsaktivitet.

### Tenester og oppgåver - generelt

*231 Aktivitetstilbod barn og unge/tilskot til lag og organisasjonar.*

Ordninga er regulert i reglement for tilskot til kulturføremål (2016-2019).

#### *365 Kulturminnevern*

Koordinere den kommunale innsatsen innan kulturminnevernet, museum og lokalhistorisk arbeid. Aktiviteten er forankra i eigen kommunedelplan og i tilskotsreglementet.

#### *370 Bibliotek*

Luster bibliotek er eit kombinasjonsbibliotek mellom folkebibliotek og oppvekst. Funksjonen omfattar aktiv formidling av kunnskap og kultur

gjennom ulike medium, som er analogt eller digitalt tilgjengeleg. Biblioteket skal i sine tilbod til barn og vaksne legge vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet. Verksemda skal være utadretta, og tilboda skal gjerast kjent. Folkebiblioteket skal i tråd med Biblioteklova vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale. Luster bibliotek er ledd i eit nasjonalt biblioteksystem og pliktar å samarbeide med andre bibliotek om fjernlån og anna bibliotekverksemd.

#### *375 Museer.*

Tilskot til Musea i Sogn og Fjordane, jf opphavelag avtale med Sogn Folkemuseum.

#### *377 Kunstformidling og utsmykking*

Offentleg satsing som gjeld kunstformidling og utsmykking av offentlege hus og anlegg.

#### *380: Idrett og tilskot til andre sin idrett.*

Området er regulert av kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. I samsvar med vedtak om bygging av anlegg finansiert med spelemidlar garanterer kommunen for at anlegga skal vera opne og drivast forsvarleg. Tilskot til drift er regulert i reglement for tilskot til kulturføremål.

Funksjonen inneheld driftsmidlar til kommunale park/grøntområde og aktivitetstilskot til andre sin idrett. Sogn Skisenter, eige selskap, får eit årleg driftstilskot på 900.000.



*Ballbingen på Veitastrond opna i 2016.*

### 381 Kommunale idrettsbygg og anlegg.

Gaupne idrettshall er lagt opp som kommunal aktivitet for skulane og barnehagane i Gaupne for gymnastikk på dagtid. Luster idrettsråd (brukarstyre) fordeler brukartid på ettermiddag og helg. Avtale av 2008 regulerer bruken av hallen (fordeling av tid, reglar for utleige/satsar/ betaling/ekstravask). Den gamle gymnastikksalen ved Luster ungdomsskule inngår også som ein ressurs for bruk på ettermiddag og kveldstid.

Lustrabadet er etablert for skulesymjning, idrettsaktivitet og publikumsbading med føresetnad om årleg driftstilskot til anlegget.

Jostedal samfunnshus er lagt opp som kommunal aktivitet for skule og barnehage sin bruk av gymnastikksal/symjebasseng på dagtid og frivillige lag/ organisasjonar på ettermiddag/kveld.

Eigen avtale med Jostedal bygdelag regulerer drift med badevakt og tilgang til symjebasseng.

Den økonomiske delen av avtalen er på kr 15.000 i tilskot og disponering av bill. inntekter.

Luster kommune betalar for straum og reinholdsmidlar.

### 383 Musikk- og kulturskule

Skulen vert organisert som eit interkommunalt samarbeid mellom Leikanger, Sogndal og Luster, med felles administrasjon og Leikanger som vertkommune.

385 Andre kulturaktivitetar - Prosjektretta kulturtiltak  
Medverke til den offentlege satsinga på formidling av eit profesjonelt kulturtilbod i Den Kulturelle Skulesekken og andre kulturformidlingsprosjekt der kommunen er part. Funksjonen er samansett av kommunal finansiering av lokale tiltak i Den Kulturelle Skulesekken, Den

Kulturelle Spaserstokken, tilskot til nærmiljøanlegg, kulturvern, kulturpris/ kultur-stipend, bygdebokarbeid og tilskot til Luster frivilligsentral.

Det er etablert ungdommens kommunestyre.

### 386 Kommunale kulturbygg.

Fjordstova i Skjolden har ein eigen avtale om drift av symjebasseng, gymnastikksal og off. toalett. Budsjettert kjøp av tenester. Avtalen vart politisk handsama i k-sak 60/04.

Grandmo lagshus er etablert med tilbod om kontor/lager og møtelokale for lag og organisasjonar.

### 390/392 Kyrkja mv

Kontaktledd/rammeansvarleg for overføringar til kyrkjer, kyrkjegardar og andre trussamfunn.

I tillegg til ovannemnde funksjonar medverkar administrasjonen også innan planlegging, informasjonstiltak, prosjektarbeid, regionale samarbeidstiltak, større kulturarrangement, kontaktverksemd regionalt og nasjonalt/internasjonalt.

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål (obs - ikkje tal pga for få personar), Ø = Økonomimål

\*)Litt under målsetjing for 2016, men likevel eit godt svært resultat. Luster ligg høgt. Oppvekstbibliotek har ført til at fleire barn låner lokalt. Indre Hafslo og Luster har dei høgste utlånstala i 2016.

## Styringsmål

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2016	Resultat 2016
				Luster	Landet		
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0	
	B	Tal klagesaker m/omgjeringvedtak	Registrering	0	-	0	
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap 2014 Visma			< 100%	
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	BedreKommune 2014	4,8	4,6		
	M	Sjukefråvær	Fråværsstatistikk 2014	0,3	-		
Tenesteområde	B	Tal utlånte bøker pr. innbyggjar	Nasjonalbiblioteket	6,67	4,71	6,0	
	B	Utlån av alle medium frå bibliotek pr. innbyggjar **	Nasjonalbiblioteket	9,6	4,9	8,8	8,7
	B	Andel av elevar i kulturskulen, av tal barn i alderen 6-15 år	SSB	-	15%		
	B	Tal besøk i biblioteka	Registrering	10	4,2	9	

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål (obs - ikkje tal pga for få personar), Ø = Økonomimål

\*) Litt under målsetjing for 2016, men likevel eit godt svært resultat. Luster ligg høgt. Oppvekstbibliotek har ført til at fleire barn låner lokalt. Indre Hafslo og Luster har dei høgste utlånstala i 2016.



Frå «Språkutvikling»: program for Trilletreff.

## Aktivitet 2016

### Aktivitetstilbod barn og unge

104 organisasjonar mottok kulturtilskot frå kommunen i 2016 (109 i 2015).

Talet på organisasjonar med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som sine hovudaktivitetar og som søkte og fekk kommunalt tilskot var i 2016 8. (talet var 9 i 2015).

Talet på andre barne og ungdomsorganisasjonar var 11 (14 i 2015).

Fritidsklubbar var i aktivitet i Jostedal og i Gaupne (som for 2015). Det er ikkje organisert tilbod på Hafslo m.a. grunna ombygginga av Hafslo barne- og ungdomsskule. I tillegg har Lyngmo ungdomssenter fått tilskot til fritidsleing på den delen av leiraktiviteten som er retta mot barn og unge.

Kommunen har praktiserer eit definert samarbeidsforhold til aktivitetstilbodet MENU i Gaupne, og Danseverkstaden. Frå utgangen av 2016 er dette overført til Frivilligsentralen.

Kommunen har delteke i det regionale samarbeidet om saker som vedkjem barn og unge.

### Bibliotek

Mål for 2016 når det gjeld utlån er ikkje heilt nådd, men det er likevel stabilt utlån når ein samanliknar utlån over fleire år der Luster bibliotek kan presentere svært gode tal i nasjonal målestokk.

Det totale utlånet av bøker til barn har auka med 4489. Det er registrert 4380 utlån til dei nye oppvekstbiblioteka. Det nye tenestetilbodet til Oppvekst har ført til at fleire barn lånar lokalt på sine oppvekstbibliotek. Det ser ut til at det ikkje lenger er behov for å reise til biblioteket i Gaupne for å låne bøker. Etablering av oppvekstbibliotek har ført til oppgradering av bygningsmasse, som er brukt til bibliotekareal, på alle oppvekstsentra og Veitastrond skule. På Hafslo er det nytt bibliotekrom i nytt skulebygg frå hausten 2016. Den totale bibliotektenesta er styrka ved jamnare

geografisk fordeling av tenestetilbodet. Alle barn i Luster kommune har no eit nærttilbod til bibliotek. Det er automatisert utlån for sjølvbetening i alle biblioteka med fast servicetid annakvar veke av bibliotektilsett. Hafslo oppvekstbibliotek, som også er felleskontor for alle oppvekstbiblioteka, har fått ei lita auka i personalressursen frå hausten 2016, med ytterlegare auka frå 01.02.2017 ved omfordeling av personalressurs frå folkebiblioteket. Samla ressurs for oppvekstbibliotek: 50%. Biblioteket på Veitastrond skule har 5% stillingsressurs, plassert under Oppvekst.

Lånargruppe	Barn/ ungdom	Vaksne	
Bøker	25.272	8.746	34.018
Lydbøker, musikk, film	3.050	3.645	6695
E-bøker	13	570	584
	28.335	12.961	41.296
Anna (tidsskrift, spel)			3230
			<b>44.527</b>

Hafslo: 8200, Skjolden (opning aug 2015): 1000, Luster (opning febr 2016): 1300, Solvorn (opning mars 2016): 625, Indre Hafslo (opning juni 2016): 1455, Jostedal og Veitastrond: Ikkje grunnlagsdata.

### Anna aktivitet:

Kultur-arr.	Av dette for barn	Tal oppmøtte
16	6	732

Biblioteket som arena for formidling og møteplass for alle brukargrupper:

Laurdagsarrangementa er svært populære. Arrangementa er i stort mon finansiert med prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket, Folkeakademi, Den kulturelle skulesekken og Pyramiden senter. I tillegg lagar biblioteket egne arrangement og blir ofte invitert av lag og organisasjonar for å delta med ymse program. Arrangement: \*Sigri Sandberg "Frykt og jubel i Jotunheimen. 80 oppmøtte. \*Island rundt på 10 dagar v/ Laila og Lyder Veum. 50 oppmøtte \* «Askeladden og dei gode hjelparane»: teaterframsyning med Askeladden Friteater. 100 oppmøtte. \*Eventyr frå Sogn og Fjordane v/H.B Oftedal. 20 oppmøtte. \*Jakob Sande kafe v/Torodd Joranger (Indre Hafslo Spelemannslag) og Anders Kvam. 120 oppmøtte.\*Sommarles - avslutning med teater Heksagon. 100 oppmøtte. \*Fiskekongen" med Barnehageteateret. 80 oppmøtte.\* Fortellarstund med Dag Tore 2 gg. 12 oppmøtte.\*Haustkonsert med Andrea og Bjørn Tore Årøy. 40 oppmøtte.\*Knud Knudsen v/Lisbeth Dreyer. 60 oppmøtte. Verdsarven Urnes v/Sofie Klemetzen. 30 oppmøtte \*Bokkafe: 5 eigeproduserte.

### Kulturminnevern, museum og lokalhistorie

Kommunen innvilga tilskot til 4 prosjekt innan teknisk kulturminnevern (2 i 2015), og til 5 prosjekt innan immaterielt kulturvern ( 13 i 2015).

Formidling av lokalhistorisk litteratur har halde seg på eit høgt nivå og kommunen omsette bygdebøker for kr 108.000 (123.000 i 2015).

Arbeidet med slutføringa av bygdebøkene bn.11 og 12 føregår på dugnad i eit samarbeid mellom bygdeboknemnda i Hafslo sogelag og forfattarane Lars E Øyane og Terje Mikael Hasle Joranger. Bind 11, Solvorn1 vart levert for trykking i desember 2016.

Stadnamnprosjektet og adresseprosjektet vart gjennomført i samarbeid med ressurspersonar Jostedal historielag og Hafslo- og Luster sogelag. For stadnamnprosjektet er utlegginga på nettet eit samarbeid med Fylkesarkivet og resultat er tilgjengeleg under Fylkesatlas sitt temakart. For adresseprosjektet er det mindre avklaringar som skal på plass før skilt kan setjast i bestilling.

Kommunen har delteke i det regionale samarbeidet om drift av Sogn Folkemuseum på Kaupanger i Sogndal kommune.

Kommunen deltok i arbeidsgruppa for oppretting av Stiftinga Wittgenstein i Skjolden, og ordføraren i Luster kommune er valt til den første leiaren i stiftinga.

Planarbeidet med revisjon av kommunedelplanen for kulturminne har ikkje hatt ynskjeleg framdrift med fullføring i 2016. Arbeidet vert teke vidare i 2017.

### **Kunstformidling**

Luster kommune har rapportert lokal, eigenaktivitet i Den Kulturelle Skulesekken for til saman kr 161.000 (kr 105.000 i 2015).

I tillegg samarbeider kommunen med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Rikskonsertane om formidling av turneprogram til grunnskulane.

Luster kommune har gjennom ein samarbeidsavtale med Folkeakademiet Luster gjennomført program i Den Kulturelle Spaserstokken.

### **Idrett**

Luster kommune handsama, og vidaresende 5 søknader om statstilskot til ordinære idrettsanlegg i 2015 (4 i 2015) og 4 søknader om tilskot til nærmiljøanlegg (1 i 2015). Alle prosjekta vart godkjende for spelemiddelfinansiering.

3 anlegg nådde opp i prioritering og vart innvilga spelemidlar i 2016: Stup-anlegget i Lustrabadet (kr 1 mill.), 1. delutbetaling til symjeanlegget på kr 2.8 mill. og turstien frå Wittgenstein-tavla, Skjolden – Fortun på kr. 1 mill.. Av nærmiljøanlegga fekk Veitastond ballbinge løyvt kr 300.000, Bruflat ballbinge, Gaupne, rehabilitering fekk løyvt kr 60 000.

Lustrabadet KF har eigen årsrapport. Driftstilskotet for 2016 var på kr 2.200.000 (2015 kr 2.210.000). I tillegg kjem betaling for skulesymjing med kr 750.000. For 2016 er samla besøkstal 46 538 noko som er 940 færre



*Frå kurset «Lag digital fotobok».*

enn 2015, men 101 % av budsjettet. (skulesymjing kjem i tillegg.) Økonomisk resultat er mindreforbruk på kr. 461.924. Meirinntekter på vel ein million og meirkostnader på om lag 600.000. Badet har ope i overkant av 50 timar til offentleg bading og 12 timar til skulesymjing i veka. Teknisk fungerer anlegget etter hensikt, med badeanlegg har eit aggressivt miljø og ein må vere proaktive i høve vedlikehald og ta høgd for at desse kostnadane vil auka. Det er i året skifta ein del flisar.

Deler av kjellarlokala er/vert installert med ventilasjonanlegg og etablering av kontor og møte/forsamlingsrom.

Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er styrande for kommunen sine prioriteringar innan saksfeltet for perioden 2016-2019. Engasjementet frå frivillige lag og organisasjonar, einskildpersonar og samslutningar av lag var stort under planprosessen, og har påverka planarbeidet og talet på søknader om spelemidlar vinteren 2016-17.

Parallelt med den kommunale planrevisjonen har også Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomført rullering av sitt handlingsprogram for 2016-2019. For begge desse planane er det vedteke konkrete prioriteringar for nye anlegg i Luster kommune som vil bli finansierte med spelemidlar i denne fireårsperioden. Dette gjeld Lustrabadet som er prioritert med ca kr 15 mill., rehabilitering av Gaupne idrettshall med kr 3,3 mill. og Luster motorsportsenter, fleire delanlegg, kr. 1,6 mill.

### **Kulturskule**

Kulturskulen hadde 110 elevplassar i Luster våren 2016 (115/2015) og 118 (110/2015) elevplassar om hausten. Tal på venteliste var 38 våren og 43 om hausten. Kulturskulen heldt dirigentar til tre korps i 2016. Dale skulemusikk, Jostedal skulemusikk og Gaupne skule- og ungdomskorps som også er same som i 2015.

Skulen hadde om lag 3 årsverk til undervisning i Luster kommune i 2016 (2,7 årsverk i 2015). Undervisninga fann stad på Hafslo barne- og ungdomsskule, Yrkeskulen i Gaupne, Gaupne barneskule, Jostedalen oppvekstsenter og Luster oppvekstsenter. Nettokostnaden i 2016 er

lågare enn budsjettet i 2016 på grunn av litt mindre aktivitet enn planlagt, bruk av driftsfond, vakant distriktsmusikarstilling våren 2016 og noko betre inntekter enn budsjettet.

Sogn kulturskule hadde samla 318 elevplassar våren 2016 og 303 elevplassar hausten 2016.. Skulen hadde vel 100 på venteliste i 2016 og 40% av desse hadde eitt eller fleire tilbod i kulturskulen frå før. Sogn kulturskule løna 10 kor- og korpsdirigentar i kommunane Luster, Sogndal og Leikanger. Kulturskulen hadde om lag 7,6 årsverk undervisning våren 2016 og 8,4 årsverk om hausten.

Kulturskulen har fire halve stillingar som distriktsmusikarar. Lønsumgiftene til desse stillingane deler kulturskulen likt med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Distriktsmusikarane har hatt jamn og god aktivitet og delteke på prosjekt med Opera Nordfjord, Sogn og Fjordane symfoniorkester, Åmot operagard, Den kulturelle skulesekken, og eit stort tal profesjonelle og frivillige kulturaktørar.

Det har i 2016 vore gjennomført sakskomitearbeid i Luster for vurdering av vidare kulturskuletilbod. Kommunestyret vedtok å vidareføre samarbeidet med krav til utviklingsarbeid på område der det er misnøye med tilbodet.

**Andre kulturaktivitetar / prosjektretta kulturtiltak-** Luster kommune yter administrativ støtte i form av opplæring og ulike støttefunksjonar i arbeidet til Ungdommen sitt kommunestyre (UK) og arbeidsutvalet til UK.

Kommunen var også aktiv med i lokale prosjektarbeid som t.d. Adresseprosjektet, Stadnamn- prosjektet og som representant for kommunane i Sogn og Fjordane i Dagsturhytte-prosjektet med mål om å utvikle eit eige konsept med mål om å få finansiering med spelemidlar.



*Kulturprisvinnar 2016: Per Birger Lomheim.*

Lustramarknaden er utvikla til å bli eit «fyrtårn» kultur- og næringsliv i Luster kommune. Det var i 2016 eit samanhengande stort kulturarrangement over 8 dagar. Kulturveka i Luster har potensiale i å utvikle lokale arrangørar og kvaliteten på arrangement samtidig som det set heile Luster kommune på kartet.

Folkeakademiet Luster har også i 2016 medverka til eit teamarbeid i forhold til å skaffe både økonomiske og kulturelle ressursar til kommunen. Samla vart det arrangert 43 arrangement med 5374 publikum (95 arr. og 7712 publikum i 2015).

I den nasjonale satsinga Krafttak for song vart Luster kommune teken opp som ein av fleire pilotkommunar i eit prosjekt over tre år f.o.m 2013. Arbeidet har hatt fem satsingsområde: song for barn og unge, song i eldreomsorga, song og inkludering, song og helse og song i lokalsamfunnet. Gaupne skule vart teken opp som pilot-skule i «syngande skule».



*"Skjerdals" på scena under Lustramarknaden 2016.*

Kommunen har vore sentral i reorganisering av frivilligsentralen i 2016. IOGT har drive sentralen fram til 2016. No er sentralen foreining med fleire lag og organisasjonar samt kommunen som deltakande. Lokalt styre og ny dagleg leiar har starta arbeidet.

Kulturstipend vart innvilga Sandra Solvi - dans, Noril Terese Norheim - musikkinstrument og Eline Brun – studioleige/utstyr.

Kulturprisen vart tildelt Per Birger Lomheim.

## Kostra-samanlikning



## Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 16	Bud 16(r)	Avvik	Rekn 15
231	Aktivitetstilbod til barn og unge	572	600	-5 %	578
365	Kulturminnevern	135	100	35 %	90
370	Bibliotek	2 591	2 441	6 %	2 314
375	Museum	188	200	-6 %	184
377	Kunstformidling	22	50	-56 %	6
380	Idrett	1 774	1 900	-7 %	1 407
381	Idrettsbygg	3 626	3 633	0 %	3 712
383	Kulturskule	1 839	2 597	-29 %	2 203
385	Andre kulturaktivitetar	2 037	2 330	-13 %	1 925
386	Kulturbygg	911	880	4 %	1 037
390	Kyrkjer	6 013	6 013	0 %	6 010
392	Andre religiøse føremål	216	210	3 %	165
	<b>Sum</b>	<b>19 924</b>	<b>20 954</b>	<b>-5 %</b>	<b>19 631</b>

231) Tilskot som budsjettert, godtgjersle fritidsleing lågare enn budsjett.

365) Meirbruken, 35 000, er dekkja av avsett fond.

370) Meirforbruk er knyta til etablering av oppvekstbibliotek og nytt bibliotek på HBU.(skulle vore budsjettert og dekkja av avsetjing.)

380) Aktivitetstilskot, anna tilskot som budsjett, mindreforbruk park/grøntområde.

381) Mindreforbruk Lustrahallen, Lustrabadet som budsjett, meirforbruk Jostedal samfunnhus.

383) Meirinntekter, mindre aktivitet enn budsjett, bruk av avsetjing gir i sum 750.000 i mindreforbruk.

385)Tilskot til kulturvern er ikkje nytta som planlagt/Urnes, tilskot til lokale arr. og ungdommens kommunestyre har mindreforbruk.

386) Manglande budsjettering Grandmo lagshus.

## Tiltak frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Gjennomgå kommunen si drift av kommunale samfunnshus og private forsamlingshus	I samarbeid med komm. eigedom vil det bli fokusert på samarbeid med bygdelaga og huseigarane	Lokal prosess med kommunal plan for lokale kulturhus
Regionalt samarbeid med fokus på rammene for eit kultursamarbeid i Sogn	Kommuneplanen sin samfunnsdel	Regional møteverksemd
Strategi for framtida sitt kulturliv i kommunen	Kommuneplanen sin samfunnsdel	Lokal planprosess
Strategi for integrering av arbeidsinnvandrarar og flyktingar	Kommuneplanen sin samfunnsdel	Lokal planprosess
Kommunedelplan Lokale kulturhus	Revisjon av gjeldande kommunal plan	Lokal planprosess
Kommunal plan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	Gjennomføring av tiltak prioriterte i vedteken plan	Investeringsprogram. Samarb. m. søkarane

# Rekneskapen 2016


# Nøkkeltal

## Brutto og netto driftsutgifter

(prisjustert i 1000 kr, 2016-kroner).

Brutto: Samla driftsutgifter minus avskrivningar.

Netto: Sum fordelt til rammeområda, jfr. skjema 1 B.




Frå Kostra 2016	Luster	Kostra-gruppe 12	Sogn og Fjordane	Landet uten Oslo	Landet
Finansielle nøkkeltall					
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,4	2,9	2,4	3,5	3,4
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,8	3,3	2,8	4	3,8
Frie inntekter i kroner per innbygger	59232	56178	57849	52141	53159
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	227,4	219,8	224,3	208,6	200,4
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	28	16,7	16,8	19,5	16,5
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	65995	76629	80902	57482	47441

# Nøkkeltal

## Langsiktig gjeld

(kroner pr 31.12.16 pr innbygger)

Brutto, inkl. Gullringen, som er nedbetalt/innløyst i 2016.



# REKNESKAPSSKJEMA 1A - DRIFTSREKNESKAPEN

	Rekneskap 2016	Reg. budsjett 2016	Oppr. budsjett 2016	Rekneskap i fjor 2015
Skatt på inntekt og formue	149 088 715,32	145 719 000	145 554 000	137 680 486,34
Ordinært rammetilskudd	156 013 086,00	155 715 000	155 115 000	152 763 254,00
Skatt på eiendom	61 194 516,64	61 195 000	61 660 000	61 034 748,42
Andre direkte eller indirekte skatter	15 274 530,00	15 266 000	15 266 000	15 266 477,00
Andre generelle statstilskudd	13 977 443,00	14 444 000	14 549 000	10 371 153,40
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>395 548 290,96</b>	<b>392 339 000</b>	<b>392 144 000</b>	<b>377 116 119,16</b>
Renteinntekter og utbytte	6 272 135,84	5 630 000	5 630 000	6 745 666,82
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	2 459 024,63	2 500 000	4 500 000	9 126 362,22
Renteutg., provisjoner og andre fin. utg.	9 521 894,60	10 122 000	10 122 000	10 668 496,50
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdrag på lån	23 602 019,00	20 075 000	20 075 000	22 607 274,00
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-24 392 753,13</b>	<b>-22 067 000</b>	<b>-20 067 000</b>	<b>-17 403 741,46</b>
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-
Til ubundne avsetninger	10 423 715,73	10 423 716	1 770 000	9 318 127,64
Til bundne avsetninger	36 364 692,47	38 110 000	38 110 000	28 198 128,21
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	8 653 715,73	8 653 716	-	5 887 127,64
Bruk av ubundne avsetninger	9 790 000,00	9 790 000	2 890 000	11 118 614,00
Bruk av bundne avsetninger	16 372 590,31	27 185 000	27 185 000	22 114 174,22
<b>Netto avsetninger</b>	<b>11 972 102,16</b>	<b>2 905 000</b>	<b>9 805 000</b>	<b>-1 603 660,01</b>
Overført til investeringsregnskapet	-	-	-	628 831,40
Til fordeling drift	359 183 435,67	367 367 000	362 272 000	360 687 206,31
<b>Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)</b>	<b>351 748 861,27</b>	<b>367 367 000</b>	<b>362 272 000</b>	<b>352 033 490,58</b>
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	7 434 574,40	-	-	8 653 715,73

# REKNESKAPSSKJEMA 1B

	Rekneskap 2016	Reg. budsjett 2016	Budsjett 2016	Rekneskap i fjor 2015
POLITISK VERKSEMD	4 448 635,40	4 270 000	3 370 000	3 440 452,53
ADMINISTRASJON, STYRING OG FELLESUTGIFTER	26 618 410,00	29 030 907	37 432 564	27 307 742,55
BARNEHAGAR	39 595 925,29	37 503 572	37 392 337	34 657 870,07
GRUNNSKULEOPPLÆRING	93 941 086,49	94 017 562	90 289 721	93 294 942,77
KOMMUNEHELSE	20 978 357,06	21 223 204	21 456 390	18 925 848,27
PLEIE OG OMSORG	121 553 056,27	123 135 379	117 343 642	115 658 157,80
SOSIALTENESTE	10 786 281,95	12 303 800	12 125 000	8 521 860,63
BARNEVERN	10 159 587,00	9 454 000	9 454 000	9 764 753,00
TEKNISK DRIFT	11 771 978,56	11 396 422	11 352 657	13 105 718,53
TEKNISK FORVALTNING	2 132 721,30	2 435 800	2 381 500	2 306 864,06
BRANN- OG ULUKKESVERN	5 032 063,35	5 080 000	5 080 000	4 659 008,78
VATN, AVLØP OG RENOVASJON/AVFALL	-5 876 280,25	-6 416 275	-6 546 000	-5 733 487,78
NÆRINGSUTVIKLING OG NATURFORVALTNING	-7 567 267,32	4 728 603	2 229 107	9 491 258,01
KULTUR	13 695 546,17	14 731 026	14 438 082	13 457 699,36
KYRKJE	6 228 760,00	6 223 000	6 223 000	6 174 802,00
GULLRINGEN	-1 750 000,00	-1 750 000	-1 750 000	-3 000 000,00
	<b>351 748 861,27</b>	<b>367 367 000</b>	<b>362 272 000</b>	<b>352 033 490,58</b>

# REKNESKAPSSKJEMA 2A - INVESTERINGSREKNESKAPEN

	Rekneskap 2016	Reg. budsjett 2016	Oppr.budsjett 2016	Rekneskap i fjor 2015
Investeringer i anleggsmidler	75 597 926,83	78 103 000	90 045 000	92 836 755,91
Utlån og forskutteringer	5 419 500,00	5 000 000	5 000 000	3 525 000,00
Kjøp av aksjer og andeler	1 405 907,00	1 200 000	1 200 000	1 144 627,00
Avdrag på lån	116 396 063,00	-	-	2 356 592,00
Dekning av tidligere års udekket	-	-	-	-
Avsetninger	1 310 661,00	-	-	-
<b>Årets finansierungsbehov</b>	<b>200 130 057,83</b>	<b>84 303 000</b>	<b>96 245 000</b>	<b>99 862 974,91</b>
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidler	65 721 720,46	62 458 000	75 300 000	49 497 797,00
Inntekter fra salg av anleggsmidler	830 673,00	8 945 000	8 945 000	8 818 097,00
Tilskudd til investeringer	4 084 000,00	-	-	221 000,00
Kompensasjon for merverdiavgift	6 588 889,37	12 000 000	12 000 000	10 636 374,96
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	122 004 775,00	-	-	2 325 619,00
Andre inntekter	-	-	-	-
Sum ekstern finansiering	199 230 057,83	83 403 000	96 245 000	71 498 887,96
Overført fra driftsregnskapet	-	-	-	628 831,40
Bruk av tidligere års udiskonert	-	-	-	-
Bruk av avsetninger	900 000,00	900 000	-	27 735 255,55
<b>Sum finansiering</b>	<b>200 130 057,83</b>	<b>84 303 000</b>	<b>96 245 000</b>	<b>99 862 974,91</b>
<b>Udekket/udiskonert</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

# REKNESKAPSSKJEMA 2B - INVESTERING

		Rekneskap 2016	Reg.budsjett 2016	Oppr.budsjett 2016	Avvik(per.)
12050	TELE OG DATAKOMMUNIKASJON	1 361 409,75	1 361 410	1 000 000	-0
13050	RÅDHUSET	8 705 338,81	8 733 000	9 000 000	-27 661
20175	JOSTEDAL OPPVEKSTSENTER, AVD. BARNEHAGE	-	-	500 000	-
20179	INDRE HAFSLO OPPVEKSTSENTER, AVD. BARNEHAGE	-	-	1 500 000	-
20200	FELLESLØYVING BYGG TIL FORDEL.	-	-	2 000 000	-
20210	FELLESL.INVENTAR/UTS.TIL FORD.	-	-	500 000	-
20250	LUSTER UNGDOMSSKULE	-	-	500 000	-
22170	GAUPNE BARNEHAGE	18 866,66	18 867	-	-0
22171	HAFSLO BARNEHAGE	186 822,60	186 823	-	-0
22172	LUSTER OPPVEKSTSENTER, AVD. BARNEHAGE	50 480,00	50 480	-	-
22175	JOSTEDAL OPPVEKSTSENTER, AVD. BARNEHAGE	275 852,02	182 000	-	93 852
22179	INDRE HAFSLO OPPVEKSTSENTER, AVD. BARNEHAGE	1 338 427,67	1 500 000	-	-161 572
22250	LUSTER UNGDOMSSKULE	121 609,48	150 000	-	-28 391
22251	HAFSLO BARNE- OG UNGDOMSSKULE	28 464 702,19	28 433 000	33 700 000	31 702
22253	LUSTER OPPVEKSTSENTER, AVD. SKULE	301 625,01	301 625	-	0
22255	JOSTEDAL OPPVEKSTSENTER, AVD. SKULE	60 718,42	60 718	-	0
24170	HELSESENTERET	59 416,66	59 417	-	-0
25355	LUSTER SJUKEHEIMSTENESTE FELLES KJØKEN	250 000,00	280 500	-	-30 500
26150	HAFSLO OMSORGSENTER	636 175,35	1 000 000	-	-363 825

Rekneskapsskjema 2 B forts.		Rekneskap 2016	Buds(end) 2016	Budsjett 2016	Avik(per.)
26152	GAUPNE OMSORGSSENTER	45 475,00	45 500	-	-25
26549	UTLEIGEBUSTADER GENERELT	-	300 000	300 000	-300 000
26560	HAFSLO ELDRESENTER	306 212,50	306 213	-	-1
30301	OPPMÅLING	-	-	300 000	-
30302	ADRESSEPROSJEKTET	7 000,00	-	1 500 000	7 000
31500	BUSTADFELT - INFRASTRUKTUR	135 589,50	-	-	135 590
31554	BUSTADFELT LUNDSHAUGEN	15 000,00	300 000	300 000	-285 000
31555	BUSTADFELT HØYHEIMSVIK	223 275,50	350 000	750 000	-126 725
31557	BUSTADFELT BOLSTADMOEN	-	-	1 000 000	-
